I skjemaet kan de skildre tiltak som er utført for å oppfylle vedtak. De kan legge ved dokument som er aktuelle for saka.

For elektronisk post, bruk postmottak@mattilsynet.no eller eDialog.

Vedtak	Fristen for å etterkomma vedtaket er	Omtale av utført tiltak
De må oppdatere plan for beredskapsøving for å sikra regelmessig øving av beredskapsplanen. Planlagt beredskapsøving må omfatta forhold knytt til leveringssikkerheit og alternativ vassforsyning.	31. desember 2024	
De må fastsetja tiltak for å redusere identifisert sårbarheit knytt til vassforsyninga si leveringssikkerheit.	31. desember 2025	

Stad:

Dato:

.....
Underskrift

Avsendar Mattilsynet Avdeling Bergen og omland Felles postmottak, Postboks 383 2381 Brumunddal	Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak (Forvaltningsloven, kapittel VI om klage og omgjøring)	
Mottakar (namn og adresse)	Dato	Klageinstans
KVAM HERAD KVAM HERAD ANLEGGSTENESTA DRIFT/VEDLIKEHALD ETC Grovagjelet 16 5600 NORHEIMSUND	4. desember 2024	Mattilsynet, hovudkontoret

Denne meldinga gir viktige opplysningar dersom de ønsker å klage på vedtak de har fått underretning om.

Klagerett	De har rett til å klage på vedtaket.
Kven kan de klage til	Send klagen til den eininga i Mattilsynet som har fatta vedtaket, anten med post, epost postmottak@mattilsynet.no eller eDialog. Vi ber om at du merker dokumenta med saksnummer 2024/270437. Dersom vi ikkje tar klagen til følgje, sender vi den til klageinstansen for endeleg avgjerd.
Klagefrist	Dette vedtaket blir sendt elektronisk og difor gjeld eForvaltningsforskriften. Klagefristen er tre veker og startar å løpe når de har fått informasjon om at vedtaket har komme i digital postkasse (Altinn). For privatpersonar som har reservert seg mot elektronisk kommunikasjon, startar klagefristen å løpe frå brevet er levert med ordinær post. Dersom de klagar så seint at det kan vere uklart for oss om de har klaga i rett tid, ber vi om at de oppgir den datoen då de fekk dette brevet. De kan søke om å få forlenga klagefristen. De må då grunngi behovet for forlenga frist.
Rett til å krevje grunngiving	Dersom de meiner at vi ikkje har grunngitt vedtaket, kan de krevje å få grunngiving. Dette kravet må de i så fall sende oss før klagefristen går ut. Klagefristen blir då avbroten, og ny frist på tre veker startar å løpe frå det tidspunktet de får grunngivinga.
Innhald i klagen	I klagen må de nemna kven klagen kjem frå, kva vedtak de klagar på, den eller dei endringane de ønsker og eventuelt andre opplysningar som kan vere viktige for vår vurdering av saka. De bør og grunngi klagen.
Utsetting av vedtaket	Vedtaket skal gjennomførast innan den fastsette fristen. Dette gjeld sjølv om de klagar på vedtaket. De kan søke om å få utsett iverksettinga inntil klagefristen er ute eller til klagen er avgjort.
Rett til dokumentinnsyn og rettleiing	De har som hovudregel rett til å sjå dokumenta i saka (jf. forvaltningsloven §§ 18 -21). De må i så fall kontakte oss. Då kan de òg få nærare rettleiing om klageretten, om framgangsmåten ved klage og om reglane for saksbehandlinga elles.
Kostnadar ved klagesaka	De kan søke om å få dekt utgifter til nødvendig advokathjelp etter reglane om fritt rettsråd. Til vanleg gjeld visse inntekt- og formuesgrenser. Statsforvaltaren eller ein advokat kan gi nærare rettleiing om dette. Uavhengig av denne ordninga, kan de etter forvaltningsloven § 36 krevje dekning for vesentlege kostnadar som følgje av klagen dersom Mattilsynet gjer om på vedtaket. Ved ei omgjøring av vedtaket som følgje av klagen, vil vi orientere dykk om denne retten.
Klage til Sivilombodet	Dersom klagen ikkje har ført fram og de meiner at Mattilsynet har utsett dykk for urett, kan de klage til Stortinget sitt ombod for kontroll med forvaltninga (Sivilombodet). Sivilombodet kan ikkje sjølv endre vedtaket, men kan gi si vurdering av korleis vi har behandla saka og om vi har gjort feil eller forsømt oss.



KVAM HERAD
Grovagjelet 16
5600 NORHEIMSUND

Saksbehandlar, innvalstelefon
Lene Stavseng, 55 57 21 22

Svar på orientering om at lovbrota er retta - Tilsyn med kommunal beredskap og helseberedskap - Kvam herad

Vi takkar for tilsende dokument, og orientering om at lovbrota etter tilsyn med kommunal beredskap og helseberedskap jf. rapport datert 08.05.2023, no er retta.

Vi tek dokumenta til orientering.

Tilsynet er tidligere avslutta, jf. vårt brev av 09.10.2023

Med helsing

Mari Severinsen
assisterande fylkesberedskapssjef

Lene Stavseng
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent



KVAM HERAD

Grovagjelet 16

5600 NORHEIMSUND

Saksbehandlar, innvalstelefon

Hilde Alme, 5764 3101

Vi gjennomfører tilsyn med Kvam herad

Vi har som oppgåve å føre tilsyn med heradet som skoleeigar, jf. opplæringslova § 29-2 første ledd. Tilsynet går ut på å kontrollere om heradet følger regelverket i opplæringslova. De er valde ut på bakgrunn av ei risikovurdering, der vi byggjer på informasjon vi har frå ulike kjelder.

Tema for tilsynet

Temaet for tilsynet er personleg assistanse. Under dette temaet kontrollerer vi:

1. om heradet gjer vedtak som oppfyller retten til personleg assistanse, jf. opplæringslova §§ 11-4, 10-1 og 10-2, og forvaltningslova §§ 2, 11 a, 17, 23 og 25.

I tilsynet vil vi undersøke praksis ved Norheimsund skule.

Slik gjennomfører vi tilsynet

- Vi ber heradet melde tilbake til oss kven som er kontaktperson for tilsynet innan 2. januar 2025. Vi avtalar deretter tidspunkt for formøte med kontaktpersonen. Føremålet med formøtet er å snakke om temaet for tilsynet, og å avklare eventuelle spørsmål knytt til tilsynet og innsending av dokumentasjon.
- De sender inn dokumentasjon.
- Vi kontrollerer dokumentasjonen.
- Vi hentar i tillegg informasjon frå våre egne system, offentlege register og informasjon på nettstaden til heradet.



- Viss vi treng meir informasjon, avtaler vi intervju med aktuelle personar i heradet.
- Vi vurderer informasjonen om praksisen til heradet opp mot regelverket.
- Vi utarbeider ein rapport der våre vurderingar og konklusjonar kjem fram.
- Viss vi finn brot på regelverket, kan de uttala dykk før vi eventuelt gjer eit vedtak.
- Vi publiserer den ferdige rapporten på nettsida vår.
- De får eit eige brev når vi avsluttar tilsynet.

I tilsynet behandlar vi personopplysningar. Les meir om behandlinga vår av personopplysningar på www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/tilsyn/.

De må sende inn dokumentasjon

De har plikt til å senda inn dokumentasjon som vi beskriv i lista nedst i brevet, jf. kommunelova § 30-3. Fristen er **10. januar 2025**.

Vi ber om at heradet sender inn dokumentasjon frå dei siste ti sakene om personleg assistanse ved Norheimsund skule. Vi ber om at heradet sender inn følgjande dokument knytt til dei ti elevane:

- Vedtak om personleg assistanse for skuleåret 24/25
- Sakkunnig vurdering for skuleåret 24/25, dersom eleven har sakkunnig vurdering

Dersom skulen har elevar som har vedtak om personleg assistanse, og ikkje har vedtak om individuelt tilrettelagt opplæring, ber vi om å få desse sakene tilsendt.

Vi gjer merksam på at dokument som inneheld sensitive opplysningar må sendast som [sikker melding til Statsforvalteren](#) eller på annan måte som tek omsyn til elevane sitt personvern.

Informasjon til elevar og føresette

Vi har utarbeidd eit skriv til elevar og foreldre med informasjon om tilsynet, sjå vedlegg. Vi ber dykk om å dela det ut til alle elevane og foreldra. Vi vil seinare informere elevar og foreldre om utfallet av tilsynet.

De har rett til å klage

De kan klage på pålegget om å sende inn dokumentasjon, jf. forvaltningslova § 14.

Viss de klagar, må de gjere det innan tre dagar. Fristen gjeld frå beskjed om brevet har komme fram til dykk. De sender klaga til oss. Vi har høve til å gjere om avgjerda vår. Viss vi ikkje er samde med dykk, sender vi klaga til Utdanningsdirektoratet som avgjer saka.

Viss vi vurderer at det er «påtrengende nødvendig» å få dokumentasjonen raskt for å gjennomføre oppgåvene våre, kan vi krevje at de gir oss dokumentasjonen før ei eventuell klage er avgjort, jf. forvaltningslova § 14 femte punktum.

Tilbakemelding

Vi ber om at de innan 2. januar 2024 sender oss namn på kontaktperson for tilsynet.

Kontaktperson hos Statsforvalteren er Hilde Alme. Ta kontakt på e-post hilde.alme@statsforvalteren.no eller på telefon 57 64 31 01 dersom de har spørsmål.



Med helsing

Mats Petter Sydengen
seksjonsleiar

Hilde Alme
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Vedlegg - informasjon til elevar og føresette



Informasjon til elevar og foreldre om tilsyn

Ei av Statsforvaltaren sine oppgåver er å kontrollere om kommunane og skulane følgjer opplæringslova. Slik kontroll kallar vi tilsyn.

No skal vi gjennomføre tilsyn ved Kvam herad og Norheimsund skule.

Elevar har rett til den personlege assistansen dei treng for å kunne delta i opplæringa og få tilfredsstillande utbytte av ho. Dersom ein elev treng personleg assistanse, skal skulen gjere eit enkeltvedtak. Det skal gå fram av enkeltvedtaket kva for eit tilbod eleven skal ha.

I dette tilsynet skal vi sjå på om heradet gjer vedtak som personleg assistanse som oppfyller krava i opplæringslova.

Korleis gjennomfører vi tilsynet?

Vi vil be kommunen om å sende oss enkelte dokument som vi bruker når vi skal vurdere om skulen følgjer reglane. Vi vurderer den skriftlege informasjonen. Deretter skriv vi ein rapport, der vi vurderer om heradet og skulen følgjer lova. Nokre gonger følgjer ikkje skulen alle reglane i lova. Vi vil da fortelje heradet at dei må rette opp feila, slik at skulen følgjer reglane.

Vi tek sikte på å ha klar ein tilsynsrapport i løpet av mars 2025. Tilsynsrapporten vil vere offentleg, og blir lagt ut på vår statlege tilsynskalender.

Om de har spørsmål om tilsynet kan de kontakte Hilde Alme på e-post hilde.alme@statsforvalteren.no.

De kan lese meir om korleis eit tilsyn blir gjennomført på Utdanningsdirektoratet sine heimesider: <https://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/tilsyn/>.

Helsing Statsforvaltaren i Vestland.



KVAM HERAD
Grovagjelet 16
5600 NORHEIMSUND

Saksbehandlar, innvalstelefon
Toril M Mullen, 5764 3127

Inspeksjonsrapport etter statleg tilsyn med myndigheita i kommunen etter forureiningslova – forsøpling – Kvam herad

Vi viser til svar frå Kvam herad 12. juli 2024 på brev frå Statsforvaltaren 27. mai 2024 med spørjeskjema for gjennomføring av brevtilsyn med kommunen si myndigheit etter forureiningslova på forsøplingsområdet. Tilsynet blei gjennomført med heimel i forureiningslova § 48a, jf. kommunelova kapittel 30.

Avvik

Kommunen pliktar etter kommunelova § 25-1 å ha internkontroll som skal sikre at lover og forskrifter blir følgt, og som derfor omfattar alle lovpålagde plikter. Det er i § 25-1 stilt konkrete krav til internkontrollen. Den skal mellom anna omfatte ei skildring av kommunen sine plikter, nødvendige rutinar og eit system for å avdekke og følge opp avvik og risiko for avvik. Kommunen sin internkontroll er sentral for å sikre at kommunen sitt arbeid og prioriteringar blir tilpassa behovet i kommunen, blant anna basert på risikovurderingar.

Gjennomføring av risikovurderingar er sentralt som grunnlag for utforminga av kommunen sin internkontroll, og inneber at kommunen må gjere ei konkret analyse og vurdering av sannsynet for at lover og forskrifter ikkje blir følgde. Alle kommunen sine plikter skal inngå i ei slik vurdering. Kjennskap til pliktene og innhaldet i desse er ein nødvendig føresetnad for gjennomføringa av risikovurderinga.

Kvam herad har ikkje gjennomført risikovurderingar som omfattar moglegheit for brot på pliktene som gjeld forsøpling og avfall. Kommunen oppfyller derfor ikkje kravet til internkontroll i kommunelova § 25-1.

Merknader

Rolla som forureiningsmyndigheit for forsøplingssaker inneber at kommunen har ansvar for å halde oversikt over kva som skjer på saksområdet ved å følge opp forbod og krav gjennom eigeninitierte tilsyn eller førespurnader frå publikum. Kommunen skal også rettleie publikum og verksemder om regelverket på området, jf. forureiningslova § 48.

Kvam herad har svart at den ikkje har informasjon på sine nettsider eller aktivt rettleiar verksemder som driv kiosk, daglegvarehandel, leirplass eller arrangørar av tilstellingar eller stemner om deira



plikter etter forureiningslova § 35. Kommunen har rettleiingsplikt overfor desse aktørane, og må på eigna vis sørge for at dei får informasjon om sine plikter.

Videre oppfølging

Statsforvaltaren forventar at kommunen retter opp avviket og tar merknaden til etterretning. Statsforvaltaren vil ikkje gi pålegg om retting etter kommunelova § 30-4.

Tilsynet blir med dette sett på som avslutta frå Statsforvaltaren si side.

Med helsing

Sissel Storebø
seksjonsleiar

Toril M Mulen
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Kommunane i Vestland
v/ kommunedirektør

Saksbehandlar, innvalstelefon
Anne Eli Wangen, 5764 3165

Informasjon om landsomfattande tilsyn med kommunale helse- og omsorgstenester til heimebuande eldre 2025 - 2026

Statsforvaltaren i Vestland orienterer med dette om at tema for landsomfattande tilsyn med kommunale helse- og omsorgstenester i perioden 2025 – 2026 er varetaking av grunnleggjande behov hjå heimebuande eldre. Tilsynet er ein del av Helsetilsynets tilsynssatsing med helse- og omsorgstenester til eldre som vil verte gjennomført i perioden 2024 – 2027.

Tilsynet er avgrensa til heimebuande eldre over 75 år, som har langvarig behov for helsehjelp i heimen i form av heimesjukepleie.

Føremålet med tilsynet er å bidra til at kommunane gjennom systematisk styring og kvalitetsforbetring gjev heimebuande eldre trygge og gode tenester.

I tilsynet skal vi undersøke korleis praksis i kommunen er på følgjande område:

- Kartlegging av pasientane
- Vurdering og utforming av mål og tiltak
- Iverksetting av tiltak
- Oppfølging av endringar og forverring hjå pasienten
- Pasientar og pårørande sin medverknad i utforming, gjennomføring og evaluering av tenestene

Tilsynet vert gjennomført med grunnlag i helse- og omsorgstenestelova § 12-3 og helsetilsynslova § 4. Kommunalova kapittel 30 om statleg tilsyn gjeld for denne tilsynsverksemda, med unntak av § 30-4 om pålegg av retting.

Tilsynet inneheld fleire aktivitetar:

- Oppstartsmøte for alle kommunane i landet
- Digital spørjeundersøking til alle kommunane i landet
- Lovlegtilsyn i utvalde kommunar. Kommunane vi skal føre tilsyn med får melding om dette i eige brev
- Oppsummering av tilsynsaktivitetane

E-postadresse:
sfvlpost@statsforvalteren.no
Sikker melding:
www.statsforvalteren.no/melding

Postadresse:
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse:
Njøsavegen 2, Leikanger
Solheimsgaten 13, Bergen
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00
www.statsforvalteren.no/vl
Org.nr. 974 760 665



Kontaktperson for tilsynet

Vi ber kommunen om å oppgge ein kontaktperson for tilsynet slik at vi kan sende innkalling til oppstartsmøte og sende spørjeundersøkinga direkte til denne personen. Det er fint om vi kan få desse opplysningane innan 20. februar 2025. Kontaktpersonen kan melde seg på oppstartsmøtet via denne lenka: <https://forms.office.com/e/BgVtDpTyrL>

Oppstartsmøte for alle kommunane i Vestland 27. februar 2025

Vi gjennomfører eit Teams-møte med alle kommunane 27. februar 2025 kl. 09.00 – 09.30. I møtet vil de få nærare informasjon om tilsynet, med særleg vekt på spørjeundersøkinga som kommunane skal svare på. Det er ønskeleg at den øvste leiinga i kommunen og leiarar med ansvar for tenestene deltek, inkludert dei som skal svare på spørjeundersøkinga.

Digital spørjeundersøking

Etter oppstartsmøtet får alle kommunane tilsendt ei spørjeundersøking med tre vekers svarfrist. Spørjeundersøkinga dekkjer sentrale element i arbeidet med varetaking av grunnleggjande behov hjå heimebuande eldre. Spørjeundersøkinga er eigna til å kartlegge tilhøva ved eigen praksis, og til å avdekke risiko for svikt og forbetningsområde. Kommunen kan dermed bruke eigne svar frå spørjeundersøkinga i eige kvalitetsforbetningsarbeid, og førebygge framtidig svikt i tenesta. Dette vil vere av betydning for dei heimebuande eldre og tenestene. Kommunen er sjølv ansvarleg for kvaliteten i eigne tenester. Det er frivillig å svare på spørjeundersøkinga.

Informasjon frå spørjeundersøkinga vil også gje tilsynsmyndigheitene og nasjonale helsemyndigheiter viktig kunnskap om helsetenester til heimebuande eldre. Statsforvaltaren oppfordrar difor alle kommunar til å svare på undersøkinga, uavhengig av status i tenesta, slik at tilsynsmyndigheitene får eit realistisk bilede av tenestene. Informasjonen vil gje oversikt over risiko og kan vere eit grunnlag for val av tilsynsaktivitetar seinare i satsingsperioden fram mot 2027. Svara skal de sende til Statsforvaltaren i Vestland og til Statens helsetilsyn. Svara vert oppsummerte på regionalt og nasjonalt nivå.

Tilsyn i utvalde kommunar

Vi skal gjennomføre planlagde tilsyn i utvalde kommunar frå våren 2025 og utover i 2026. I desse tilsyna skal vi i hovudsak undersøke korleis tenesta følgjer med på, og følgjer opp endringar i pasientens helsetilstand.

Oppsummering på landsbasis

Helsetilsynet vil oppsummere funn frå både spørjeundersøkinga og lovlegtilsyna for landet samla.

Vi ser fram til godt samarbeid. Dersom de har spørsmål om tilsynet kan de kontakte Anne Eli Wangen anne.wangen@statsforvalteren.no tlf. 57 64 31 65.

Med helsing

Linda Svori
ass. fylkeslege / seksjonsleiar

Anne Eli Wangen
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Mottakarliste:



Bergen kommune	Postboks 7700	5020	BERGEN
Askøy kommune	Klampavikvegen 1	5300	KLEPPSTØ
Austevoll kommune	Kommunehuset	5392	STOREBØ
Austrheim kommune	Kommunehuset	5943	AUSTRHEIM
Bømlo kommune	Leirdalen 1	5430	BREMNES
Eidfjord kommune	Simadalsvegen 1	5783	EIDFJORD
Etne kommune	Sjoarvegen 2	5590	ETNE
Fedje kommune	Adm.bygg	5947	FEDJE
Fitjar kommune	Postboks 83	5418	FITJAR
Kvinnherad kommune	Rosendalsvegen 10	5470	ROSENDAL
Alver kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Masfjorden kommune	Austfjordvegen 2724	5981	MASFJORDNES
Modalen kommune	Postboks 44	5729	MODALEN
Bjørnafjorden kommune	Postboks 24	5649	EIKELANDSOSEN
Osterøy kommune	Postboks 1	5293	LONEVÅG
Samnanger kommune	Tyssevegen 217	5650	TYSSE
Stord kommune	Postboks 304	5402	STORD
Sveio kommune	Postboks 40	5559	SVEIO
Tysnes kommune	Rådhuset	5685	UGGDAL
Vaksdal kommune	Konsul Jebsensgata 16	5722	DALEKVAM
Voss herad	Postboks 145	5701	VOSS
Øygarden kommune	Ternholmvegen 2	5337	RONG
Kvam herad	Grovagjelet 16	5600	NORHEIMSUND
Ullensvang kommune	Opheimsgt. 31	5750	ODDA
Ulvik herad	Skeiesvegen 3	5730	ULVIK
Høyanger kommune	Postboks 159	6991	HØYANGER
Luster kommune	Postboks 77	6866	GAUPNE
Lærdal kommune	Øyraplassen 7	6887	LÆRDAL
Stad kommune	Rådhusvegen 11	6770	NORDFJORDEID
Sogndal kommune	Postboks 153	6851	SOGNDAL
Solund kommune	Postboks 73	6921	HARDBAKKE
Stryn kommune	Tonningsgata 4	6783	STRYN
Vik kommune	Postboks 134	6891	VIK I SOGN
Årdal kommune	Statsråd Evensensveg 4	6885	ÅRDALSTANGEN
Askvoll kommune	Postboks 174	6988	ASKVOLL
Aurland kommune	Vangen 1	5745	AURLAND
Kinn kommune	postboks 294	6701	MÅLØY
Bremanger kommune	Postboks 104	6721	SVELGEN
Fjaler kommune	Postboks 54	6961	DALE I SUNNFJORD
Sunnfjord kommune	Postboks 338	6802	FØRDE



Gloppen kommune
Gulen kommune
Hyllestad kommune

Grandavegen 9
Eivindvikvegen 1119
Kommunehuset

6823 SANDANE
5966 EIVINDVIK
6957 HYLLESTAD

Fra: Forum for kontroll og tilsyn[fkt@fkt.no]
Sendt: 12.12.2024 14:09:15
Til: Stian Skår Ludvigsen[Stian.Skar.Ludvigsen@vlfk.no]
Tittel: Nytt fra FKT desember 2024



Forum for
kontroll og tilsyn



Velkommen til Fagkonferansen 3. – 4. juni 2025!

[Quality Airport Hotel Gardermoen](#)

[Les mer](#)

Kontrollutvalgets innstillingsrett

Forum for kontroll og tilsyn har mottatt spørsmål fra en kommunestyrerepresentant i Hammerfest om det er riktig at kommunediretøren kan innstille til kommunestyret i saker fra kontrollutvalget.

[Les mer](#)



Nye tolkninger fra departementet om valgbarhetsreglene for kontrollutvalg

Tolkningene dreier seg om valgbarhetsreglene i kommuneloven § 23-1 tredje ledd.

- Oppdragstakere og oppdragstakeravtaler
- Fjellstyrer og nasjonalpark- og verneområdestyrer
- Samvirkeforetak
- Representantskap til kommunalt oppgavefelleskap og interkommunale politiske råd

[Les mer](#)



Åpenhetsmåling i kommuner 2024

TI Norge har i samarbeid med TI Latvia og TI Litauen kartlagt åpenhet i kommuner. Målet er å fremme åpenhet, brukervennlighet og bedre kommunal praksis.

[Les mer](#)



Kommunediretørens rett til uttale seg

Uttalelse fra departementet:

Det er riktig riktig at forvaltningsrevisjonsrapporter i en del tilfeller skal sendes til kommunedirektøren for uttalelse to ganger. Den første gangen gjelder uttalelsesretten utkastet til en rapport som fremdeles er under utarbeidelse, og den andre gangen gjelder uttalelsesretten kontrollutvalgets behandling av saken som skal oversendes til kommunestyret.

[Les mer](#)

Anbefaling for god skikk og praksis i kontrollutvalgssekretariatene

Orienteringer fra
kommunedirektøren

Veileder - Orienteringer fra kommunedirektøren

Formålet med anbefalingene er å gi relevant veiledning til kontrollutvalgssekretariatene om hvordan kontrollutvalget kan bestille og behandle orienteringer fra kommunedirektøren som ledd i kontrollarbeidet. Anbefalingene skal bidra til god praksis i kontrollutvalgssekretariatene utover lovkrav og lokale regler/bestemmelser.

[Les mer](#)



ØKOKRIM

Økokrims trusselvurdering 2024

Økokrims trusselvurdering for 2024 fokuserer på økonomisk kriminalitet og kriminelle nettverk som påvirker både enkeltpersoner og samfunnsstrukturer. Kommunesektoren er spesielt utsatt for trusler som hvitvasking, korrupsjon og bedrageri.

[Les mer](#)



Fakta om arbeidsmiljø og helse

Statens arbeidsmiljøinstitutt (STAMI) har lansert «Faktabok om arbeidsmiljø og helse 2024». Denne publikasjonen gir hvert tredje år en oppdatert status på disse områdene.

[Les mer](#)

FKT ønsker alle en riktig god jul!



Copyright © 2024 Forum for kontroll og tilsyn, All rights reserved.
Du mottar e-post fra Forum for kontroll og tilsyn fordi du har meldt deg på vårt nyhetsbrev.

Vår adresse:

Forum for kontroll og tilsyn
Kristian Augusts Gate 14
Oslo, Oslo 0164
Norway

[Add us to your address book](#)

Vil du endre hvordan du mottar nyhetsbrev fra oss?
Du kan [oppdatere dine innstillinger](#) eller [melde deg av vårt nyhetsbrev](#)





Saksframlegg

Saksnr: 2024/47-30

Saksbehandlar: Stian Skår Ludvigsen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kvam herad, Kontrollutvalet	1/25	18.02.2025

Oppmoding om undersøking - budsjettvedtak VTA-plassar

Forslag til innstilling

1. Kontrollutvalet tek til orientering saksframlegget og vedlegga i saka.
2. Kontrollutvalet går ikkje inn i ein skilde forhold ved saksførebuinga til rådmannens budsjettforslag til heradsstyret, men viser til plan for forvaltningsrevisjon, og noterer seg saka som mogleg case i eventuell framtidig forvaltningsrevisjon av sakshandsaming og vedtaksoppfølging.
3. Kontrollutvalet registrerer at usemje mellom Hardanger AKS og Kvam herad om budsjettvedtak vert formidla via advokat, viser til plan for eigarskapskontroll, og noterer seg dette som mogleg case i eventuell framtidig eigarskapskontroll.
4. Kontrollutvalet ber ordførar og rådmann om å halde utvalet orientert via sekretariatet om eventuell vidare korrespondanse, møte og avklaringar i saka mellom Kvam herad og Hardanger AKS AS.

Samandrag

Hardanger AKS har via advokat oppmoda kontrollutvalet om å gjere undersøking av om budsjettvedtak om reduksjon i VTA-plassar er gjort på forsvarleg utgreidd grunnlag. I same brev har Hardanger AKS oppmoda om at heradet utsett iverksetting av reduksjonen av VTA-plassar inntil kontrollutvalet har gjennomført sine undersøkingar og heradsstyret eventuelt har fatta eit nytt vedtak.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Stian Skår Ludvigsen
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Ad undersøkelse av sak 130/24 og utsatt iverksettelse
- 2 2025-01-13 Brev.pdf
- 3 Stadfesting av mottak av anmodning om undersøking
- 4 Ad undersøkelse av sak 130/24 og utsatt iverksettelse
- 5 Oppseiing av 1,6 kommunal VTA-plass og faktagrunnlag.pdf

- 6 Ad undersøkelse av sak 130/24 - oppfølging
- 7 2025-02-10 Brev.pdf
- 8 Ad undersøkelse av sak 130 24 - oppfølging.PDF

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet, ved leiar, og med sekretariatet, ordførar og rådmann på kopi, fekk 13.01.2025 e-post med vedlagd brev frå advokat Dan Stian Femoen, som representerer Hardanger AKS.

E-post og brev er høvesvis vedlegg 1 og 2 til saka.

Brevet er ei oppmoding til kontrollutvalet om å gjennomføre undersøking av saksbehandlinga knytt til budsjettvedtak i heradsstyret om reduksjon i talet varig tilrettelagde arbeidsplassar (VTA) som heradet finansierer, samt ei oppmoding om at heradet utsett iverksetting «inntil kontrollutvalget har foretatt sine undersøkelser og heradsstyret eventuelt har fattet et nytt vedtak i saken».

Brevet inneheld ei rekkje argument om feil i sakshandsaminga, herunder ein alvorleg påstand om at «helse- og omsorgssjefen feilinformerte heradsstyret» i budsjettsaka, og at «Feilinformasjonen kan ha påvirket innholdet i vedtaket». Brevet inneheld også argument om at «Kontrollutvalget har som hovedoppgave å føre tilsyn med kommunens forvaltning. Det anmodes dermed om å foreta en nærmere undersøkelse av vedtak i sak 130/24».

Advokaten oppmodar avslutningsvis «om at saken prioriteres, og at det gis en snarlig bekreftelse på utsatt iverksettelse».

Stadfesting på mottak frå sekretariatet ligg som vedlegg 3. Stadfesting på mottak frå ordførar ligg som vedlegg 4.

Sekretariatet skriv i vår stadfesting at oppmodinga «om undersøking av sakshandsaminga vert lagt fram for kontrollutvalet til vurdering» i møte 18.02.2025.

Ordførar skriv i si stadfesting at han vil «be rådmannen om å gjera avklaringar med leiinga i Hardanger AKS for, om mogleg, bli samde om faktum», og at han vil halde kontrollutvalet og heradsstyret orientert.

Brev frå rådmann til Hardanger AKS med kopi til ordførar og kontrollutvalet ligg som vedlegg 5.

Brevet er ei oppseiing av dei 1,6 kommunale VTA-plassane frå og med 01.08.2025, og inneheld òg orientering om rådmannen si forståing av kjøp av VTA-plassar og venteliste.

Kontrollutvalet fekk ny e-post (vedlegg 6) med brev (vedlegg 7) frå Femoen 10.02.2025, med kommentarar til rådmannen si oppseiing av VTA-plassane og rådmannen si forståing av VTA-plassar og venteliste. Brevet hadde vedlegg med detaljar om venteliste per 05.02.25. Dette vedlegget inneheld opplysningar om personlege forhold, og møtet i kontrollutvalet må bli lukka om dette vedlegget skal leggjast fram for kontrollutvalet. Brevet inneheld òg ei førespurnad om å få oversendt møtebok etter møte mellom sekretariatet, kontrollutvalsleiar og ordførar. Slik møtebok finns ikkje, men møtet er referert i brev frå sekretariatet til Femoen 10.02.2025 (vedlegg 8).

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i sak der utvalet vil innhenta informasjon, jf. kommunelova § 23-2. Om det er aktuelt å gjennomføre forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll, er det kontrollutvalet som har ansvar for å gjennomføre slike revisjonar. Det er likevel heradsstyret som har avgjerdsmynde i saka, etter innstilling frå kontrollutvalet, når revisjonsrapport ligg føre, jf. kommunelova §§ 23-3 og 23-4.

Vurderingar og verknader

Kontrollutvalet vedtok retningslinjer for handtering av henvendingar til kontrollutvalet i Kvam herad i sak PS 28/22, i møte 05.09.2022. Det noverande kontrollutvalet fekk retningslinjene som referatsak i sak RS 7/24 i møte 17.04.2024.

I tråd med retningslinjene har sekretariatet journalført og arkivert henvendinga, og gitt tilbagemelding om at henvendinga er motteke og blir lagt fram for vurdering.

Vidare har sekretariatet drøfta henvendinga med kontrollutvalet sin leiar (i tråd med retningslinjene) og i møte med ordførar saman med kontrollutvalet sin leiar (jf. retningslinjer «om nødvendig kan sekretariatet gjere enkle avklaringar, for eksempel om henvendinga er til behandling hjå annan instans».

Kontrollutvalet sin leiar har avgjort at henvendinga skal settast opp som sak på sakslista.

I tråd med retningslinjene, skal sekretariatet da gi ei vurdering av innhaldet i henvendinga og kome med forslag til kontrollutvalet om korleis den kan handterast.

Til å vurdere innhaldet i henvendinga, brukar sekretariatet Forum for kontroll og tilsyn sin rettleiar i handtering av henvendingar til kontrollutvalet,¹ især «trafikklysmodellen», side 14.

Sentrale spørsmål – «Trafikklysmodellen»	Ja	Delvis	Nei	Ukjent
Kryss på røde felt kan peke i retning av å ikke følge opp henvendelsen, mens kryss på grønne felt kan tale for å følge opp henvendelsen.				
1) Vedrører henvendelsen misnøye med et politisk fattet vedtak?		X		
2) Dreier henvendelsen seg om en klage på et enkeltvedtak som kommunen har fattet?			X	
3) Viser henvendelsen til lovbrudd, manglende etterlevelse av kommunale rutiner eller manglende oppfølging av kommunale vedtak?	X			
4) Viser henvendelsen til en risiko knyttet til system, rutiner, praksis i kommunen meir generelt innenfor et område?				X
5) Dreier henvendelsen seg i hovudsak om en isolert hendelse?	X			
6) Er henvendelsen under annen behandling i et annet organ (rettsapparat, sivilombud, statsforvalter, KOFA, klageorgan i kommunen, varslingskanal)?			X	
7) Er det annen naturlig behandlingsvei for henvendelsen (ref. organene nevnt over)?			X	
8) Kan henvendelsen, og henvendelsens oppmerksomhet, bidra til at det stilles spørsmål om tilliten til kommunens saksbehandling av en type saker?	X			
9) Berører henvendelsen et tema som kontrollutvalget allerede har vurdert som aktuelt for oppfølging i sin risiko- og vesentlighetsanalyse?	X			
10) Foreligger området som et tema i plan for forvaltningsrevisjon eller plan for eierskapskontroll?	X			
11) Kan en gjennomgang bidra til læring og forbedring?	X			
12) Bør henvendelsen prioriteres foran andre planlagte oppgaver?				X

- 1) Gjeld henvendinga misnøye med eit politisk fatta vedtak?
 - **Delvis**: Henvendinga har bakgrunn i misnøye med eit politisk fatta vedtak, men rettar seg mot saksbehandlingsfeil og feilinformasjon.
- 2) Gjeld henvendinga klage på enkeltvedtak?
 - **Nei**
- 3) Gjeld henvendinga lovbrøt, manglende etterleving av kommunale rutinar eller manglende oppfølging av kommunale vedtak?
 - **Ja**
- 4) Viser henvendinga til risiko knytt til system, rutinar, praksis i kommunen meir generelt innanfor eit område?
 - **Usikkert**. Om det viser seg at det er gjeve feil informasjon til heradsstyret, kan det vere grunn for å sjå på informasjonen som er gjeve i andre saker.
- 5) Dreiar henvendinga seg i hovudsak om ei isolert hending?
 - **Ja**, men som over, om det er gjeve feil informasjon til heradsstyret, kan det vere grunn for å sjå på informasjonen som er gjeve i andre saker.
- 6) Er henvendinga under annan handsaming i anna organ?

¹ <https://www.fkt.no/veiledere-utarbeidet-av-fkt/horing-veileder-handtering-av-henvendelser-til-kontrollutvalget/>

- **Nei.** Heradsstyret har òg fått henvendinga, men om heradsstyret meiner det er grunn til å undersøke sakshandsaminga, vil det vere naturleg at heradsstyret ber kontrollutvalet om å sjå på saka.
- 7) Er det anna naturleg behandlingsveg for henvendinga?
 - **Nei.** Som punkt 6.
- 8) Kan henvendinga, og merksemd rundt henvendinga, bidra til at det stillast spørsmål om tilliten til kommunen si sakshandsaming av ei type saker?
 - **Ja.** Som punkt 4 og 5.
- 9) Gjeld henvendinga eit tema som kontrollutvalet allereie har vurdert som aktuelt for oppfølging i sin risiko- og vesentleganalyse?
 - **Ja.** Risikovurderinga som låg til grunn for plan for forvaltningsrevisjon, og som låg ved innstillinga frå kontrollutvalet til heradsstyret, har til temaet «Saksførebuing og vedtaksoppfølging» mellom anna vurdert at det er høg risiko for manglande kvalitet i saksførebuinga, og til samhandling mellom politisk og administrativt nivå. I revisor sin omtale skriv Deloitte «Fleire peiker også på manglande rapportering og viser mellom anna til mangelfulle og utydelege innstillingar i enkeltsaker, at sentral informasjon ikkje blir lagt ved skriftleg, men orientert om munnleg, og at folkevalde generelt har eit for dårleg avgjerdsgrunnlag i viktige politiske saker» (s. 13). Vidare er det under temaet «Hardanger AKS» mellom anna omtalt følgjande: «Det blei gjennomført ein forvaltningsrevisjon av selskapet i 2016. Av revisjonen blei det avdekka fleire avvik, mellom anna at Kvam herad ikkje hadde hatt ei tydeleg og formell eigaroppfølging av selskapet. [...] I undersøkinga blir det understrekt at Kvam har tatt tak i utfordringane knytt til Hardanger AKS, og at heradet har jamlege eigarmøte med selskapet» (s. 31-32).
- 10) Er området eit tema i plan for forvaltningsrevisjon eller plan for eigarskapskontroll?
 - **Ja.** Plan for forvaltningsrevisjon har «saksførebuing og vedtaksoppfølging» som prioritert prosjekt nr. 6, og forvaltningsrevisjon av Hardanger AKS på lista over uprioriterte prosjekt. Plan for eigarskapskontroll har eigarskapskontroll av Hardanger AKS som prioritert prosjekt nr. 2.
- 11) Kan ein gjennomgang bidra til læring og forbetring?
 - **Ja,** jfr. risiko- og vesentleganalysen.
- 12) Bør henvendinga bli prioritert heller enn andre planlagde oppgåver?
 - **Usikkert.** Sekretariatet vil til dette møtet leggje fram anna sak for kontrollutvalet om laupande risikovurdering. Om kontrollutvalet og/eller heradsstyret deler Hardanger AKS sin påstand om at heradsstyret er feilinformert, kan det vere grunn for å endre på prioriteringane i planane for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.

Oppsummert, ser sekretariatet henvendinga i samheng med temaet «saksførebuing og vedtaksoppfølging», og ser ho som mogleg case i eit revisjonsprosjekt med dette temaet.

I tillegg merker sekretariatet seg at usemje mellom Hardanger AKS og største eigar og oppdragsgevar vert formidla via advokat. Dette kan gi grunnlag for å løfte eigarskapskontroll av heradet si eigarskapsforvaltning av Hardanger AKS AS framføre andre revisjonsprosjekt. Vidare informasjon kontrollutvalet får i saka vil kunne vere av relevans, jfr. brev frå ordførar der han skriv at han vil halde kontrollutvalet og heradsstyret informert om avklaringar mellom rådmannen og leiinga i Hardanger AKS.

Konklusjon

Kontrollutvalet bør ta saksframlegget og vedlegga i saka til orientering. Vidare bør kontrollutvalet gi uttrykk for at det ikkje går inn i einskilde forhold ved saksførebuinga til rådmannen sitt budsjettforslag til heradsstyret, men vise til plan for forvaltningsrevisjon, og notere seg saka som mogleg case i ein eventuell framtidig forvaltningsrevisjon av sakshandsaming og vedtaksoppfølging. Deretter bør kontrollutvalet uttrykke at det registrerer at usemje mellom Hardanger AKS og Kvam herad om budsjettvedtak vert formidla via advokat, vise til plan for eigarskapskontroll, og notere seg dette som mogleg case i eventuell framtidig eigarskapskontroll. Til sist bør kontrollutvalet be ordførar og rådmann om å halde utvalet orientert via sekretariatet om vidare korrespondanse, møte og avklaringar i saka mellom Kvam herad og Hardanger AKS AS.

Fra: Dan Stian Femoen[df@law.no]
Sendt: 13.01.2025 09:04:22
Til: trygvi@kvam.kommune.no[trygvi@kvam.kommune.no]
Kopi: Øyvind Aksnes[oyvind@hardangeraks.no]; Stian Skår
Ludvigsen[Stian.Skar.Ludvigsen@vlfk.no]; Næss, Torgeir[tornes@kvam.kommune.no]; Hesthamar,
Anita[anhe@kvam.kommune.no];
Tittel: Ad undersøkelse av sak 130/24 og utsatt iverksettelse

You don't often get email from df@law.no. [Learn why this is important](#)

Kontrollutvalget i Kvam Herad
v./utvalgsleder Trygve Vik

Kopi: Sekretariatet for kontrollutvalget
Kopi: Ordfører
Kopi: Rådmann

Undertegnede representerer Hardanger AKS.

Under budsjettbehandlingen i Kvam heradstyre den 12. desember 2024, ble det i sak 130/24 vedtatt reduksjon av VTA (varig tilrettelagt arbeid)-plasser tilsvarende 1,6 årsverk. Oppsummert anføres det at saksbehandlingen ikke har vært forsvarlig, da den er basert på uriktige/misvisende opplysninger. Videre anføres det at kommunenes reduksjon av VTA-plasser er i strid med gjeldende avtale mellom Hardanger AKS og Kvam Herad. Se vedlagt brev for nærmere redegjørelse.

Vi anmoder kontrollutvalget om å foreta nærmere undersøkelser av vedtaket. Det anmodes om utsatt iverksetting av reduksjonen av VTA-plasser inntil kontrollutvalget har foretatt sine undersøkelser og heradsstyret eventuelt har fattet et nytt vedtak i saken.

Med vennlig hilsen / Best regards

law.no

Dan Femoen

Partner | Advokat MNA

df@law.no

+47 922 16 580

Law.no Advokatfirma AS

Kanalveien 11, 5068 Bergen, Norway

www.law.no (+47 402 87 887)

NO-976 803 256 MVA

Saksansvarlig advokat/lawyer in charge: Dan Femoen

Våre tjenester er omfattet av våre alminnelige avtalevilkår hvis ikke annet er skriftlig avtalt (www.law.no/vilkar). Denne e-posten og eventuelle vedlegg er konfidensielle. Hvis du ikke er den tiltenkte mottakeren, vennligst gi beskjed til avsenderen umiddelbart ved å svare på denne e-posten, slett e-posten og eventuelle vedlegg fra systemet ditt, og ikke del eller bruk innholdet på noen måte. Takk.

Our services are based upon our Terms of Agreement unless otherwise is agreed in writing. This email and any attachments are confidential. If you are not the intended recipient, please notify the sender immediately by replying to this email, delete this email and any attachments from your system, and do not disclose or use the contents in any way. Thank you.

Kontrollutvalget i Kvam Herad
Ved utvalgsleder Trygve Vik

Sendt på e-post til:

trygvi@kvam.kommune.no

Stian.Skar.Ludvigsen@vlfk.no

tornes@kvam.kommune.no

anhe@kvam.kommune.no

Vår referanse: 2418

Ansvarlig advokat: Dan Femoen

Dato: 13.01.2025

ANMODNING OM UNDERSØKELSE AV VEDTAK OG UTSATT IVERKSETTELSE

Innledning/Oppsummering

Undertegnede representerer Hardanger AKS. Under budsjettbehandlingen i Kvam heradstyre den 12. desember 2024, ble det i sak 130/24 vedtatt reduksjon av VTA (varig tilrettelagt arbeid)-plasser tilsvarende 1,6 årsverk.

Oppsummert anføres det at saksbehandlingen ikke har vært forsvarlig, da den er basert på uriktige/misvisende opplysninger. Videre anføres det at kommunenes reduksjon av VTA-plasser er i strid med gjeldende avtale mellom Hardanger AKS og Kvam Herad.

Vi anmoder kontrollutvalget om å foreta nærmere undersøkelser av vedtaket. Det anmodes om utsatt iverksetting av reduksjonen av VTA-plasser inntil kontrollutvalget har foretatt sine undersøkelser og heradsstyret eventuelt har fattet et nytt vedtak i saken.

Bakgrunn

Hardanger AKS er en vekst- og attføringsbedrift som tilbyr arbeidsplasser for personer med utviklingshemming eller andre som trenger hjelp til å finne sin vei i arbeidslivet. Bedriften tilbyr også arbeidstrening for folk som har falt ut av arbeidslivet på grunn av rus, psykiatri eller andre helsemessige årsaker.

Et kutt i VTA-plasser kan ha store konsekvenser for enkeltindivider, da VTA ofte er deres eneste mulighet til arbeid. Uten dette tilbudet kan de bli tapt for arbeidslivet.

Det er inngått avtaler mellom Kvam kommune og Hardanger AKS om medfinansiering av statlige VTA-plasser samt kjøp av egenfinansierte VTA-plasser. I 1991 ble det inngått avtale om kjøp av egenfinansierte VTA-plasser. Avtalen ble sist endret 26.1.2005 med varighet for 10 år. Avtalen har etter dette blitt videreført ved at Hardanger AKS har fakturert og levert VTA-plassene til Kvam Herad.

Det er viktig å understreke at statlige VTA-plasser ikke er ment som et kommunalt innsparingstiltak, men som et statlig initiativ for å hjelpe flere inn i arbeidslivet. Dersom



kommunen reduserer sitt bidrag, vil dette motvirke statens intensjon og samtidig redusere tilbudet til personer som har krav på et aktivitetstilbud.

I møtet den 12.12.24 hevdet helse- og omsorgssjefen, at det «ikke foreligger venteliste for VTA-plasser» og at «ingen vil stå uten en plass». Det anføres at dette ikke medfører riktighet. Ifølge NAV Kvam er det i dag en venteliste på 5- 6 søkere til VTA-plasser. I tillegg har Hardanger AKS venteliste på 2 søkere og Norheimsund videregående skole har 1 søker. Totalt er det p.t. ca. 7,5 søkere på ventelister. Det anføres videre at en annen konsekvens av budsjettvedtaket er at 2 personer som i dag går på arbeidsavklaringspenger (AAP) vil miste tilbudet om å få VTA-plass.

Hardanger AKS, som er direkte berørt av vedtaket, ble ikke på forhånd gjort kjent med rådmannens forslag, og fikk således ikke anledning til å uttale seg. Det fremstår også som at det ikke er innhentet nødvendig dokumentasjon fra andre relevante aktører som NAV og Kvam vidaregående skule.

Sakens rettslige side

Det anføres at partene, ved konkludent adferd, anses å ha forlenget avtalen av 26.01.2005 på ubestemt varighet, og på samme vilkår. En ensidig endring av avtalen gjennom et budsjettvedtak den 12.12.24 fra kommunens side, er dermed ikke tillatt. Dette vil være en saksbehandlingsfeil.

Videre er det et grunnprinsipp innenfor forvaltningsretten at saksbehandlingen skal være forsvarlig. I dette ligger det et krav om at avgjørelser skal treffes på et forsvarlig grunnlag.

Bestemmelsen i kommuneloven § 13-1 tredje ledd fastslår at kommunedirektøren «skal påse» at saker som legges fram for folkevalgte organer, er forsvarlig utredet.

Vurderingen av kravet til forsvarlig utredning må gjøres ut fra en helhetsvurdering basert på presiseringene i andre punktum hvor det sies at utredningen skal gi et faktisk og rettslig grunnlag for å treffe vedtak. Kommunedirektøren har altså ansvar for at fakta, eller faktaopplysningene i saken, er utredet på en tilstrekkelig måte.

Rådmannens forslag om innsparing innebærer en reduksjon av antallet kommunale plasser med 1,6. Dette synes å være basert på en feilaktig oppfatning av at de nye statlige plassene kan erstatte kommunens forpliktelser. En reduksjon i antallet kommunale plasser vil utgjøre et brudd på avtalen mellom Kvam Herad og Hardanger AKS.

Det anføres at det ikke er innhentet nødvendig og tilstrekkelig dokumentasjon i saken som skal kunne begrunne vedtaket. Saken er dermed ikke tilstrekkelig utredet, og det foreligger en saksbehandlingsfeil.

Det anføres at helse- og omsorgssjefen feilinformerte heradstyret i sak 130/24 i forbindelse med redegjørelsen av VTA-plasser. Politikere i heradsstyret har vært tydelige på at budsjettvedtaket ikke skulle få negative konsekvenser for brukerne av VTA-plasser. Feilinformasjonen kan ha påvirket innholdet i vedtaket.

Hvis kommunedirektøren blir oppmerksom på faktiske eller rettslige forhold som har sentral betydning for gjennomføringen av vedtaket, skal kommunedirektøren gjøre det folkevalgte



organet oppmerksom på dette, jf. § 13-1 fjerde ledd. Heradsstyret må dermed få anledning til å vurdere de aktuelle forholdene og eventuelt endre vedtaket på bakgrunn dette.

Kontrollutvalget har som hovedoppgave å føre tilsyn med kommunens forvaltning. Det anmodes dermed om å foreta en nærmere undersøkelse av vedtak i sak 130/24.

Videre anmodes det om utsatt iverksetting av den delen av vedtaket som angår reduksjon av VTA-plasser i sak 130/24, inntil kontrollutvalget har gjennomført sine undersøkelser og eventuelt heradsstyret har fattet et nytt vedtak.

Avslutning

Kommunen har et ansvar for å sikre at de som har behov for en VTA-plass får et forsvarlig tilbud.

Vedtaket har stor innvirkning for sårbare grupper. Det anmodes derfor om at saken prioriteres, og at det gis en snarlig bekreftelse på utsatt iverksettelse.

Ta kontakt dersom det skulle være spørsmål.

Med vennlig hilsen



Dan Femoen

Partner | Advokat MNA

T: +47 922 16 580

E: df@law.no

Kopi: Sekretariatet for kontrollutvalget

Kopi: Rådmann

Kopi: Ordfører





Vår referanse 2024/47-29

Dato 15.01.2025

Dan Stian Femoen
Law.no Advokatfirma AS
Kanalveien 11
5068 Bergen

Stadfesting av mottak av anmodning om undersøking

Sekretariat for kontrollutvalet har på vegne av kontrollutvalet i Kvam herad motteke di anmodning om undersøking av sakshandsaminga i samband med budsjetthandsaming i Kvam heradsstyre, sak 130/24. Alle henvendingar til kontrollutvalet vert journalførte som innkomen post med namn på avsendar(-ar).

Anmodinga di om undersøking av sakshandsaminga vert lagt fram for kontrollutvalet til vurdering. Første møte i kontrollutvalet er 18.02.2025.

Utan at vi vidare har vurdert henvendinga di, vil vi på generelt grunnlag seie at det i hovudsak er utanfor kontrollutvalet sitt mandat og reglement å behandle henvendingar som m.a. gjeld klagesaker, saker som er til behandling i rettsapparatet, usemje i politiske vedtak eller varsel etter Arbeidsmiljøloven kap. 2a.

Vi gjer deg merksam på at kontrollutvalet kun har plikt til å behandle dei saker som kommunestyret ber dei om, eller der det går fram av kommunelova kapittel 23 og 24 <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2018-06-22-83> og forskrift om kontrollutval og revisjon i kommunar <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2019-06-17-904>. Når det gjeld henvendingar frå andre enn kommunestyret, må kontrollutvalet sjølve vurdere om dei vil prioritere å sjå nærare på det henvendinga tek opp.

Vi gjer også merksam på at kontrollutvalet ikkje er eit forvaltningsorgan som fattar enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2. Personar som henvendar seg til kontrollutvalet er ikkje å rekne som part i ei eventuell påfølgjande kontrollsak. Det vil derfor ikkje vere klagerett på vedtak gjort av kontrollutvalet, eller andre partsrettar etter forvaltningslova § 28 knytt til vedtak gjort av utvalet.

Du vil etter behandlinga i kontrollutvalet verta orientert om vedtaket, men som det går fram over vil du ikkje ha klagerett på vedtaket.

Med helsing

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Stian Skår Ludvigsen
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

Kvam herad - Ordførar

Kvam herad - Rådmann

Kvam herad - Leiar av kontrollutvalet

Fra: Næss, Torgeir[tornes@kvam.kommune.no]
Sendt: 17.01.2025 14:24:28
Til: Dan Stian Femoen; Vik, Trygve[df@law.no; trygvi@kvam.kommune.no]
Kopi: Øyvind Aksnes[oyvind@hardangeraks.no]; Stian Skår
Ludvigsen[Stian.Skar.Ludvigsen@vlfk.no]; Hesthamar, Anita[anhe@kvam.kommune.no];
janoyri@gmail.com[janoyri@gmail.com]; Kvam herad[postmottak@kvam.kommune.no];
Tittel: SV: Ad undersøkelse av sak 130/24 og utsatt iverksettelse

Stadfester mottak.

Underteikna registrerer at Hardanger AKS meiner vedtaket i heradsstyret er basert på urette/misvisande opplysningar.
Heradsstyret baserer seg på saksutgreiingar og fakta frå administrasjonen, og har ein presumpsjon om at faktum stemmer og at me fattar vedtaka våre på rett grunnlag.

Når Hardanger AKS meiner at så ikkje er tilfellet, vil eg no be rådmannen om å gjera avklaringar med leiinga i Hardanger AKS for, om mogleg, bli samde om faktum.

Eg vil halda kontrollutvalet og heradsstyret orientert.

Torgeir Næss

Ordfører Kvam herad

Tlf 40245840

Fra: Dan Stian Femoen <df@law.no>
Sendt: mandag 13. januar 2025 09:02
Til: trygvi@kvam.kommune.no
Kopi: Øyvind Aksnes <oyvind@hardangeraks.no>; Stian.Skar.Ludvigsen@vlfk.no; Næss, Torgeir <tornes@kvam.kommune.no>; Hesthamar, Anita <anhe@kvam.kommune.no>
Emne: Ad undersøkelse av sak 130/24 og utsatt iverksettelse

Some people who received this message don't often get email from df@law.no. [Learn why this is important](#)

Kontrollutvalget i Kvam Herad v./utvalgsleder Trygve Vik

Kopi: Sekretariatet for kontrollutvalget

Kopi: Ordfører

Kopi: Rådmann

Undertegnede representerer Hardanger AKS.

Under budsjettbehandlingen i Kvam heradstyre den 12. desember 2024, ble det i sak 130/24 vedtatt reduksjon av VTA (varig tilrettelagt arbeid)-plasser tilsvarende 1,6 årsverk.
Oppsummert anføres det at saksbehandlingen ikke har vært forsvarlig, da den er basert på uriktige/misvisende opplysninger. Videre anføres det at kommunenes reduksjon av VTA-plasser er i strid med gjeldende avtale mellom Hardanger AKS og Kvam Herad.

Se vedlagt brev for nærmere redegjørelse.

Vi anmoder kontrollutvalget om å foreta nærmere undersøkelser av vedtaket. Det anmodes om utsatt iverksetting av reduksjonen av VTA-plasser inntil kontrollutvalget har foretatt sine undersøkelser og heradsstyret eventuelt har fattet et nytt vedtak i saken.

Med vennlig hilsen / Best regards

law.no

Dan Femoen

Partner | Advokat MNA

df@law.no

[+47 922 16 580](tel:+4792216580)

Law.no Advokatfirma AS

Kanalveien 11, 5068 Bergen, Norway

www.law.no (+47 402 87 887)

NO-976 803 256 MVA

Saksansvarlig advokat/lawyer in charge: Dan Femoen

Våre tjenester er omfattet av våre alminnelige avtalevilkår hvis ikke annet er skriftlig avtalt (www.law.no/vilkar). Denne e-posten og eventuelle vedlegg er konfidensielle. Hvis du ikke er den tiltenkte mottakeren, vennligst gi beskjed til avsenderen umiddelbart ved å svare på denne e-posten, slett e-posten og eventuelle vedlegg fra systemet ditt, og ikke del eller bruk innholdet på noen måte. Takk.

Our services are based upon our Terms of Agreement unless otherwise is agreed in writing. This email and any attachments are confidential. If you are not the intended recipient, please notify the sender immediately by replying to this email, delete this email and any attachments from your system, and do not disclose or use the contents in any way. Thank you.

Hardanger Aks As
Sjusetevegen 67
5610 Øystese



Vår ref.: DokumentID 25/3160

Dykkar ref.:

Dato: 30.01.2025

OPPSEIING AV 1,6 KOMMUNAL VTA-PLOSS OG FAKTAGRUNNLAG

I tråd med Kvam heradsstyre sitt vedtak 12.12.2025 i sak 24/4089 Budsjett 2025 og økonomiplan 2025-2028 og avtalen signert 26.01.05, **seier me med dette opp 1,6 av dei fullfinansierte kommunale VTA-plassane. Oppseiing gjeld f.o.m. 1. august 2025.** Etter denne dato betaler Kvam herad for 13 fullfinansierte kommunale VTA-plassar.

Vidare viser me til dykkar brev til kontrollutvalet 13.01.25 (med kopi til rådmann og ordførar) og ordførar sin epost 17.01.25 der ordføraren ber rådmannen gjera avklaringar med leiing i Hardanger AKS AS om faktum i saka.

Rådmannen si forståing av kjøp av VTA-plassar og venteliste, er at det er viktig å presisera at Kvam herad «kjøper»/finansierer to ulike VTA-plassar frå Hardanger AKS AS.

1. Statleg kjøpte plassar, der NAV finansierer 75 % av plassen, og Kvam herad 25 %. Her er det 3 ulike partar i avtalen, Hardanger AKS AS, NAV og Kvam herad. Hausten 2024 auka omfanget av denne type avtale der Kvam herad er part, frå 20 til 23.
2. Det har i lang tid vore for få tilgjengelege statleg finansierte VTA-plassar i Kvam, i høve behovet til kommunen. Kvam herad har difor sidan 1991 kjøpt opptil 15 fullfinansierte kommunale VTA-plassar. Her er 2 partar i avtalen, Hardanger AKS AS og Kvam herad. Frå 1.8.25 vert talet på desse plassane redusert frå 14,6 til 13. NAV eller fylkeskommune er ikkje part i denne avtalen.

Når Hardanger AKS AS snakkar om venteliste, er det rådmannen sitt inntrykk at det er venteliste til statleg kjøpte VTA-plassar som vert omtala. Innsøking til plassar ved Hardanger AKS AS skjer via NAV sitt system. I praksis vert aktuelle kandidatar til stillingane søkt inn via NAV og sett opp på venteliste dersom det ikkje er ledig statleg VTA-plass. Dei som står på desse ventelistene har den siste tida fått tilbod om kommunal plass i ventetida slik at aktuelle kandidatar har tilbod om arbeidsplass.

Dei 3 søkarane som fekk tildelt plass, hadde frå tidlegare kommunal fullfinansiert VTA-plass. Kvam herad er glade for at det endeleg er oppretta fleire statleg finansiert plassar, og at det er behov for at det vert oppretta endå fleire. Dette fordi Kvam herad i fleire tiår har dekk

opp for eit statleg ansvar på dette området, noko som tærer på kommuneøkonomien. Vel å merka, er det nokre av dei kommunen kjøper fullfinansiert VTA-plass til, som ikkje kvalifiserer til statleg VTA-plass. For å kvalifisera til statleg VTA-plass, må det mellom anna vera tilstrekkeleg med 1 arbeidsleiar på 5 VTA-plassar. Når det gjeld dei fullfinansierte kommunale plassane, er dette redusert til 1 arbeidsleiar på 3 VTA-plassar.

I siste halvdel av 2024 har det vore ledige kommunale plassar å tildele dei som står på venteliste til statleg finansierte VTA plassar. Søknadar og eventuell tildeling vert gjennomgått to gonger i året i samarbeidsmøte mellom Hardanger AKS AS, NAV og Kvam herad. På siste samarbeidsmøte 12.12.24 var det 2,6 kommunale plassar som stod ubrukt, og dei vart ikkje tildelt. Etter dette er 0,5 kommunalt finansierte plass sagt opp av brukaren. Samla er det såleis 3,1 kommunal VTA-plass ledig per i dag, og ikkje ventelista på kommunale plassar. Dersom me tek høgd for reduksjonen på 1,6 plass frå 1.8.25, og det ikkje skjer andre endringar fram til den tid, er det 1,5 ledige plassar frå 1.8.25.

Rådmannen meiner at det er feil å visa til ventelister og reduksjon i VTA-plassar når me snakkar om kva VTA-plassar Kvam herad har tilgjengeleg, og kva som er kommunen sitt behov. 3 av dei som fekk dei nye, statlege plassane i haust, hadde frå tidlegare kommunal plass. Plassar som Kvam herad hadde tilgjengeleg totalt frå hausten 2024 auka såleis med 3, frå 20 statlege plassar + 14,6 kommunale plassar, totalt 34,6 plassar til 37,6 VTA-plassar. Frå 1.8. vert dette redusert til 36 plassar til saman. Noko som er 1,4 VTA-plassar meir enn før hausten 2024, og såleis ein auke i plassar som er tilgjengeleg for brukarar.

Det har dei siste åra vore eit generasjonsskifte blant arbeidstakarane på VTA plassar. Det er mange unge personar som no har plass og såleis vil ha behov for plassen i mange år. Det er likevel slik at det viser seg at det er endringar i behov og motivasjon som fører til utskifting.

Rådmannen håpar at dette var oppklarande, og at framtidig dialog og samarbeid kan gå vidare med ei omforeint forståing for og presisering av kva type VTA-plassar som er tema, og bruken av desse. Rådmannen meiner at det er rett at det er venteliste dersom me ser på statleg finansierte VTA-plassar, og at det er viktig at Hardanger AKS AS arbeider vidare for å få auka talet på desse. Kommuneøkonomi og redusert behov kan redusera Kvam herad si evne til å halda fram med å kjøpa fullfinansierte kommunale plassar, og auka press på statleg finansierte plassar. Vidare er det viktig å sjå på det totale tilbodet av kommunalt finansierte VTA-plassar når me snakkar om kommunen sine behov og kommuneøkonomi. Her er ledige plassar per i dag.

Rådmannen er gjort kjent med at det på nyåret er to nye søkjarar til statlege VTA-plassar, men det er administrasjonen si vurdering at dette ikkje vil ha store konsekvensar for Kvam, og at me vil kunne gje eit godt tilbod til både nye og gamle søkjarar.

Helsing

Anita Hesthamar

Rådmann

Telefon: 916 17 909

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Mottakarliste:

Hardanger Aks As

Sjusetevegen 67

5610

Øystese

Kopi til:

Kvam Kontrollutval v/Stian

Skår Ludvigsen

Torgeir Næss

Fra: Dan Femoen[df@law.no]
Sendt: 10.02.2025 16:02:31
Til: Vik, Trygve[trygvi@kvam.kommune.no]
Kopi: Stian Skår Ludvigsen[Stian.Skar.Ludvigsen@vlfk.no]; Næss,
Torgeir[tornes@kvam.kommune.no]; Hesthamar, Anita[anhe@kvam.kommune.no]; Øyvind
Aksnes[oyvind@hardangeraks.no];
Tittel: Ad undersøkelse av sak 130/24 - oppfølging

You don't often get email from df@law.no. [Learn why this is important](#)

Kontrollutvalget i Kvam Herad
v./utvalgsleder Trygve Vik

Kopi: Sekretariatet for kontrollutvalget
Kopi: Ordfører
Kopi: Rådmann

Det vises til rådmannens brev av 30.01.25, DokumentID 25/3160, samt rådmannen og ordføreres gjennomgang i formannskapet den 31.01.25.
I vedlagt brev er det knyttet noen kommentarer til de anførslene som fremsettes.

Vedlegg til brevet inneholder ”opplysninger om personlige forhold”, og kommunen må vurderes om dette er taushetsbelagte opplysninger i henhold til forv.l. § 13, 1 nr. 1, slik at dette skal unntas offentlighet.

Det anmodes om at brevet følger den videre saksgangen.

Med vennlig hilsen / Best regards

law.no

Dan Femoen

Partner | Advokat MNA
df@law.no
+47 922 16 580

Law.no Advokatfirma AS

Kanalveien 11, 5068 Bergen, Norway
www.law.no (+47 402 87 887)
NO-976 803 256 MVA

Saksansvarlig advokat/lawyer in charge: Dan Femoen

Våre tjenester er omfattet av våre alminnelige avtalevilkår hvis ikke annet er skriftlig avtalt (www.law.no/vilkar). Denne e-posten og eventuelle vedlegg er konfidensielle. Hvis du ikke er den tiltenkte mottakeren, vennligst gi beskjed til avsenderen umiddelbart ved å svare på denne e-posten, slett e-posten og eventuelle vedlegg fra systemet ditt, og ikke del eller bruk innholdet på noen måte. Takk.

Our services are based upon our Terms of Agreement unless otherwise is agreed in writing. This email and any attachments are confidential. If you are not the intended recipient, please notify the sender immediately by replying to this email, delete this email and any attachments from your system, and do not disclose or use the contents in any way. Thank

you.

Kontrollutvalget i Kvam Herad
Ved utvalgsleder Trygve Vik

Sendt på e-post til:

trygvi@kvam.kommune.no
Stian.Skar.Ludvigsen@vlfk.no
tornes@kvam.kommune.no
anhe@kvam.kommune.no

Vår referanse: 2418
Ansvarlig advokat: Dan Femoen
Dato: 10.02.2025

MERKNADER TIL KOMMUNENS FAKTAVURDERING

Innledning

Det vises til rådmannens brev av 30.01.25, DokumentID 25/3160, samt rådmannen og ordføreres gjennomgang i formannskapet den 31.01.25. Det er nødvendige å knytte noen kommentarer til de anførselene som fremsettes.

Ad krav på et tilbud

Brukergruppen har et lovfestet krav på et tilbud. Dersom kommunen ikke har nok tilrettelagte jobber (VTA), er man pliktig til å tilby andre velferdstjenester, for eksempel tilbud på et dagsenter og aktivitetssenter.

Dagsenter og et aktivitetssenter koster mer enn en VTA-plass og har ikke samme verdiskapning. Blir aktuelle deltakere sittende hjemme lenge uten et tilbud, går det ut over både fysisk og psykisk helse. På sikt kan det bli en høy kostnad på kommunens helse- og omsorgsbudsjett. Det er vanskelig å starte i arbeidsrettet aktivitet etter flere år hjemme, utfordrende å snu døgnet til å stå opp hver dag, utfordrende å håndtere det sosiale, og utfordrende å bli motivert.

Hardanger AKS er enig med rådmannen i at det er bra at det blir opprettet flere statlige finansierte VTA-plasser, men det er viktig å presisere at det ikke blir gitt støtte til flere statlige VTA-plasser, dersom kommunen ikke har synliggjort behovet. Når kommunen velger å redusere antall kommunale VTA-plasser, fremstår dette som at det ikke foreligger et slikt behov.

Ad ventelister

Det fremstår som noe underlig å hevde at det finnes to separate ventelister for VTA-plasser; én for de statlige VTA-plassene og én for de kommunale VTA-plassene, og deretter påstå at det kun er venteliste til de statlig finansierte plassene, og ikke til de kommunalt finansierte.

Det eksisterer kun én offisiell venteliste, og denne er til de statlige VTA-plassene. Når en saksbehandler ved NAV har en kandidat som trenger VTA-plass, sendes en søknad inn. Søkeren registreres deretter automatisk digitalt på venteliste til statlig VTA-plass, mens søknaden



sendes til Hardanger AKS. Dersom Hardanger AKS har en ledig statlig VTA-plass, kan bedriften tilby kandidaten denne plassen. Per i dag har Hardanger AKS tilsagn om 25 statlige VTA-plasser. Deltakere fra Kvam har tilbud om 23 av disse plassene, mens de resterende 2 plassene benyttes av deltakere fra nabokommuner.

Når staten oppretter nye VTA-plasser, fordeles disse til vekst- og attføringsbedrifter, ikke til kommunene. Ved forrige tildeling av statlige plasser, oktober 2024, mottok Hardanger AKS tre nye plasser, som alle ble gitt til Kvam på grunn av det store behovet og en dokumentert venteliste.

Foruten de statlige plassene, kjøper Kvam Herad plasser. Disse plassene brukes av kommunen for å gi et tilbud til dem som er søkt inn på VTA mens de venter på en ledig statlig plass. Kommunen kan også velge å bruke kjøpte plasser til personer som ikke kvalifiserer til statlig plass, men som trenger et tilbud da kommunen ikke har noe annet tilbud til dem.

Det fremstår som underlig at kommunen velger å redusere sin andel med 1,6 plasser som følge av at staten øker sin andel med 3 plasser, da ventelistene er lange og behovet for flere plasser er stort. Selv om ingen ville «miste» VTA-plassen på tidspunktet for budsjettvedtaket den 12.12.24 (sak 24/4089), var kommunen klar over at flere brukere var på vei inn, og at antallet plasser ikke var tilstrekkelig til å dekke dette behovet.

Til tross for denne kunnskapen, ble ikke heradsstyret informert om situasjonen. Det blir dermed misvisende å hevde at det er 1,6 ledige plasser på kjøpt VTA-plass, når rådmannen er klar over at årsaken til dette er at plassene er holdt av til dem som er på vei inn fra ventelisten.

Etter budsjettvedtaket i desember er det 23 statlig finansierte plasser og 13 kommunalt finansierte plasser. Per nå er det 5 personer på venteliste, og ytterligere 6 personer som Hardanger AKS har fått melding om at de vil få søknad på. Totalt er det 11 personer som trenger VTA-plass.

Vedlegg 1: Venteliste pr. 05.02.25

Etter vedtaket i desember vil det dermed være 11 kvalifiserte brukere til VTA-plass, men bare 1,5 ledige plasser. Det anføres at rådmannen tar feil når hun viser til at denne situasjonen skal kunne løses på 1,5 plasser.

Videre er det mange brukere som nå vil miste aktiviteten sin i påvente av en VTA-plass. Dette er en alvorlig situasjon som politikerne i kommunen skulle vært informert om før vedtaket ble gjort i sak 24/4089.

Ad ordføreres møte med kontrollutvalget

Ordfører hevder i formannskapsmøtet den 31.01.25, at han har hatt møte med kontrollutvalget, og at kontrollutvalget midlertidig legger vekk saken. Dette er ukjent for undertegnede, og ber om at møteboken fra møtet med kontrollutvalget oversendes jf. kommuneloven § 11-4.



Sakens juridiske side

Rådmannen «skal påse» at saker som legges fram for folkevalgte organer, er forsvarlig utredet jf. kommuneloven § 13-1 tredje ledd. Vurderingen av kravet til forsvarlig utredning må gjøres ut fra en helhetsvurdering basert på presiseringene i andre punktum hvor det sies at utredningen skal gi et *faktisk og rettslig grunnlag for å treffe vedtak*. Rådmannen skal gi en objektiv og korrekt fremstilling av den faktiske situasjonen.

Saken vil ikke være tilstrekkelig opplyst dersom heradsstyret ikke blir orientert om at det foreligger ventelister og langt flere søkere til VTA-plasser enn det kommunen kan tilby.

Dersom kommunestyret fatter et vedtak basert på mangelfulle opplysninger, kan vedtaket bli ansett som ugyldig. Dette kan medføre at vedtaket må behandles på nytt med fullstendige opplysninger. Vedtaket kan også påvirke kvaliteten og riktigheten av de tjenestene kommunen tilbyr sine innbyggere.

Det anmodes etter dette at kontrollutvalget følger opp vår henvendelse 13.01.25.

Med vennlig hilsen



Dan Femoen

Partner | Advokat MNA

T: +47 922 16 580

E: df@law.no

Kopi: Sekretariatet for kontrollutvalget

Kopi: Rådmann

Kopi: Ordfører





Vår referanse 2024/47-38

Dato 11.02.2025

Dan Femoen

Ad undersøkelse av sak 130/24 - oppfølging

Viser til brev til kontrollutvalet i Kvam herad ved utvalsleiar Trygve Vik dagsett 10.02.2025, og til tidlegare korrespondanse i saka.

Det vert i dag sendt innkalling til møte i kontrollutvalet i Kvam herad den 18.02.2025. Vi kan orientere om at dykkar førespurnad er satt opp som eiga sak i møtet.

Korrespondansen i saka blir lagt ved innkallinga, med unnatak av vedlegget i brevet per 10.02.2025 som vi vurderer som unnateke offentlegheit jf. forv.l. § 12, 1 nr. 1, og som vi planlegg å leggje fram i lukka møte.

Når det gjeld ordførarens møte med «kontrollutvalet» var dette ein avklaringssamtale mellom sekretariatet (Stian Skår Ludvigsen og Jacob Andreassen), kontrollutvalsleiar og ordførar. Det var sekretariatet som hadde bede om møtet for å få avklart kven som skulle svare på førespurnaden. Møtet vart halde på Teams 15.01.2025, kl. 10:00 til 10:20. Det vart ikkje skrive felles referat frå samtalen, men sekretariatet fekk avklart at det skulle sende svar basert på kontrollutvalet sitt vedtekne standardformular på vegner av kontrollutvalet, og at ordførar ville svare på vegner av seg sjølv. Slike brev vart sendt frå sekretariatet den 16.01.2025 (dagsett 15.01.25) og frå ordførar den 17.01.2025. Det vart ikkje avtalt noko anna enn det som kjem fram gjennom desse to breva. Sekretariatet kjenner ikkje igjen påstanden som vart lagt fram under møtet i formannskapet det visast til i dykkar brev av 10.02.25 at det blei avtalt «at kontrollutvalget midlertidig legger vekk saken». Vi kan ikkje svare på vegner av ordførar.

Med helsing

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Stian Skår Ludvigsen
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:
Kontrollutvalet i Kvam herad v/leiar
Kvam herad - ordføraren
Kvam herad - rådmannen



Saksframlegg

Saksnr: 2024/25-7

Saksbehandlar: Stian Skår Ludvigsen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kvam herad, Kontrollutvalet	2/25	18.02.2025

Årsmelding for kontrollutvalet i Kvam herad for 2024

Forslag til innstilling

Heradsstyret godkjenner årsmelding 2024 for kontrollutvalet i Kvam herad.

Samandrag

Gjennom at kontrollutvalet legg fram årsmelding for føregående år, vert delar av den pålagde rapporteringa frå utvalet til heradsstyret ivareteke.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Stian Skår Ludvigsen
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1 Årsmelding for kontrollutvalet i Kvam herad for 2024

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Sekretariatet har laga forslag til årsmelding for kontrollutvalet i Kvam herad for 2024. Årsmeldinga skal gje oversikt over kva kontrollutvalet har arbeidd med i året som gjekk.

Vedtakskompetanse

Det er heradsstyret som har vedtakskompetanse i denne saka etter innstilling frå kontrollutvalet, jf. kommunelova § 23-5 der det står dette:

«Kontrollutvalget skal rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget.»

Vurderingar og verknader

Føremålet med årsmeldinga skal vera å tilbakemelde til heradsstyret, som er kontrollutvalet sin oppdragsgjevar, resultata av utvalet sitt arbeid. Årsmeldinga peikar både på handsaming av saker som er slutført frå kontrollutvalet si side og på kva som må følgjast opp vidare framover.

Årsmeldinga frå kontrollutvalet må reknast som ein del av den pålagde rapporteringa frå utvalet. Sekretariatet meiner difor at det vil vera naturleg at heradsstyret godkjenner årsmeldinga i eiga sak, slik det og har vore gjort i ei årrekke.

Konklusjon

Det blir på bakgrunn av dette tilrådd at utvalet legg fram årsmelding for kontrollutvalet for 2024 til godkjenning i heradsstyret.



ÅRSMELDING 2024
FOR KONTROLLUTVALET I
KVAM HERAD



Innhald

ÅRSMELDING 2024	1
FOR KONTROLLUTVALET I	1
KVAM HERAD	1
1. Føremål og oppgåver for kontrollutvalet	3
2. Samansetnad av kontrollutvalet	3
3. Om verksemda til kontrollutvalet i 2024	3
4. Sekretariatsordninga	3
5. Revisjonstenestene	4
6. Forvaltningsrevisjon	5
6.1. Plan for forvaltningsrevisjon	5
6.2. Forvaltningsrevisjon innan vedlikehald av offentlege bygg	6
7. Eigarskapskontroll	13
7.1. Plan for eigarskapskontroll	14
8. Arbeid med rekneskapsrevisjon og den økonomiske situasjonen	15
8.1. Den økonomiske situasjonen for Kvammabadet KF	15
8.2. Den økonomiske situasjonen i Kvam herad	15
8.3. Kommunaløkonomisk berekraft i Kvam herad	16
8.4. Kontroll av grunnlag for krav om momskompensasjon	16
9. Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT)	17
10. Opplæring	17
11. Andre saker i kontrollutvalet i 2024	17
12. Oppfølging av tidlegare gjennomførte revisjonar	18
12.1. Forvaltningsrevisjon av kvalitet, kompetanse og sjukefråvær i barnehagar	18
12.2. Forvaltningsrevisjon personalpolitikk med fokus på tilsetjingsprosedyrar og vikarbruk	19

1. Føremål og oppgaver for kontrollutvalet

Kontrollutvalet i Kvam herad skal føre løpande kontroll av heradet på vegne av heradsstyret, jf. kommunelova § 23-1 første del.

Føremålet med kontrollutvalet sitt arbeid er å medverke til at det vert allmenn tillit til at heradet sine oppgaver vert løyst på best mogleg måte, og i samsvar med gjeldande lover og forskrifter.

I kommunelova § 23-1 står det m.a.:

Kontrollutvalget skal påse at

- a) kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte
- b) det føres kontroll med at den økonomiske forvaltningen foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak
- c) det utføres forvaltningsrevisjon av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet, og av selskaper kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser i
- d) det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper mv. (eierskapskontroll)
- e) vedtak som kommunestyret eller fylkestinget treffer ved behandlingen av revisjonsrapporter, blir fulgt opp. at kommunen har en forsvarlig revisjonsordning.

2. Samansetnad av kontrollutvalet

For valperioden 2023 – 2027 er kontrollutvalet samansett slik:

Medlem	Varamedlem i rekkefølge
Trygve Vik, (Sp) leiar	Oddbjørn Vestbøstad, (SV)
Borghild Storaas Ones, (Ap), nestleiar	Michael Iversen, (Ap)
Bjarte Helleand, (INP), medlem	Frank Jacobsen, (FrP)
Jan-Ove Fredheim, (FrP), medlem	Safira Moola-Nernæs, (R)
Beate Gauden, (MDG); medlem	Lisbeth Hanne Fredheim Oma, (KRF)

I følge lova skal minst ein av medlemmane i kontrollutvalet òg vere medlem av heradsstyret. Bjarte Helland (INP) har fast sete i heradsstyret.

3. Om verksemda til kontrollutvalet i 2024

- Kontrollutvalet hadde 5 møter
- Kontrollutvalet har handsama 46 politiske saker og 28 referatsaker
- Kontrollutvalet har opne møter
- Ordførar har møte- og talerett i kontrollutvalet
- Rådmann og andre frå administrasjonen har møtt når dei har vore innkalla.
- Revisjonen har og møtt på møta i kontrollutvalet.
- Kontrollutvalet har fått tilgang til den informasjonen det vart bede om.

4. Sekretariatsordninga

I kommunelova § 23-7 Sekretariatet står det dette:

Kommunestyret og fylkestinget skal sørge for at kontrollutvalget får sekretariatsbistand som tilfredsstiller utvalgets behov.

Sekretariatet skal påse at de sakene som behandles av kontrollutvalget, er forsvarlig utredet, og at utvalgets vedtak blir iverksatt.

Sekretariatet skal være uavhengig av kommunens eller fylkeskommunens administrasjon og av den eller dem som utfører revisjon for kommunen eller fylkeskommunen.

Sekretariatsfunksjonen kan ikke legges til

- a) ansatte i kommunen eller fylkeskommunen som har andre arbeidsoppgaver enn å være sekretær for kontrollutvalget
- b) den som utfører revisjon for den aktuelle kommunen eller fylkeskommunen
- c) medlemmer av kontrollutvalget, kommunestyret eller fylkestinget i den aktuelle kommunen eller fylkeskommunen.

Den som utfører sekretariatsoppgaver for kontrollutvalget, er direkte underordnet kontrollutvalget og skal følge de retningslinjer og pålegg som utvalget gir.

Kommunestyret og fylkestinget velger selv sekretariat for kontrollutvalget etter innstilling fra kontrollutvalget.

Sekretariat for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune utfører sekretariatstenesta for kontrollutvalet i Kvam herad. Roald Breistein var sekretær på dei tre første møta i 2024. Stian Skår Ludvigsen har vore sekretær på dei siste to møta, og var i tillegg sakshandsamar og bisittar på to av møta i første halvår.

Sekretariat for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune er også sekretariat for kontrollutvalet i Vestland og Møre og Romsdal fylkeskommunar, samt kontrollutvala i desse kommunane: Askøy, Austevoll, Bømlo, Eidfjord, Fitjar, Kvinnherad, Samnanger, Stord, Tysnes, Ullensvang, Ulvik, Vaksdal og Øygarden.

5. Revisjonstenestene

Kontrollutvalet skal på vegne av heradsstyret ha tilsyn med den kommunale forvaltninga. Utvalet må halda seg orientert om kva saker revisjonen arbeider med og føra tilsyn med at revisjonsarbeidet er å jour og føregår i samsvar med lov, forskrift og vedtak.

På grunnlag av revisjonen sine rapportar, rekneskapsplan og annan informasjon, har utvalet ført tilsyn med at forvaltninga er i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og vedtak. Utvalet skal vidare i samarbeid med revisjonen gjennomføra ei systematisk vurdering av bruk og forvaltning av dei kommunale midlar, med utgangspunkt i oppgåver, ressursbruk og oppnådde resultat (forvaltningsrevisjon).

Etter fullmakt frå heradsstyret gjennomførte kontrollutvalet konkurranse om revisjonstenestene for Kvam herad vinteren 2023/2024. Eksisterande revisor, Deloitte AS, vann konkurransen, og blei vald til å halde fram som revisor for Kvam herad. Den nye avtalen gjeld frå 01.07.2024 til og med 30.06.2028.

Til dagleg er det den valde revisor som utfører kontrollen mot heradet, men kontrollutvalet har eit eige ansvar med å sjå til at arbeidet vert tilfredsstillande utført. Kommunelova stiller krav om at utvalet sjølv må visa ei aktiv haldning. For å få utført det arbeid utvalet er pålagt, er ein avhengig av god kommunikasjon med heradsstyret, administrasjonen og revisor. Samarbeidet har vore godt med dei aktuelle aktørane.

Deloitte har lagt fram revisjonsmelding, slik kravet er, samt rapportar og annan informasjon om revisjonen sitt arbeid.

Deloitte sin plan for rekneskapsrevisjon vart presentert for utvalet i møte 10.09.2024. Vidare orienterte Deloitte kontrollutvalet om den utførte risiko- og vesentlegvurderinga om forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga for 2024 i det same møtet. Interimsrevisjonsrapport vart lagt fram i møte 03.12.2024.

Ansvarleg revisor har vore partner i Deloitte, Unni Renate Moe, som i tråd med regleverket har lagt fram eigenvurdering for at Deloitte er uavhengig i høve til Kvam herad.

6. Forvaltningsrevisjon

Kommunelova § 23-2. Kontrollutvalgets ansvar og myndighet punkt c lyd slik:

«Kontrollutvalget skal påse at:

c) det utføres forvaltningsrevisjon av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet, og av selskaper kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser i.»

Vidare går det fram av kommunelova § 23-3. Forvaltningsrevisjon dette:

«Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, regeletterlevelse, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak.»

Kontrollutvalet vurderer m.a. kvaliteten i sakshandsaminga og om vedtak og premisser er tilstrekkeleg klårt utforma til at vedtaka kan effektuerast. I den nye kommunelova gjeld dette også internt i selskap som heradet har eigarinteresser i. I punkta nedanfor kjem kort omtale av dei revisjonane innan dette feltet som kontrollutvalet har handsama i 2024.

6.1. Plan for forvaltningsrevisjon

Kommunelova § 23-3 Forvaltningsrevisjon lyd m.a. slik:

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for forvaltningsrevisjon.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.

Kontrollutvalet gjennomførte i 2024, med god bistand frå Deloitte, ei slik risiko- og vesentlegvurdering av heradet si verksemd og av verksemda i heradet sine selskap som skulle gjelde for perioden 2024 - 2028.

På bakgrunn av dette arbeidet vart det utarbeid ein plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2024 – 2028 som vart vedteke i heradsstyret 23.05.2024. Kontrollutvalet fekk m.a. slik fullmakt frå heradsstyret:

«Heradsstyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å foreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innanfor dei utvalde områda i planen.»

Av den vedtekne planen går det fram desse prioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekta:

1. Barnevern
2. Anskaffingar og kontraktsoppfølging
3. Bemanning og sjukefråvær
4. Kvam Energi AS
5. Tenester til menneske med nedsett funksjonsevne
6. Saksførebuing og vedtaksoppfølging

Denne planen erstattar revidert plan for 2020 – 2024, der følgjande prosjekt var prioriterte:

1. Vedlikehald av offentlege bygg
2. Vedtaksoppfølging
3. Kvam Kraftverk AS
4. Beredskap
5. Innkjøp
6. Hardanger AKS AS (Storeholmen)
7. Investeringar

Revisjonsrapport for prosjekt 1 i den reviderte planen for 2020 – 2024, «Vedlikehald av offentlege bygg», blei behandla i kontrollutvalet i møte 20.02.2024 og i heradsstyret 14.03.2024.

Revisjonsprosjekt for prosjekt 1 i planen for 2024 – 2028, «Barnevern», blei igangsett i møte i kontrollutvalet 10.09.2024. Rapport etter denne revisjonen skal etter planen handsamast i kontrollutvalet i møte 30.09.2025.

6.2. Forvaltningsrevisjon innan vedlikehald av offentlege bygg

Kontrollutvalet i Kvam herad gjorde slikt vedtak i møte 05.06.2023:

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon innan vedlikehald av offentlege bygg frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Korrigert prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 19.06.2023.
3. Kontrollutvalet gjev kontrollutvalsleiar, i samråd med sekretariatet, fullmakt til å godkjenne korrigert prosjektplan
4. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan 31.01.2024, ferdig verifisert og med rådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

Av den godkjende prosjektplanen går det fram at denne forvaltningsrevisjonen har slik føremål:

«Føremålet med prosjektet vil vere å undersøke og vurdere om Kvam herad har etablert føremålstenlege system og rutinar for å ivareta eit godt og verdibevarande vedlikehald av kommunale bygg, inkludert tydeleg fordeling av rollar og ansvar.»

Med bakgrunn i prosjektet sitt føremål har revisjonen formulert følgjande problemstillingar:

1. Har Kvam herad ei føremålstenleg organisering knytt til vedlikehald av kommunale bygg?
 - a) Har heradet ei tydeleg rolle- og ansvarsdeling knytt til vedlikehald av kommunale bygg?
 - b) Er det etablert føremålstenlege system, kanalar og arenaar for kommunikasjon og samhandling mellom eigar, forvaltar og brukar av kommunale bygg?
 - c) Har heradet tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse til å ivareta oppgåver knytt til vedlikehald i kommunale bygg?
2. I kva grad sikrar Kvam herad eit verdibevarande vedlikehald av bygningsmassen?
 - a) I kva grad er det utarbeidd ein heilskapleg vedlikehaldsstrategi i heradet?
 - b) Har Kvam herad tilfredsstillande oversikt over vedlikehaldsetterslepet knytt til bygningsmassen?

- c) I kva grad er det definert ønska tilstand for bygga?
- d) I kva grad har Kvam herad tilstrekkeleg oversikt over bygga sin faktiske tilstand?
- e) I kva grad har Kvam herad gjort vurderingar av korleis ein kan sikre eit verdibevarande vedlikehald og redusere vedlikehaldsetterslepet?
- f) Er kostnader til vedlikehald av bygningsmassen i samsvar med tilrådde normer?
- g) I kva grad blir behov for vedlikehald vurdert opp mot kostnader knytt til nybygg?

3. I kva grad blir heradsstyret tilstrekkeleg orientert om behov for vedlikehald av dei kommunale bygga?

Deloitte har definert slik avgrensing i prosjektet:

Forvaltningsrevisjonsprosjektet vil ikkje omfatte fysiske undersøkingar av bygningsmassen. Prosjektet vil i hovudsak vektlegge vedlikehald av kommunale føremålsbygg.

Revisjonsrapporten blei behandla i kontrollutvalet 20.02.2024 og lagt fram for heradsstyret i møte 14.03.2024, der det blei gjort slikt vedtak:

På bakgrunn av forvaltningsrevisjonsrapport innan vedlikehald av offent/ege bygg i Kvam herad, ber heradsstyret rådmannen om å:

1. Utarbeide ein vedlikehaldsstrategi som er politisk forankra og som inneheld Kvam herad sine ambisjonar for tilstand på kommunale føremålsbygg og korleis kommunen skal arbeide for å oppnå og oppretthalde denne tilstanden.
2. Sikre ei tyde/eg rolle- og ansvarsfordeling mellom eigar, forvaltar og brukar av dei kommunale bygga.
3. Etablere system og rutinar som legg til rette for kommunikasjon og samhandling mellom eigar, forvaltar og brukarar av kommunale bygg, for å sikre betre informasjonsflyt internt i administrasjonen og til/frå dei folkevalde.
4. Gjera ei nærare vurdering av kapasitet og kompetanse og vurdere kva tilnærming som er mest kostnadseffektiv når det gjeld å sikre naudsynt kapasitet for å kunne ivareta eit tilfredsstillande vedlikehald av den kommunale bygningsmassen.
5. Systematisere arbeidet med gjennomføring av tilstandsvurderingar av bygga, og vurdere å etablere rutinar for jamlege vedlikehaldsrundar/synfaringar der både forvaltar og brukar av bygga er representert.
6. Sørge for at det blir utarbeidd ei fullstendig og oppdatert oversikt over vedlikehaldsetterslep knytt til heradet sin bygningsmasse.
7. Lage ein handlingsplan til kontrollutvalet innan 05.08.2024 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følge opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Tilleggsframlegg til innstillingens pkt. 7 (ny setning på slutten): "Handlingsplanen vert endeleg vedteke i heradsstyret.»

Tilleggsframlegget skapte usikkerheit i sekretariatet og kontrollutvalet, og har medført ein del timar i tilleggsarbeid for sekretariatet.

Da kontrollutvalet fekk vedtaket i heradsstyret opp som referatsak i møte 17.04.2024, blei følgjande protokollert:

Saksprotokoll 17.04.2024 - Kvam herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Kontrollutvalet registrerer at heradsstyret i møte 14.03.2023 vedtok slikt tilleggsframlegg til innstillinga punkt 7 i sak 021/24 «Forvaltningsrevisjon innan vedlikehald av offentlege bygg»

«Handlingsplanen vert endeleg vedteke av heradsstyret.»

Kontrollutvalet vil gjera heradsstyret merksam på at det står dette i:

Kommunelova § 23-2 «Kontrollutvalgets ansvar og myndighet», punkt e:

«Kontrollutvalget skal påse at:

e. vedtak som kommunestyret eller fylkestinget treffer ved behandlingen av revisjonsrapporter, blir fulgt opp»

Vidare gjer utvalet merksam på at det står dette i:

Forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 5 «Kontrollutvalgets oppfølging av kommunestyrets eller fylkestingets vedtak om revisjoner og eierskapskontroller»:

«Kontrollutvalget skal påse at kommunestyrets eller fylkestingets vedtak om regnskapsrevisjoner, forvaltningsrevisjoner og eierskapskontroller blir fulgt opp og skal rapportere til kommunestyret eller fylkestinget om vedtaket er fulgt opp.»

Det normale fram til no har vore at kontrollutvalet følgjer opp slike revisjonar sjølve og rapportere resultatet av denne oppfølginga i årsmeldinga for kontrollutvalet som vert lagt fram for heradsstyret ein gong i året. Årsmeldinga for kontrollutvalet for 2023 vart vedteke i heradsstyret i møte 14.03.2024.

For kontrollutvalet er det uklart kva som ligg i tilleggsvedtaket. Er det meint at heradsstyret skal overta heile oppfølginga av denne revisjonen? Eller er det berre handlingsplanen heradsstyret skal vedta og så skal kontrollutvalet følgje opp saka vidare? Kven er det i tilfelle som skal førebu sakene til heradsstyret i samband med vidare oppfølging? Det er rådmannen som er revidert og det vil difor vera prinsipielt feil av ho å førebu saker i høve oppfølging av forvaltningsrevisjonar til heradsstyret. Kontrollutvalet sitt sekretariat skal vera uavhengig av administrasjonen og kan heller ikkje førebu saker direkte til heradsstyret utan at dette går via kontrollutvalet.

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ber om at heradsstyret avklarar følgjande: Ønskjer heradsstyret framleis at handlingsplanen skal vedtakast av heradsstyret? Skal så kontrollutvalet overta den vidare oppfølginga, eller vil heradsstyret ha heile oppfølgingsansvaret sjølv?
2. Kontrollutvalet tilrår at vedtak av handlingsplan og vidare oppfølging av revisjonen vert lagt til kontrollutvalet slik det er definert i kommunelov og forskrift.
3. Dersom heradsstyret ønskjer det, kan kontrollutvalet tilby at resultatet av vidare oppfølging av denne forvaltningsrevisjonen fortløpande vert sendt heradsstyret til informasjon.

Frå møte i Kvam heradsstyre 23.05.2024 blei følgjande protokollert:

Orientering ved ordførar - spørsmål frå Kvam kontrollutval vedk. intensjonen med HST- vedtak 021/24:

Ordførar oppfattar at intensjonen med vedtaket er meint slik:

1. Det blir innført ein ny rutine med at handlingsplan skal endeleg vedtakast av heradsstyret jf. tillegget i vedtaket sak 021/24.
2. Det er kontrollutvalet som skal leggja fram forslag til handlingsplan for heradsstyret jf. kravet om at den som legg fram saka skal vera uavhengig administrasjon (rådmann)/ordførar.
3. Kontrollutvalet skal stå for den vidare oppfølginga av handlingsplanen i tråd med gjeldande regelverk. Viser her til KommuneLova § 23-2 «Kontrollutvalgets ansvar og myndighet», punkt e «Kontrollutvalget skal påse at:
e. vedtak som kommunestyret eller fylkestinget treffer ved behandlingen av revisjonsrapporter, blir fulgt opp»

og til

Forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 5 «Kontrollutvalgets oppfølging av kommunestyrets og eller fylkestingets vedtak om revisjoner og eierskapskontroller» der det står følgjande:

«Kontrollutvalget skal påse at kommunestyrets eller fylkestingets vedtak om regnskapsrevisjoner, forvaltningsrevisjoner og eierskapskontroller blir fulgt opp og skal rapportere til kommunestyret eller fylkestinget om vedtaket er fulgt opp.»

1. Vidare oppfølging av forvaltningsrevisjonen vert sendt heradsstyret til informasjon.

Ordførar ba om tilbakemelding frå heradsstyre på om ordførar hadde tolka intensjonen til heradsstyret rett. Ordførar presiserte også at ein må leggja til grunn at vedtak som blir gjort i heradsstyret blir gjort i tråd med gjeldande regelverk. Det har ikkje vore intensjonen til heradsstyre i denne saka å bryta noko lovverk. Heradsstyret signaliserer med vedtaket at heradsstyret som eigarorgan og det organet som

har det øvste ansvaret for å kontrollera kommunen si verksemd jf. kommunelova § 22-1, tar meir ansvar. Heradsstyret støtta ordførar Torgeir Næss si tolking av vedtaket.

I oversending til kontrollutvalssekretariatet hadde administrativ rådgjevar følgjande påskrift:

Ordførar Torgeir Næss sendte dette ut som ei orientering til heradsstyret i forkant av HST sitt møte 23.5.2024. Det vart også orientert om saka i møtet. Heradsstyret slutta seg til ordførar si tolking av vedtaket og det er dette svaret som no blir gitt til Kvam kontrollutval. Leiar for Kvam kontrollutval, Trygve Vik, var i salen då orienteringa vart gitt. Heradsstyret ser no denne saka som ferdig debattert og handsama.

Etter sekretariatet si oppfatning kom det med ordførar si orientering inn ei ny rutine for handlingsplanar, som ikkje var del av vedtaket i heradsstyret 14.03.2024, og som det ikkje har vore fremja vedtakssak om. Uavhengig av kontrollutvalet, sendte sekretariatet derfor ei førespurnad om ein uttale eller lovlegkontroll frå Statsforvaltaren i Vestland. Denne førespurnaden vart sendt 26.06.2024.

I førespurnaden hadde sekretariatet følgjande merknader:

Kontrollutvalsboka er Kommunal- og distriktsdepartementet sin rettleiar i departementet si generelle forståing av kommunelova og dei aktuelle forskriftene. I oppsummeringa av kapittel 7 Forvaltningsrevisjon heiter det at «Kontrollutvalet skal følgje opp at administrasjonen gjennomfører vedtaka til kommunestyret» (s. 57). Dette følgjer av forskrift om kontrollutval og revisjon § 5 Kontrollutvalgets oppfølging av kommunestyrets eller fylkestingets vedtak om revisjoner og eierskapskontroller. Dette følgjer igjen av kommunelova § 23-2, 1. ledd, bokstav e. I merknader til lovforslaget skriv departementet i Prop. 46 (L) 2017-2018 at «bokstav e fastsetter en generell plikt for kontrollutvalget til å påse at kommunestyrets eller fylkestingets vedtak som gjelder revisjonsrapporter, blir fulgt opp».

Det er altså kontrollutvalet som skal følgje opp administrasjonen si oppfølging av forvaltningsrevisjonar, ikkje heradsstyret. Slik sekretariatet ser det, fråtek heradsstyret med dette lovpålagte oppgåver frå kontrollutvalet.

- A. Den 23.05.2024 var saka sett opp som ei orientering i forkant av heradsstyremøtet, og ikkje som ei eiga sak i heradsstyret. Sekretariatet kan ikkje sjå at ei slik orientering gir grunnlag for at heradsstyret kan slutte seg til ordførar si tolking og sjå saka som ferdig debattert og handsama.
- B. Det kom nye element opp i orienteringa frå ordførar:
 - a. I punkt 1 i orienteringa heiter det no at «Det blir innført ein ny rutine med at handlingsplan skal endeleg vedtakast av heradsstyret». Her står «handlingsplan» i ubestemt form – altså kan dette tolkast som at ordførar meiner handlingsplanar generelt framover skal til endeleg vedtak i heradsstyret. Sjølv sagt kan ei sak setje presedens, men vedtaket den 14.03.2024 gjaldt den aktuelle handlingsplanen. At det no er blitt til ei rutine, er nytt. Ei slik rutine vil etter sekretariatet si oppfatning vere brot mot kommunelova, og kan ikkje innførast – korkje med eller utan korrekt sakshandsaming.
 - b. I punkt 2 skriv ordførar no at «det er kontrollutvalet som skal leggja fram forslag til handlingsplan for heradsstyret».
- C. Vi tolkar «legga fram» i punkt 2 som at ordførar meiner at det er kontrollutvalet som skal innstille på handlingsplan for heradsstyret. Kontrollutvalet vil normalt ta handlingsplanar til orientering, og fattar ikkje vedtak om å godkjenne dei. Når heradsstyret har vedteke at handlingsplanen skal godkjennast av heradsstyret, blir det etter vårt syn uvanleg saksgang. Spørsmålet er om det også er ulovleg saksgang.
- D. Dersom ordførar med «legga fram» i staden meiner at det er kontrollutvalet som skal «lage» handlingsplanen, er det også nytt, og brot på heradsstyret sitt vedtak 14.03.24 om at det er rådmannen som skal «lage ein handlingsplan til kontrollutvalet innan 05.08.2024 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgje opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga».

Kontrollutvalet har ikkje høve til å etterkomme ei slik tolking , fordi:

- a. Endringane er korkje lovlege eller korrekt handsama i heradsstyret.

- b. Kontrollutvalet har ikkje nytt møte før 10.09.24. Handlingsplanen skal vere klar frå rådmannen 05.08.2024 til dette møtet.
 - c. Kontrollutvalet har ikkje kompetanse til å vurdere kva som er mest føremålstenleg å setje i verk, som vil ha best effekt, og som administrasjonen har ressursar til å gjennomføre. Kontrollutvalet kan heller ikkje setje seg i ein situasjon der dei i neste omgang må revidere eigne tilrådingar.
 - d. Av same grunn kan ikkje forvaltningsrevisor få i oppdrag å lage forslag til handlingsplan. Revisor har ikkje instruksjonsmynde overfor administrasjonen i kommunen.
 - e. Heradsstyret har instruksjonsmynde, men er også øvste kontrollinstans, og bør av same grunn heller ikkje vedta kva som er mest hensiktsmessig å gjennomføre. Dette ligg til rådmannen sin kompetanse.
 - f. Som departementet skriv i kontrollutvalsboka: «Det er administrasjonen som på sjølvstendig grunnlag må vurdere kva tiltak det vil vere mest føremålstenleg å setje i verk, og som vil ha best effekt. Det er opp til kommunestyret å be administrasjonen om å gjennomføre dei tilrådte tiltaka (s. 54).
- E. Oppfølginga av forvaltningsrevisjonen vil bli utsett. Når vi ser opptak av heradsstyremøtet den 14.03.2024, er det vår oppfatning at vedtaket blei fatta fordi heradsstyret meinte saka var særskild viktig, men konsekvensen er altså at oppfølginga av forvaltningsrevisjonen må gjerast i fleire ledd: først melder rådmann inn handlingsplan til kontrollutvalet, som i møte 10.09.24 kan innstille på handlingsplanen til heradsstyret. Deretter får heradsstyret saka til handsaming tidlegast 26.09.24, som så kan sende handlingsplanen til vidare oppfølging tilbake til kontrollutvalet i møte tidlegast 22.10.24, som så kan setje fristar for administrasjonen å melde tilbake på tiltak. Om ordførar meiner dette skal vere rutine i alle forvaltningsrevisjonar framover, vil oppfølginga ta ekstra lang tid.

På bakgrunn av sekretariat for kontrollutvalet sine merknader, konkluderte sekretariatet på følgjande vis:

1. Rådmannen må lage ein handlingsplan til kontrollutvalet innan 05.08.2024 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgje opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.
2. Sekretariatet skal fremje for kontrollutvalet i møte 10.09.24 å handsame handlingsplanen i tråd med kommunelova med tilhøyrande forskrift og rettleiar, og her setje fristar for administrasjonen for vidare oppfølging av tiltak.
3. Sekretariatet vil deretter sende utvida partsbrev om handlingsplanen og den vedtekne oppfølginga av denne til heradsstyret.
4. Dersom heradsstyret tar det utvida partsbrevet til orientering, treng organet ikkje foreta seg noko meir, men dersom heradsstyret skal ta handlingsplanen til godkjenning, bør dette skje gjennom ei anna sakshandsaming enn det vi har lagt opp til her.

På bakgrunn av konklusjonen stilte sekretariat for kontrollutvalet følgjande spørsmål til Statsforvaltaren:

Sekretariat for kontrollutvalet ber om:

1. Statsforvaltaren si vurdering av sekretariatet sin konklusjon.
2. Statsforvaltaren si vurdering av om heradsstyret sitt vedtak i sak 021/24 den 14.3.24 og påfølgande oppfølging i heradsstyret den 23.5.24 er lovleg og korrekt handsama.

Statsforvaltaren svarte den 24.09.2024, med at ho ikkje fann grunnlag for å gjere lovlegkontroll av Kvam heradsstyre si avgjerd i sak 021/24, mellom anna av di ho oppfatta at vedtaket var eit prosessvedtak. Statsforvaltaren svarte heller ikkje på spørsmål om å kome med ei uttale til sekretariat for kontrollutvalet sin konklusjon, men kom med ei generell regelorientering som følgjer:

Som ei generell regelorientering vil vi likevel vise til at det etter kommunelova § 22-1 første ledd er kommunestyret som har det øvste ansvaret for å kontrollere kommunen si verksemd.

Kommunestyret kan i denne samanheng «kreve at enhver sak skal legges fram til orientering eller avgjørelse». Vidare følgjer det av kommunelova § 23-1 andre ledd at kommunestyret skal velje eit kontrollutval «som skal føre løpende kontroll på deres vegne». Desse reglane er ei vidareføring av føresegnene i kommunelova 1992 § 76 første punktum og § 77 nr. 1 første punktum, som igjen var ei vidareføring av § 60 nr. 1 og 2 i den opprinneleg vedtekne lova. Føresegnene bygde i det alt vesentlege på forslaget frå kommunelovutvalet, som i NOU 1990:13 s. 266 mellom anna uttalte følgjande om korleis kommunestyret kunne utøve tilsynet:

«Måten tilsynet skal utøves på i praksis vil det være opp til kommunestyret/fylkestinget selv å bestemme. Det normale bør være at man går veien om kontrollnemnda [...] og nøyer seg med å forholde seg til det som kommer fra denne, men noen absolutt binding til å følge denne framgangsmåten kan det etter utvalgets syn ikke være noen grunn til å etablere.»

Konklusjonen synast dermed å vere at heradsstyret står fritt til å gjere prosessvedtak om korleis dei ønsker oppfølginga av ein forvaltningsrevisjon. I si orientering til heradsstyret sa ordførar at det var innført ny rutine med at handlingsplanar skal leggjast fram for godkjenning i heradsstyret. Tolkninga av Statsforvaltaren si generelle regelorientering er at ein slik rutine faktisk kan innførast, og gjelde alle handlingsplanar.

For kontrollutvalet har dette ikkje veldig store konsekvensar. Forskjellen blir at i staden for at kontrollutvalet tek handlingsplanane til orientering, så må kontrollutvalet innstille til heradsstyret å godkjenne handlingsplanane. For rådmannen og framdrifta på oppfølgingsarbeidet kan det derimot ha store konsekvensar: under vanlege omstende, når handlingsplanane skal takast til orientering i kontrollutval (eller heradsstyre), vil rådmannen kunne iverksette tiltak etter handlingsplanane. Sekretariatet ser ofte at handlingsplanar kjem med allereie igangsette – og i fleire tilfelle fullførte – tiltak når kontrollutvala får handlingsplanane til første handsaming. Dersom heradsstyret derimot skal godkjenne handlingsplanane, vil rådmannen ha mindre handlingsrom til å iverksette tiltak før dei er politisk handsama. Vidare har kontrollutvalet få innstillingar til heradsstyret, så møtekalenderen for kontrollutvalet er for neste år ikkje samkøyrte med møtebolkane i utvala som normalt innstiller til heradsstyret. Det kan derfor ta langt tid frå ein handlingsplan er utarbeidd til den kan iverksettast.

For ein kommune som Kvam som handsamar i underkant av ein forvaltningsrevisjon i året, er det likevel ikkje eit omfattande problem.

Problemet er der like fullt, og kan illustrerast med korleis den aktuelle handlingsplanen faktisk blei handtert:

- A. I tråd med heradsstyret sitt vedtak punkt 7 (som innstilt frå kontrollutvalet), leverte rådmannen den 07.08.2024 ein kortfatta handlingsplan som enkelt fortalte at kvart av punkta 1 til 6 ville bli innarbeidd i den kommunale eigeomsstrategien hausten 2024.
- B. I tråd med sekretariat for kontrollutvalet sin konklusjon punkt 2, og basert på rådmannen sin handlingsplan, og sekretariatet si vurdering av at vidare oppfølging av handlingsplanen nødvendigvis må følgjast av dei politiske utvala når handlingsplanen blir bakt inn i eigeomsstrategien, gjorde kontrollutvalet følgjande vedtak i sak PS 31/24 den 10.09.2024 (merk at dette var før sekretariatet mottok svar frå Statsforvaltaren):
 - 1. Kontrollutvalet tek handlingsplanen for oppfølging av forvaltningsrevisjon innan vedlikehald av offentlege bygg til orientering.
 - 2. Kontrollutvalet ber rådmannen orientere om status/vedtak på den kommunale eigeomsstrategien til kontrollutvalet sitt møte 03.12.2024.
 - 3. Orienteringa skal vere skriftleg, og vise korleis heradsstyret sine vedtak punkt 1-6 i HST 021/24 er innarbeidd i strategien.
 - 4. Orienteringa sendast sekretariatet innan 12.11.2024.
- C. Partsbrev med vedtaket vart sendt til postmottak i Kvam herad, med kopi til rådmannen.
- D. Sekretariat for kontrollutvalet kan etter kommunelova ikkje utføre andre oppgåver for kommunen, slik at den einaste saksførebuinga sekretariatet kan gjere for heradsstyret, er via innstillingar frå kontrollutvalet. Ettersom sekretariatet hadde si tolkning om å køyre saka med normal saksgang, som det venta på svar på frå Statsforvaltaren, og ikkje fått instruks om å førebu saka som ei

innstillingssak, har sekretariatet ikkje hatt noko befatning med korleis handlingsplanen kunne gå vidare til heradsstyret. Denne oppgåva ligg til rådmannen.

- E. Kvam heradsstyre har hatt eigedomsstrategien til handsaming i møte 25.09, men sekretariat for kontrollutvalet kan ikkje sjå at handlingsplanen har blitt fremja for heradsstyret for godkjenning.
- F. Viss kontrollutvalet hadde fått handlingsplanen som innstillingssak til heradsstyret, ville heradsstyret fått handlingsplanen til godkjenning tidlegast i same møte som heradsstyret hadde eigedomsstrategient til handsaming. Når sekretariat for kontrollutvalet ikkje er i saksførebuarde løype til heradsstyret, kjenner sekretariatet ikkje til kva vurderingar rådmann og ordførar har gjort om å ikkje fremje handlingsplanen til godkjenning for heradsstyret, men som det går fram av den skildra prosessen, er kontrollutvalet av den oppfatning at dette ikkje hadde vore føremålstenleg, da arbeidet med eigedomsstrategien formelt sett burde vore stansa til heradsstyret hadde fått godkjent handlingsplanen.
- G. Kontrollutvalet fekk handlingsplanen til ny handsaming i møte 03.12.2024, der det blei gjort slikt vedtak:
 - 1. Kontrollutvalet tek informasjonen om den vedtekne kommunale eigedomsstrategien, innehaldande oppfølging av forvaltningsrevisjon innan vedlikehald av offentlege bygg, til orientering.
 - 2. Kontrollutvalet er nøgd med at tiltaka etter forvaltningsrevisjonen er lagd til ein politisk vedteken eigedomsstrategi, og vurderer at vidare oppfølging av tiltaka ligg i den politiske rapporteringslinja.
 - 3. Kontrollutvalet lukkar med dette saka frå si side.

Secretariat for kontrollutvalet er no kjent med Statsforvaltaren si generelle regelorientering, og vil – dersom heradsstyret ber om det – leggje opp ei godkjenningssøype for framtidige handlingsplanar med innstilling frå kontrollutvalet, men med tanke på dei forseinkingar det vil påføre administrasjonen å måtte vente på godkjenning av handlingsplanane, vil kontrollutvalet likevel rå heradsstyret om å ikkje gjere liknande vedtak som i HST 021/24. Kontrollutvalet meiner også at det ikkje ligg til utvalet sin kompetanse å vurdere kva som er mest føremålstenleg å setje i verk, som vil ha best effekt, og som administrasjonen har ressursar til å gjennomføre. Kontrollutvalet kan heller ikkje setje seg i ein situasjon der dei i neste omgang må revidere eigne tilrådingar. Kontrollutvalet vil difor ikkje tilrå at det leggjast opp til godkjenning av handlingsplanar. Kontrollutvalet viser i staden til at det i saker der kontrollutvalet eller heradsstyret får handlingsplanar til orientering, uansett er høve til å be om meir informasjon eller forbetringar frå rådmannen, dersom utvalet eller heradsstyret meiner at handlingsplanen ikkje er dekkjande for å svare ut dei manglar som revisjonen har funne.

6.2. Forvaltningsrevisjon av barnevernstenesta i Kvam herad

Kontrollutvalet i Kvam herad gjorde slikt vedtak i møte 10.09.2024:

- 1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon innan barnevernstenesta i Kvam herad frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
- 2. Ev. ny korrigerert prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 24.09.2024. Dersom korrigeringar, har kontrollutvalsleiar i samråd med sekretariatet fullmakt til å godkjenne den endelege prosjektplanen.
- 3. Det vert akseptert ein samla timesressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan, under føresetnad av at maksimalt 258 timar fakturerast i 2024.
- 4. Det vert også akseptert følgjande opsjonar:
 - a) Inkludering av problemstillingar knytt til fosterheimar i forvaltningsrevisjonen, inntil 85 timar.
 - b) Presentasjon av rapporten i Kvam heradsstyre fakturert etter timeforbruk, inntil 6 timar.
- 5. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan 19.08.2025, ferdig verifisert og med rådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

Av den godkjende prosjektplanen går det fram at denne forvaltningsrevisjonen har slik føremål:

«Føremålet med forvaltningsrevisjonen vil vere å undersøke om barnevernstenesta etterlever sentrale krav knytt til sakshandsaming og oppfølging av barn i barnevernstenesta.»

Med bakgrunn i prosjektet sitt føremål har revisjonen formulert følgjande problemstillingar:

1. I kva grad har Kvam herad etablert tilfredsstillande system og rutinar for mottak og handsaming av bekymringsmeldingar?
 - a) I kva grad er arbeidet med bekymringsmeldingar organisert på ein hensiktsmessig måte?
 - b) Blir meldingar handsama innan fristen på ei veke?
 - c) Blir henlagde meldingar tilstrekkeleg grunngeve?
 - d) Blir det gitt tilbakemelding til meldar om mottak og handsaming av meldinga?
2. I kva grad har Kvam herad etablert tilstrekkelege rutinar for igangsetting og gjennomføring av undersøkingar?
 - a) Blir undersøkingane gjennomført innanfor fristen på tre (eventuelt seks) månadar?
 - b) Blir undersøkingane tilstrekkeleg dokumenterte?
 - i. Blir det utarbeidd plan for undersøkingane?
 - ii. Blir gjennomføringa, observasjonar og konklusjonar tilstrekkeleg dokumentert og kvalitetssikra?
 - iii. Blir barnets stemme tilstrekkeleg dokumentert i undersøkinga?
3. I kva grad har Kvam herad etablert system og rutinar for iverksetting og oppfølging av hjelpetiltak?
 - a) Blir hjelpetiltaka iverksett innan rimeleg tid?
 - b) Blir det utarbeidd tiltaksplanar for alle vedtekne hjelpetiltak?
 - c) Blir hjelpetiltaka tilstrekkeleg følgt opp, evaluert og eventuelt korrigert?
 - d) Blir barns medverking tilfredsstillande dokumentert?
4. I kva er det etablert tilstrekkeleg system og rutinar for førebyggjande arbeid som involverer barneverntenesta i tenester til barn og unge?
 - a) Har Kvam herad etablert mål og planar for det førebyggjande arbeidet i kommunen?
 - b) I kva grad er det etablert system og rutinar for samarbeid mellom barneverntenesta og andre aktørar i det førebyggjande arbeidet i kommunen (som til dømes skule, barnehage, politi, helsestasjon, PPT)?

Deloitte har i tillegg levert følgjande problemstilling som opsjon:

5. I kva grad har kommunen etablert system og rutinar for å sikre tilstrekkeleg oppfølging og tilsyn av barn i fosterheimar?
 - a) Har kommunen tilgang til tilstrekkeleg med fosterheimar?
 - b) I kva grad rekrutterast fosterheimar i barnet sin familie og nære nettverk?
 - c) I kva grad er det etablert rutinar for godkjenning av fosterheimar?
 - d) I kva grad er det etablert tilfredsstillande rutinar knytt til oppfølging av barn sin situasjon i fosterheim?
 - i. Er det etablert omsorgsplan for barna?
 - ii. Blir det gjennomført tilstrekkeleg med oppfølgingsbesøk?
 - iii. Blir oppfølgingsbesøka tilstrekkeleg dokumenterte?
 - iv. Blir barn sin medverknad i eigen sak tilfredsstillande dokumentert?
 - v. Gir barnevernstenesta fosterforeldre naudsynt råd og rettleiing?
 - vi. Er det etablert rutinar for oppfølging av biologiske foreldre?
 - vii. I kva grad klarer kommunen å førebygge utilsikta flyttingar?
 - e) I kva grad er det etablert en tilfredsstillande ordning knytt til tilsyn med fosterheim?

Revisjonsrapporten er tenkt behandla i kontrollutvalet 30.09.2025 og lagt fram for heradsstyret i møte 07.11.2025.

7. Eigarskapskontroll

I gamal kommunelov var dette omtala som selskapskontroll som innebar både forvaltningsrevisjon i heradet sine selskap og heradet si eigaroppfølging av selskapa.

Etter ny kommunelov er det no slik at forvaltningsrevisjon i heradet sine selskap skal inngå i plan for forvaltningsrevisjon.

Kommunelova § 23-2. Kontrollutvalgets ansvar og myndighet punkt d lyd slik:

«Kontrollutvalget skal påse at:

d) det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper mv. (eierskapskontroll).»

Vidare går det fram av kommunelova § 23-4. Eierskapskontroll dette:

«Eierskapskontroll innebærer å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser, gjør dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og anerkjente prinsipper for eierstyring.»

7.1. Plan for eigarskapskontroll

Kommunelova § 23-4 Eigarskapskontroll lyd slik:

«Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for hvilke eierskapskontroller som skal gjennomføres. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens og fylkeskommunens eierskap. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for eierskapskontroll.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.»

Plan for eigarskapskontroll for perioden 2024 – 2028 vart handsama i heradsstyret 23.05.2024, der kontrollutvalet m.a. fekk slik fullmakt frå heradsstyret:

«Heradsstyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å foreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innanfor dei utvalde områda i planen.»

I den vedtekne planen er desse prosjekta sett opp i prioritert rekkefølge:

1. Overordna eigarskapsforvaltning i Kvam herad
2. Hardanger AKS AS
3. Kvam Energi AS

Det har ikkje vore igangsett eller handsama noko eigarskapskontroll eller oppfølging av heradet sine eigarinteresser i 2024. Kvammabadet KF inngår i konsernrekneskapen for heradet, og inngår dermed i den vanlege rekneskapsrevisjonen for heradet (jf. kap. 8).

8. Arbeid med rekneskapsrevisjon og den økonomiske situasjonen

8.1. Den økonomiske situasjonen for Kvammabadet KF

Kontrollutvalet handsama årsmelding og rekneskap 2023 for Kvammabadet KF i møte 07.05.2024 og vedtok slik uttale:

1. Kontrollutvalet registrere at Kvammabadet KF hadde eit netto driftsresultat på kr. 1 000 000 i 2023.
2. Kontrollutvalet støttar seg på Deloitte AS sin uttale om den økonomiske situasjonen for Kvammabadet KF i 2023 og har ikkje andre merknader til denne.
3. Uttalen vert å sende heradsstyret via formannskapet.

8.2. Den økonomiske situasjonen i Kvam herad

Kontrollutvalet i Kvam herad handsama årsrekneskapen for 2023 i møte 07.05.2024 der det vart gjeve m.a. slik uttale:

«Kontrollutvalet har 07.05.2024 handsama årsrekneskapen og årsmeldinga for 2023 for Kvam herad som vart motteke frå rådmann 30.03.2024, samt tilhøyrande revisjonsmelding dagsett 12.04.2024.

Heradet har i 2023 eit netto driftsresultat på kr 8.349.584. Revisor har, i revisjonsmeldinga, ikkje gitt merknadar til årsrekneskapen/årsmeldinga. Med grunnlag i kontrollutvalet sine kontrollaktivitetar retta mot økonomiforvaltninga, ei samla vurdering, tilrår derfor kontrollutvalet at årsrekneskap og årsmelding for 2023 vert godkjent slik dei ligg føre.

Kontrollutvalet vil likevel gjere heradsstyret merksam på følgjande forhold:

Viktige nøkkeltal i årsrekneskapen:

- Netto driftsresultat er på 0,75 % av driftsinntektene, tilrådinga frå TBU er minst 1,75 %.
- Gjennomsnittleg netto driftsresultat for dei siste fem åra har vore på 3,9 %.
- Gjeldsgrad er berekna til 111,1 % av driftsinntektene, Riksrevisjonen tilrår maks 75 %.
- Netto gjeldsbelastning er berekna til 5,8 % av driftsinntektene (inkl. korrigering av bokførte renter). Statsforvaltaren i Nordland tilrår at netto gjeldsbelastning ikkje overstig 5 %.
- Disposisjonsfond er berekna til 23,2 % av driftsinntektene, Riksrevisjonen si tilråding er på minst 5%.

Kontrollutvalet er uroa for at Kvam herad si lånegjeld har vore høg fleire år på rad, og gått opp etter eit par år med reduksjon. Lånegjelda ligg langt over Riksrevisjonen si tilråding. Den er i 2023 på 111 % ift. driftsinntektene, medan det er tilrådd at den ligg under 75 %. Tilsvarende tal i 2020 var på 127 %, i 2021 på 111 % og i 2022 på 104 %.

Andre områder:

Kontrollutvalet tilrår at Kvam herad prioriterer å sette fokus på forbettringsområda som kjem fram i revisjonsrapport nr. 17 for 2022 frå Deloitte. Revisjonsrapporten skildrar resultatet av nokre utvalde rekneskapsområde der dei har kartlagt og testa vesentlege interne kontrollar, og utført direkte kontroll av utvalde poster i rekneskapen.

Kontrollutvalet vil gjere Kvam herad spesielt merksam på to forhold:

- i) Revisor peiker på manglande budsjettjusteringar. Det kan vere i heradsstyret si interesse å få vurdert om det er samanheng mellom manglande investeringar og vedlikehaldsetterslepet, og om dei manglande budsjettjusteringane har andre konsekvensar for lokalsamfunnet si utvikling.
- ii) Revisor viser til at investeringar har blitt finansiert ved overføring frå ubundne fond når det skulle vore henta frå lån eller driftsrekneskapen. Det kan vere i heradsstyret si interesse å få vurdert om den ikkje-budsjetterte bruken av ubundne fond har generasjonskonsekvensar.

Kontrollutvalet er nøgd med Kvam herad si årsmelding knytt til omtale av kommunelova § 14-7 a-f, rapportering etter kommunelova § 25-2 om internkontroll, og rapportering etter kommunelova § 25-2 om resultatet frå gjennomførte tilsyn. Saksnr: 2023/430-15 Side 2 av 2

På bakgrunn av dette har kontrollutvalet slik oppsummering:

Ut over det som er nemnd i uttalen, og det som går fram av saksframlegget til kontrollutvalet i rekneskapssaka, samt revisjonsmeldinga av 12.04.2024 og revisjonsrapport nr. 17, datert 12.04.2023, har kontrollutvalet ikkje merknader til Kvam herad sin årsrekneskap for 2023».

På bakgrunn av denne uttalen vart det gjort slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Kvam herad sin årsrekneskap og årsmelding for 2023[, med dei endringar som kom fram i møtet].
2. På bakgrunn av det som kjem fram i revisjonsrapport nr. 17 for 2023 frå Deloitte AS, ber kontrollutvalet om at rådmannen kjem i møte 10.09.2024 for å gjera greie for kva som vil bli gjort i høve tilrådingane i rapporten.

NB: Det vart ikkje gjort endringar i uttalen i møtet. Teksten i klammeparentes i punkt 1 skulle vore stroke frå protokollen, men blei ikkje sletta ved ferdigstillinga av protokollen, og følgde uttalen til handsaminga i heradsstyret.

Ved skifte av sekretær for kontrollutvalet har oppfølging av punkt 2 i vedtaket ved ein inkurie ikkje blitt gjort til oppsett tid. Sekretariatet legg opp til at oppfølging av revisjonsrapport nr. 17 da skjer i årsrekneskapssaka for 2024.

8.3. Kommunaløkonomisk berekraft i Kvam herad

Kontrollutvalet inviterte rådmannen til å orientere i møte 22.11.21 om kva tiltak eller prosessar heradet gjennomfører for å ivareta kommunaløkonomisk berekraft, jf. kommunelova §§ 14-1 og 14-2 med t.d. slikt innhald:

Vedlikehaldsetterslep på veg og bygningar, gjeldsgrad mv. Denne orienteringa var tenkt som første stasjon i ei slik orientering og sekretariatet oppmoda utvalet til å kome med innspel til rådmann i vidare oppfølging.

Rådmannen har orientert kontrollutvalet om status før KØB ved fleire høve, seinast i møte 07.05.2024 der det vart gjort slikt vedtak:

1. Informasjonen vert teken til orientering.
2. Kontrollutvalet inviterer rådmannen til møte i april/mai 2025, for å koma med ny status når det gjeld heradet sitt arbeid med kommunaløkonomisk berekraft.

Denne orienteringa inneheld m.a. informasjon om status på vedlikehaldsetterslep på bygningar, veg, tunnel, bru, vatn og avløp mv., informasjon om arbeid med innsparingsprogram, samfunnsplan og eigedomsstrategi.

8.4. Kontroll av grunnlag for krav om momskompensasjon

I januar 2024 sendte Revisor heradet nummerert brev knytt til kontroll av Kvam herad sitt grunnlag for krav om meirverdiavgiftskompensasjon for 5. termin 2023. Ved kontroll av grunnlaget «var det for eitt av bilaga [i revisor sitt] utval, ikkje mogleg for revisor å utføra ein fullverdig kontroll av om [heradet] har krav på meirverdiavgiftskompensasjon då bokføringa ikkje var innretta slik at det kunne kontrollerast om det var rett til kompensasjon».

Problemstillinga gjaldt anskaffing til utleige av bustader som er særskild tilrettelagde for helse- eller sosiale føremål. Det blei «etter revisors førespurnad motteke tilbakemelding som har sannsynleggjort

at det ligg føre rett til meirverdiavgiftskompensasjon for dei aktuelle bilaga. [Revisor] vil likevel be om at leiinga for framtida bringer tilhøvet i orden ved at påkravd dokumentasjon vert lagt ved som bilagsdokumentasjon for inngåande fakturaer knytt til utleige av bustader med helse- eller sosiale føremål».

Nummererte brev «er å sjå på som oppbevaringspliktig rekneskapsmateriale».

På bakgrunn av dette brevet gav rådmannen, ved økonomisjef, orientering om saka til kontrollutvalet i april 2024. Kontrollutvalet tok informasjonen til orientering.

9. Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT)

FKT er ein interesseorganisasjon for kontrollutvala i Noreg og deira sekretariat. Kontrollutvalet i Kvam herad er medlem i FKT.

FKT sin årlege fagkonferanse vart halde i tidsrommet 04. - 05.06.2024 på Gardermoen. Leiar for kontrollutvalet i Kvam herad deltok. Årsmøtet i FKT vart gjennomført 04.06.2024.

Nyheitsbrev frå FKT med aktuelle tema for kontrollutvalet sitt arbeid er lagt fram som melding til kontrollutvalet.

10. Opplæring

«NKRF – kontroll og revisjon i kommunene» arrangerte sin årlege kontrollutvalskonferanse i tidsrommet 31.1 – 1.2.2024. Ingen av medlemmane i kontrollutvalet deltok på denne konferansen.

I februar 2024 deltok alle dei faste medlemmane i kontrollutvalet på felles folkevaltopplæring på Solstrand for kontrollutvala i kommunane i tidlegare Hordaland. Kjernen i opplæringa er kontrollutvalsboka, og innleggshaldarar var i hovudsak frå sekretariat for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune og oppdragsansvarleg partner i Deloitte.

I løpet av 2024 blei det i regi av Deloitte AS arrangert kurs for kontrollutvalet og administrasjonen innan «Innføring i rekneskap og momskompensasjon». Kostnaden til kurs frå Deloitte ligg inne som ein del av fastprisen i avtalen mellom Deloitte og kommunen.

11. Andre saker i kontrollutvalet i 2024

- Årsmelding 2023 for kontrollutvalet
- Møteplan for kontrollutvalet for 2024
- Retningslinjer for handtering av henvendingar til kontrollutvalet
- Revisjonsplan for revisjon av årsrekneskapen 2024
- Risikovurdering for forenkla etterlevingskontroll 2024
- Interimsrevisjon av årsrekneskapen 2024
- Kursbestillingar
- Budsjett for kontroll og tilsyn i Kvam herad for 2025
- Orientering om rådmannen sitt syn på klage på byggesak bnr 51 gnr 12 og 160
- Oppfølging av tilsynsrapport etter tilsyn med kommunal beredskap og helseberedskap i Kvam, utført av Statsforvaltaren i Vestland
- Oppfølging av tilsynsrapport etter tilsyn med heradet sitt arbeid for å sikre trygt og godt skulemiljø

12. Oppfølging av tidlegare gjennomførte revisjonar

Kontrollutvalet har i løpet av 2024 følgd opp status på kva tiltak som er sett i verk i høve heradsstyret sine vedtak i tidlegare gjennomførte forvaltningsrevisjonar. Resultatet av dette arbeidet går fram av punkta under.

Kontrollutvalet har eit særskilt ansvar for å følgje opp at heradsstyret sine vedtak i samband med handsaming av revisjonsrapportar vert følgd opp. Det vert vist til forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 5 som lyd slik:

«Kontrollutvalget skal påse at kommunestyrets eller fylkestingets vedtak om regnskapsrevisjoner, forvaltningsrevisjoner og eierskapskontroller blir fulgt opp og skal rapportere til kommunestyret eller fylkestinget om vedtaket er fulgt opp.»

12.1. Forvaltningsrevisjon av kvalitet, kompetanse og sjukefråvær i barnehagar

Kontrollutvalet handsama i møte 06.09.2021, PS 21/21 rapporten og gjorde slik innstilling som vart vedteke i heradsstyret 20.10.2021, PS 86/21:

Heradsstyret ber rådmannen om å:

1. Etablere eit felles malverk for utarbeiding av årsplanar i barnehagane i heradet, samt ein felles systematikk for oppfølging og evaluering av årsplanar.
2. Tydeleggjere rollar og ansvar for styrarar, pedagogiske leiarar og barnehageeigar når det gjeld arbeidsmiljørelatert arbeid i barnehagane.
3. Sikre at dei etablerte rutinane og malane for arbeidet med å gjennomføre 10-faktorundersøkinga og følgje opp påpeikte betringsområde er tilstrekkeleg kjende for styrarane i barnehagane, og at arbeidet blir gjennomført.
4. Jamleg evaluere om barnehagane blir drive i samsvar med krava i rammeplan og krav til innhald i barnehagen også når det ikkje er tilstrekkeleg dekkja med grunnbemanning i løpet av arbeidsdagen.
5. Når det gjeld arbeid med sjukefråvær i barnehagane:
 - a) Etablerer konkrete mål for sjukefråvær.
 - b) Sikrar systematisk oversikt over arbeidsrelaterte sjukefråvær lokalt og på tvers av barnehagane.
 - c) Etablerer planar for å systematisk følgje opp og førebyggje sjukefråvær.
 - d) Evaluerer jamleg om det systematiske arbeidet med førebygging og redusering av sjukefråvær lokalt i barnehagane fungerer som forutsett.
6. Utarbeide oversikt over kompetanse og behov for kompetanse for dei tilsette i barnehagane i heradet.
7. Sikre at det til ei kvar tid er tilstrekkeleg kvalifisert personell i barnehagane.
8. Gjennomføre systematiske risikovurderingar som omfattar mellom anna kva følger sjukefråvær kan ha for barnehagetilbodet.
9. Sikre systematisk og kontinuerleg tilsyn med barnehagane i heradet, under dette:
 - a) Gjennomfører risikoanalyse
 - b) Utarbeider ein plan for tilsyn
 - c) Gjennomfører tilsyn
10. Etablere rutinar som skildrar ansvar og oppgåver knytt til barnehageopptaket i heradet.
11. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 12.11.2021 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Denne forvaltningsrevisjonen har vore følgd opp fem gongar, seinast i møte i kontrollutvalet 10.09.2024 der det vart gjort slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet tar tilbakemeldinga frå rådmannen når det gjeld forvaltningsrevisjon kvalitet, kompetanse og sjukefråvær i barnehage i Kvam herad til orientering.
2. Kontrollutvalet takkar for ei sær s fyldig og god tilbakemelding, ser at det har vore eit tidkrevjande og omfattande arbeid, og takkar for forbetringsarbeidet som har vore gjort.

3. Kontrollutvalet merkar seg at arbeidet med oppfølging av forvaltningsrevisjonen har vore godt og gjeve gode resultat, og vonar at det gir seg resultat i vidare redusert sjukefråvær. Kontrollutvalet har på noverande tidspunkt ikkje behov for fleire orienteringar i saka, og vel å lukke ho.

12.2. Forvaltningsrevisjon personalpolitikk med fokus på tilsetjingsprosedyrar og vikarbruk

Kontrollutvalet i Kvam herad vedtok i møte 22.11.21 å gjennomføre forvaltningsrevisjon innan personalpolitikk med fokus på tilsettingsprosedyrar og vikarbruk. Heradsstyret behandla revisjonsrapporten i møte 28.03.23 der det vart gjort slikt vedtak etter innstilling frå kontrollutvalet:

På bakgrunn av gjennomført forvaltningsrevisjon innan personalpolitikk med fokus på tilsetjingsprosedyrar og vikarbruk i Kvam herad ber heradsstyret rådmannen syta for å:

1. Utarbeide skriftlege rutinar for å dokumentere habilitetsvurderingar.
2. Utarbeide skriftlege rutinar for relevante reglar slik som 3 og 4-årsregelen.
3. Utarbeide ei sjekkliste/kort rutine for tilsetjing i kortare vikariat/timebaserte stillingar.
4. Sikre at dei vurderingane som i praksis blir gjort i rekutteringsgruppene blir tilstrekkeleg dokumentert i det omfang og i den tidsperioden som er nødvendig.
5. Følgje opp funn i undersøkinga om korleis dei tilsette opplever det psykososiale arbeidsmiljøet og ytringskulturen, og setje i verk avhjelpande tiltak.
6. Heradsstyret ber også om at rådmannen lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 31.05.2023 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Denne forvaltningsrevisjonen har vore følgd ved fire høve seinast i møte 10.09.2024 der det vart gjort slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet ser det som positivt at Kvam herad i hovudsak er ferdig med forbetningsarbeidet etter forvaltningsrevisjon innan personalpolitikk med fokus på tilsetjingsprosedyrar og vikarbruk, men tar til orientering at det står litt att kva gjeld det psykososiale arbeidsmiljøet og ytringskultur.
2. Kontrollutvalet ber om å få ny skriftleg orientering om status i forbetningsarbeidet etter denne forvaltningsrevisjonen for punkt 5 til møte i utvalet i september 2025. Inkludert i denne statusen bør det vere med ei eigenevaluering av om tiltaka har hatt eller kjem til å ha tenkt effekt.
3. Tilbakemeldinga vert å sende sekretariatet innan 19.08.2025.

Kvam herad

Kontrollutvalet
c/o Sekretariat for kontrollutvalet
Vestland fylkeskommune
Askedalen 2
6863 Leikanger

telefon: 05557

e-post: hogne.haktorson@vlfk.no
e-post: stian.skar.ludvigsen@vlfk.no
e-post: kjartan.haugsnæs@vlfk.no
e-post: helge.inge.johansen@vlfk.no
e-post: einar.kare.ulla@vlfk.no
e-post: kontrollutvalet@vlfk.no



Saksframlegg

Saksnr: 2024/91-16

Saksbehandlar: Stian Skår Ludvigsen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kvam herad, Kontrollutvalet	3/25	18.02.2025

Forvaltningsrevisjon innan barnevern - status i arbeidet ved Deloitte

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

Samandrag

Føremålet med denne saka er at Deloitte skal gjera greie for status for arbeidet med den pågåande forvaltningsrevisjonen innan barnevernstenesta i Kvam.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Stian Skår Ludvigsen
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet handsama prosjektplan for forvaltningsrevisjon innan barnevernstenesta i Kvam i møte 10.09.2024, sak PS 35/24, der følgjande vart protokollert:

Behandling i møte

Beate Gauden (MDG) ba om å få vurdert sin gildskap grunna nær relasjon til tidlegare fosterbarn.

Bjarte Helland (INP) ba om å få vurdert sin gildskap grunna at han er fosterforelder til eit barn frå anna kommune, og dermed underlagt tilsyn frå Kvam herad.

Revisor opplyste om at det ikkje er aktuelt å gå inn i gamle saker, men at det er aktuelt å gå inn i Kvam si tilsynsrolle ovanfor fosterheimar med barn frå andre kommunar.

Gauden og Helland trådte frå første votering over gildskap. Eit samstemt utval fann Beate Gauden gild.

Helland trådte frå andre votering over gildskap. Eit samstemt utval fann Bjarte Helland ugild.

Forvaltningsrevisor, Annbjørg Ryssdal, orienterte om prosjektplanen og svarte på spørsmål.

Det blei ytra ønske om å intervju fosterforeldre. Revisor meinte det kunne la seg gjere å intervju interesseorganisasjon for fosterforeldre. Revisor vil leggje til ei setning om dette i revidert prosjektplan, og evt. kome tilbake til kontrollutvalet med behov for fleire timar i tilleggsbestilling om det er aktuelt.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon innan barneverntenesta i Kvam herad frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Ev. ny korrigerert prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 24.09.2024. Dersom korrigeringar, har kontrollutvalsleiar i samråd med sekretariatet fullmakt til å godkjenna den endelege prosjektplanen.
3. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan, under føresetnad av at maksimalt 258 timar fakturerast i 2024.
4. Det vert også akseptert følgjande opsjonar:
 - a) Inkludering av problemstillingar knytt til fosterheimar i forvaltningsrevisjonen, inntil 85 timar.
 - b) Presentasjon av rapporten i Kvam heradsstyre fakturert etter timeforbruk, inntil 6 timar.
5. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan 19.08.2025, ferdig verifisert og med rådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

I etterkant av møtet sendte forvaltningsrevisor oppdatert prosjektplan i tråd med punkt 2 i vedtaket over. I oversendinga skriv revisor mellom anna: «Etter innspel frå kontrollutvalet er det lagt inn ei setning om intervju med representant i organisasjon som representerer fosterforeldre lagt i 3.2 *intervju* i prosjektplanen».

I godkjent prosjektplan har revisor definert slikt føremål:

«Føremålet med forvaltningsrevisjonen vil vere å undersøke om barneverntenesta etterlever sentrale krav knytt til sakshandsaming og oppfølging av barn i barneverntenesta».

Med bakgrunn i føremålet er det utarbeidd slike problemstillingar som vil bli undersøkt:

- 1. I kva grad har Kvam herad etablert tilfredsstillande system og rutinar for mottak og handsaming av bekymringsmeldingar?**
 - a) I kva grad er arbeidet med bekymringsmeldingar organisert på ein hensiktsmessig måte?
 - b) Blir meldingar handsama innan fristen på ei veke?
 - c) Blir henlagde meldingar tilstrekkeleg grunngjeve?
 - d) Blir det gitt tilbakemelding til melder om mottak og handsaming av meldinga?
- 2. I kva grad har Kvam herad etablert tilstrekkelege rutinar for igangsetting og gjennomføring av undersøkingar?**
 - a) Blir undersøkingane gjennomført innanfor fristen på tre (eventuelt seks) månadar?
 - b) Blir undersøkingane tilstrekkeleg dokumenterte?
 - i. Blir det utarbeidd plan for undersøkingane?
 - ii. Blir gjennomføringa, observasjonar og konklusjonar tilstrekkeleg dokumentert og kvalitetssikra?
 - iii. Blir barnets stemme tilstrekkeleg dokumentert i undersøkinga?
- 3. I kva grad har Kvam herad etablert system og rutinar for iverksetting og oppfølging av hjelpetiltak?**
 - a) Blir hjelpetiltaka iverksett innan rimeleg tid?
 - b) Blir det utarbeidd tiltaksplanar for alle vedtekne hjelpetiltak?
 - c) Blir hjelpetiltaka tilstrekkeleg følgt opp, evaluert og eventuelt korrigert?
 - d) Blir barns medverking tilfredsstillande dokumentert?
- 4. I kva er det etablert tilstrekkeleg system og rutinar for førebyggjande arbeid som involverer barneverntenesta i tenester til barn og unge?**
 - a) Har Kvam herad etablert mål og planar for det førebyggjande arbeidet i kommunen?
 - b) I kva grad er det etablert system og rutinar for samarbeid mellom barneverntenesta og andre aktørar i det førebyggjande arbeidet i kommunen (som til dømes skule, barnehage, politi, helsestasjon, PPT)?

Kontrollutvalet har i tillegg vedteke å ta inn følgjande problemstilling (tilbode som opsjon):

- 5. I kva grad har kommunen etablert system og rutinar for å sikre tilstrekkeleg oppfølging og tilsyn av barn i fosterheimar?**
 - a) Har kommunen tilgang til tilstrekkeleg med fosterheimar?
 - b) I kva grad rekrutterast fosterheimar i barnet sin familie og nære nettverk?
 - c) I kva grad er det etablert rutinar for godkjenning av fosterheimar?
 - d) I kva grad er det etablert tilfredsstillande rutinar knytt til oppfølging av barn sin situasjon i fosterheim?
 - i. Er det etablert omsorgsplan for barna?
 - ii. Blir det gjennomført tilstrekkeleg med oppfølgingsbesøk?
 - iii. Blir oppfølgingsbesøka tilstrekkeleg dokumenterte?
 - iv. Blir barn sin medverknad i eigen sak tilfredsstillande dokumentert?
 - v. Gir barnevernstenesta fosterforeldre naudsynt råd og rettleiing?
 - vi. Er det etablert rutinar for oppfølging av biologiske foreldre?
 - vii. I kva grad klarer kommunen å førebygge utilsikta flyttingar?
 - e) I kva grad er det etablert en tilfredsstillande ordning knytt til tilsyn med fosterheim?

Metode

I dette revisjonsprosjektet vil Deloitte m.a. nytta dokumentanalyse, intervju, stikkprøvekontroll, analyse av statistikk og verifisering og høyring som metode.

Tidlegare handsaming av status i arbeidet

Kontrollutvalet handsama status i arbeidet med forvaltningsrevisjonen i møte 03.12.2024, der mellom anna følgjande vart protokollert:

Prosjektleiar for forvaltningsrevisjonen, Annbjørg Ryssdal, orienterte om status i arbeidet:

- Har hatt oppstartsmøte med kommunen og fått all dokumentasjon dei har bedt om.
- Har gjennomført alle intervju med kommunen.
- Har prøvd å kontakte fosterheimsforeninga, men ikkje fått avtale om intervju.
- Nokre stikkprøvekontrollar står att.
- Godt i rute til å levere innan tida.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har mynde til å gjennomføre forvaltningsrevisjonar medan det er heradsstyret som har mynde til å vedta revisjonsrapporten, jf. kommunelova § 23-3 og § 23-5.

Vurderingar og verknader

Deloitte vil i møtet orientere om status og framdrift i prosjektet. Dei vert også utfordra på å ta opp med kontrollutvalet dersom dei ser tilhøve (raude eller gule flagg) som gjer at det bør gjerast endringar i bestillinga.

Konklusjon

Dersom det ikkje kjem fram særskilte opplysningar, vert det tilrådd at kontrollutvalet tar informasjonen frå forvaltningsrevisor til orientering. Om det derimot td. blir argumentert for at det trengst lenger frist på levering av revisjonsrapport, eller anna som krev justering ift. godkjend prosjektplan, må alternativt forslag til vedtak utformast i møtet.



Saksframlegg

Saksnr: 2023/428-8

Saksbehandlar: Stian Skår Ludvigsen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kvam herad, Kontrollutvalet	4/25	18.02.2025

Gjennomgang av møteprotokollar

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksframstillinga til orientering.

Samandrag

I denne saka er tanken at kontrollutvalet skal gjera ei vurdering av saker i møteprotokollar frå andre politiske utval i Kvam herad som kan vera av interesse for utvalet.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Stian Skår Ludvigsen
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I møte i kontrollutvalet 30.11.2023 vart kontrollutvalet samde om å fordele oppgåvene med å lese gjennom møteprotokollane. I møte i kontrollutvalet 03.12.2024 blei det gjort nokre justeringar i fordelinga av oppgåver, som no er fordelt slik:

Politisk organ:	Kontrollutvalsmedlem:
Heradsstyret	Jan-Ove Fredheim og Beate Gauden
Formannskapet	Borghild Storaas Ones
Miljø, plan og bygningsutval	Trygve Vik

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å handsame sak om gjennomgang av møteprotokollar, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

I denne saka er tanken at kontrollutvalet skal gjera ei vurdering av saker i møteprotokollar frå andre politiske utval i Kvam herad. Kontrollutvalet kan be om nærare informasjon om enkeltsaker og drøfte ulike problemstillingar som ein finn av særleg interesse i protokollane. Møtebøkene kan lastas ned frå heimesida til heradet [Møteplan 2024 - Kvam herad - Nettsider for Kvam herad \(www.kvam.no\)](http://www.kvam.no)

Dette er ein av fleire måtar å gjera seg kjent med det politiske arbeidet i heradet på, og kunna fanga opp saker som no eller på eit seinare tidspunkt kan vera eit aktuelt saksfelt for kontrollutvalet.

Til dette møtet er det desse møteprotokollane som er aktuell for gjennomgang:

- Heradsstyret 12.12.24
- Formannskapet 31.01.25
- Miljø, plan og bygningsutval 05.02.25

Konklusjon

Dersom det ikkje kjem fram noko spesielt i gjennomgangen av protokollane som kontrollutvalet bør vite meir om, vert det tilrådd at kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksframstillinga over til orientering.



Saksframlegg

Saksnr: 2023/398-31
Saksbehandlar: Stian Skår Ludvigsen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kvam herad, Kontrollutvalet	5/25	18.02.2025

Laupande risiko- og vesentlegvurdering

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Samandrag

Denne saka er for at kontrollutvalet skal kunne foreta laupande risikovurdering med tilhøyrande justeringar i planane for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll, slik at risikovurderinga og prioriteringane er oppdaterte til eventuelt komande bestillingar av prosjektpolar.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Stian Skår Ludvigsen
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Risiko- og vesentlegvurderingar for Kvam herad 2024-2028

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kvam heradsstyre vedtok gjeldande planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i møte 23.05.2024. Planane byggjer på ei felles risiko- og vesentlegvurdering som kontrollutvalet har fått utarbeidd (vedlegg 1), og samrøystes vedtak i heradsstyret følgjer kontrollutvalet sine innstillingar i sakane.

I plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2024-2028 er følgjande prosjekt prioriterte:

1. Barnevern
2. Anskaffingar og kontraktsoppfølging
3. Bemanning og sjukefråvær
4. Kvam Energi AS
5. Tenester til personar med nedsett funksjonsevne
6. Saksførebuing og vedtaksoppfølging

I tillegg var ei rekkje uprioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt lagt til:

- Internkontroll
- Tilpassa opplæring
- Psykisk helse og rustenester
- Samhandling mellom tenester retta mot barn og unge
- Tilsyn og ulovlegheitsoppfølging
- Helsestasjon og skulehelsetenesta
- Informasjonstryggleik og personvern
- Flyktningtenester og integrering
- Kunstig intelligens
- Trygt og godt skulemiljø
- Pleie og omsorg
- Vedtakspraksis i forvaltningseininga
- Hardanger AKS AS
- Kvammabadet KF

I plan for eigarskapskontroll for perioden 2024-2028 er følgjande prosjekt prioriterte:

1. Overordna eigarskapsforvaltning i Kvam herad
2. Hardanger AKS AS
3. Kvam Energi AS

I planane er det lagt inn slik tekst:

«Om kommunestyret ber kontrollutvalet gjennomføre ein forvaltningsrevisjon/eigarskapskontroll, eller kontrollutvalet gjer risiko- og vesentlegvurderingar som tilseier at andre område/eigarskapskontrollar bør prioriterast, kan kontrollutvalet avvike frå vedteke plan for forvaltningsrevisjon/eigarskapskontroll. Dersom kontrollutvalet finn det hensiktsmessig kan plan for forvaltningsrevisjon/eigarskapskontroll rullerast i løpet av perioden.»

I heradsstyret sine vedtak er det mellom anna gjort slike likelydande vedtak:

3. Heradsstyret delegerer mynde til kontrollutvalet å foreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innanfor dei utvalde områda i planen.
4. Planen skal evaluerast minst ein gong valperioden. Heradsstyret delegerer mynde til kontrollutvalet å gjere denne evalueringa.

Kontrollutvalet handsama bestilling av prosjektplan for det høgast prioriterte forvaltningsrevisjonsprosjektet i møte 07.05.2024 (under atterhald om at heradsstyret følgde kontrollutvalet si innstilling), og gjorde bestilling av forvaltningsrevisjon innan barnevernstenesta i møte 10.09.2024.

Vedtakskompetanse

Kommunelova oppgjer at hensikta med risiko- og vesentlegvurderingane er «å finne ut hvor det er størst behov for» forvaltningsrevisjon (§ 23-3) og eigarskapskontroll (23-4). Desse vurderingane skal leggjast til grunn for plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll, som «minst

én gang i perioden» skal utarbeidast av kontrollutvalet og vedtakast av kommunestyret. Etter lova kan kommunestyret delegere til kontrollutvalet å gjere endringar i planane, og dette har Kvam heradsstyre gjort.

Vurderingar og verknader

Risiko- og vesentlegvurderinga blei utarbeidd heilt i starten av ny valperiode. Det heiter seg at «risikovurdering er ferskvare», og for å sikre at sekretariatet legg opp til prosjektbestillingar som kontrollutvalet framleis opplever som relevante, ønskjer sekretariatet å leggje til rette for at kontrollutvalet laupande kan diskutere risiko- og vesentlegvurderinga og gjere eventuelle justeringar i prioriteringane.

Ved å setje opp denne saka, er det høve for kontrollutvalet sine medlemmer å fremje nye synspunkt på dei vurderingar og prioriteringar som er gjort, og sekretariatet kan byggje på oppdaterte prioriteringar når det blir høve til å gjere nye bestillingar.

Gjennom å ta ei laupande vurdering av risiko, er det òg høve for kontrollutvalet å prioritere på tvers av plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll. I kommunelova må kravet om å utarbeide planane «forstås slik at kommunene og fylkeskommunen har plikt til å gjennomføre» både forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontrollar (Prop. 46 L (2017-2018), s. 405 og 406). Det er derfor krav om at kontrollutvalet bestiller minst ein forvaltningsrevisjon og ein eigarskapskontroll i perioden, og det er derfor nausynt at kontrollutvalet prioriterer på tvers av planane.

Gjennom saka kan kontrollutvalet også gi signal om når det ønskjer å få lagt fram sak om bestilling av ny prosjektplan. Det vil truleg ikkje vere behov for å be om dette før tidlegast i møte 06.05.2025, da det framleis vil vere eit pågåande forvaltningsrevisjonsprosjekt i heradet.

Tidlegare har det vore utarbeidd ei risiko- og vesentlegvurdering i starten av valperioden og ei halvtidsavaluering etter om lag to år. Sekretariatet legg opp til at slike vurderingar ved behov kan koma opp hyppigare. Denne saka er eit døme på det.

Det er avtalt med rådmannen at ho stiller under handsaminga for å kunne svare på spørsmål.

Konklusjon

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak. Kontrollutvalet har fått delegert mynde til å gjere prioriteringar innan planane for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Dersom kontrollutvalet ser behov for å gjere dette, bør kontrollutvalet sine medlemmer fremje forslag til omprioriteringar og prioriteringar på tvers av planane, og kan også fremje forslag til vedtak om til kva tid dei ønskjer bestillingar lagt fram for utvalet.

Kvam herad

Risiko- og vesentlegvurderingar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll

April 2024

«Risiko- og vesentlegvurderingar for
forvaltningsrevisjon og
eigarskapskontroll»

April 2024

Rapporten er utarbeidd for Kvam herad
av Deloitte AS.

Deloitte AS
Postboks 6013 Postterminalen, 5892
Bergen
tlf: 55 21 81 00
www.deloitte.no
forvaltningsrevisjon@deloitte.no

Innhold

1	Innleiing	4
2	Organisering og nøkkeltal	7
3	Gjennomførte og planlagde forvaltningsrevisjonar, eigarskapskontrollar og statlege tilsyn	10
4	Forvaltningsrevisjon – oversikt over identifiserte risikoområder i forvaltninga	12
5	Risiko i heradet si eigarstyring og selskap	27
6	Forslag til forvaltningsrevisjons-prosjekt og eigarskapskontrollar	34
	Vedlegg 1 Utvida risikoanalyse av selskap med rekneskapstal	38
	Vedlegg 2 Oversikt over stiftingar, samarbeid og foreiningar	47
	Vedlegg 3 Rekneskapsanalyse	48

Detaljert innhaldsliste

1	Innleiing	4
1.1	Bakgrunn	4
1.2	Forvaltningsrevisjon	4
1.3	Eigarskapskontroll	4
1.4	Plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll	4
1.5	Metode og gjennomføring	5
1.5.1	Prosessmøte 1 med kontrollutvalet	5
1.5.2	Dokumentanalyse	5
1.5.3	Analyse av statistikk	5
1.5.4	Intervju	5
1.5.5	Spørjeundersøking	5
1.5.6	Gjennomgang av selskapsopplysningar i bedriftsdatabase	5
1.5.7	Prosessmøte 2 med kontrollutvalet	5
1.5.8	Vedtak av plandokument	5
1.6	Lesarrettleiing	5
2	Organisering og nøkkeltal	7
2.1	Organisering	7
2.2	Finansielle nøkkeltal	7
2.3	Befolkningsutvikling	8
2.5	Heradet sine eigarskap	9
3	Gjennomførte og planlagde forvaltningsrevisjonar, eigarskapskontrollar og statlege tilsyn	10
3.1	Tidlegare gjennomførte forvaltningsrevisjonar av den kommunale verksemda	10
3.2	Tidlegare gjennomførte forvaltningsrevisjonar i selskap	10
3.3	Tidlegare gjennomførte eigarskapskontrollar	10
4	Forvaltningsrevisjon – oversikt over identifiserte risikoområder i forvaltninga	12
4.1	Sektorovergripande funksjonar	13
5	Risiko i heradet si eigarstyring og selskap	27
5.1	Innleiing	27
5.2	Oversikt over heradet sine eigarskap	28
5.3	Oversikt over identifiserte risikoområde knytt til heradet sine eigarskap og i selskapa	31
6	Forslag til forvaltningsrevisjons-prosjekt og eigarskapskontrollar	34
6.1	Oversikt over prosjekt med høg risiko (raude)	34
6.2	Oversikt over prosjekt med middels risiko (gul)	35
6.3	Oversikt over prosjekt eigarskapskontroll	37
	Vedlegg 1 Utvida risikoanalyse av selskap med rekneskapstal	38
	Vedlegg 2 Oversikt over stiftingar, samarbeid og foreiningar	47
	Vedlegg 3 Rekneskapsanalyse	48

Figurar

Figur 1: Organisasjonskart	7
Figur 2: Løyvingar til ulike tenestoområda (beløp i 1000 kr)	8
Figur 3 Eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon i selskap	27

Tabellar

Tabell 1: Oversikt over heradet sine eigarskap i selskap	9
Tabell 2: Identifiserte risikoområde knytt til sektorovergripande funksjonar	13
Tabell 3: Identifiserte risikoområde knytt til oppvekst	16
Tabell 4: Identifiserte risikoområde knytt til helse og omsorg	19
Tabell 5: Identifiserte risikoområder knytt til plan og byggesak	23
Tabell 6: Identifiserte risikoområde knytt til samfunn, næring og kultur	24
Tabell 7: Identifiserte risikoområder knytt til teknisk og informasjon	25
Tabell 8: Identifiserte risikoområder knytt til kommunale føretak	26
Tabell 9 Oversikt over selskapa heradet eig eller har eigardelar i	29
Tabell 10: Identifiserte risikoområde i kommunens eigarskapsforvaltning og i heradet sine selskap	31
Tabell 11: Prosjekter med høg risiko (raude)	34
Tabell 12: Prosjekt med middels risiko (gul)	35
Tabell 13: Eigarskapskontroll	37

1 Innleiing

1.1 Bakgrunn

I samsvar med prosjektplanar vedtatt av kontrollutvalet i møte 11.10.2023, sak PS 42/23 har Deloitte gjennomført risiko- og vesentlegvurdering (ROV-vurderingar) av Kvam herad si verksemd og i selskapa der Kvam herad har eigarinteresser. Føremålet med ROV-vurderingane har vore å skaffe relevant informasjon om verksemdene i heradet og selskapa der heradet har eigarinteresser, og å undersøke kvar det eventuelt kan vere aktuelt å gjennomføre forvaltningsrevisjon og/eller eigarskapskontroll.

ROV-vurderingane er systematisert og framstilt i dette analysedokumentet. Dokumentet danner grunnlag for kontrollutvalet sitt arbeid med planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for 2024-2028.

I arbeidet med ROV-vurderingane og utarbeidinga av analysedokumentet har det blitt gjennomført møte med kontrollutvalet, dokumentgjennomgang, intervju og spørjeundersøkingar (sjå seksjon 1.5).

Analysen er av overordna karakter og i stor grad basert på informasjonen som har kome fram gjennom intervju, spørjeundersøking og gjennomgang av dokumentasjon. Datagrunnlaget er i avgrensa grad verifisert. Datagrunnlaget er i analysedokumentet nytta som indikasjon på risikoforhold som kan eller ev. bør følgjast opp/undersøkjast i forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll eller gjennom andre undersøkingar, dersom kontrollutvalet og heradsstyret ønskjer dette.

1.2 Forvaltningsrevisjon

I kommunelova § 23-3 går det fram at forvaltningsrevisjon inneber å gjere systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, regeletterleving, målinnfriing og verknader ut frå heradsstyret sine vedtak og føresetnader. Same lov § 23-2 bokstav c), pålegg kontrollutvalet å sjå til at det blir gjennomført forvaltningsrevisjon av heradet si verksemd og av selskap som heradet har eigarinteresser i.

Kommunelova § 23-3 andre ledd stiller krav om at det skal utarbeidast ein plan for forvaltningsrevisjon:

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innan utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert,

utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner.

Det er vidare eit krav at plan om forvaltningsrevisjon skal vere basert på ei risiko- og vesentlegvurdering (ROV-vurdering).

Føremålet med ROV-vurderinga er å skaffe relevant informasjon om verksemda i heradet og i selskapa der heradet har eigarinteresser, slik at det er mogleg for kontrollutvalet å leggje ein plan for forvaltningsrevisjon og å prioritere mellom ulike område og ulike selskap der det kan vere aktuelt å gjennomføre forvaltningsrevisjon.

1.3 Eigarskapskontroll

Eigarskapskontroll er ei oppgåve som er lagt til kontrollutvalet etter kommunelova § 23-2 bokstav d), og er nærare skildra i kommunelova § 23-4. Der går det fram at eigarskapskontroll inneber å kontrollere om forvaltninga av heradet sine eigarinteresser blir skjøtta i samsvar med regelverk, heradsstyret sine vedtak og anerkjende prinsipp for eigarstyring.

Kommunelova § 23-4 andre ledd stiller krav om at det skal utarbeidast ein plan for eigarskapskontroll:

Kontrollutvalet skal minst én gang i valgperioden, og senest innan utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for hvilke eigarskapskontroller som skal gjennomføres.

Som med plan for forvaltningsrevisjon, skal også plan for eigarskapskontroll vere basert på ei ROV-vurdering.

Føremålet med ROV-vurderinga er å skaffe relevant informasjon om kor det er størst behov for eigarskapskontroll, slik at det er mogleg for kontrollutvalet å leggje ein plan for eigarskapskontroll og å prioritere kva eigarskapskontrollar det kan vere aktuelt å gjennomføre.

1.4 Plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll

Det er heradsstyret som vedtek plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll. Heradsstyret kan delegere til kontrollutvalet å gjere endringar i planen.

1.5 Metode og gjennomføring

I prosessen med ROV-vurderingar har vi nytta ein metodikk med høg grad av involvering, både av kontrollutvalet og av sentrale personar i administrasjonen og i heradsstyret. Ei slik tilnærming har bidrege til at vi har avdekka kva forvaltningsområde, tenesteområde, selskap og eigarskap det er knytt størst risiko til. I tillegg har høg grad av involvering bidrege til å forankre planarbeidet og gjere det kjent både i heradsstyret og i administrasjonen. Dette vil skape eit godt grunnlag for gjennomføring av prosjekta som blir prioritert i planane

1.5.1 Prosessmøte 1 med kontrollutvalet

I det første prosessmøtet fekk kontrollutvalet høve til å diskutere og vurdere risikoar innanfor heradet sine ansvarsområde og knytt til drifta i selskapa der heradet har eigarinteresser, basert på eiga erfaring frå arbeidet i kontrollutvalet.

1.5.2 Dokumentanalyse

Dokumentanalysen tok utgangspunkt i planar, meldingar og rapportar frå heradet. Vi har òg undersøkt kva tilsyn som er gjennomført og eventuelt planlagt i heradet. Desse har samla gitt eit oversyn over heradet sine mål og strategiar, samt bidrege til å avdekke område med risiko eller behov for forbetring.

1.5.3 Analyse av statistikk

Vi har gjennomgått relevant statistikk (KOSTRA-tall, tall frå kommunebarometeret, tenestespesifikke tall frå Udir, Helsedirektoratet, Bufdir mv.), for å undersøke om det er områder der heradet skil seg frå kommunar det er relevant å samanlikne seg med og gjennomsnittet for landet. Samanlikningane kan gi indikasjonar på risikoområder som det kan være relevant å undersøke nærare.

1.5.4 Intervju

Vi har gjennomført intervju med både politiske og administrative leiarar i heradet. Vi har intervjuar rådmann, samt sentrale leiarar frå administrasjonen (8 personar). I tillegg har vi intervjuar ordførar og varaordførar/leiar for miljø-, plan-, og bygningsutvalet (2 personar).

1.5.5 Spørjeundersøking

Administrative leiarar og heile heradsstyret har vore involvert blir i ROV-vurderingane gjennom ei undersøking i Questback (elektronisk spørjeundersøkingverktøy). I denne blei leiarar og

politikarar beden om å peike på potensielle risikoar innanfor det tenesteområdet dei har ansvar for eller kjenner særleg til, samt risikoområder knytt til selskap heradet har eigarskap i.

1.5.6 Gjennomgang av selskapsopplysningar i bedriftsdatabase

Deloitte har nytta Dun & Bradstreet SmartCheck for å få tilgang til rekneskapsopplysningar og informasjon om eigarskap og eigarskapsstruktur. Denne informasjonen er nytta både for å få oversyn over alle aktuelle selskap som skal omfattast av ROV-vurderingane, og for å avdekke eventuelle risikoar gjennom dei føreliggjande finansielle nøkkeltala.¹

1.5.7 Prosessmøte 2 med kontrollutvalet

I dette møtet legg revisjonen fram ROV-vurderingane (dette dokumentet) og basert på desse, forslag til prosjekt. ROV-vurderingane og forslag til prosjekt vil i dette møtet bli lagt til grunn når kontrollutvalet skal prioritere område eller prosjekt for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for dei neste fire åra.

1.5.8 Vedtak av plandokument

Basert på dei prioriteringane som kontrollutvalet gjer i prosessmøte 2, vil det bli utarbeidd to plandokument. Dokumenta blir vedtatt av kontrollutvalet før det blir sendt vidare til heradsstyret for endeleg vedtak.

1.6 Lesarrettleiing

Innspela som er samla inn i samband med den ROV-vurderinga er systematiserte og framstilte i dette dokumentet. Dokumentet er meint som eit grunnlag for kontrollutvalet for å velje ut og prioritere forvaltningsrevisjonsprosjekt og eigarskapskontrollar.

I kapittel 2 gir vi ei kort oversikt over organisering av og nøkkeltal for heradet.

Kapittel 3 inneheld oversikt over tidlegare gjennomførte og pågåande forvaltningsrevisjonar, selskapskontrollar, eigarskapskontrollar, samt oversikt over gjennomførte og planlagde tilsyn.

Kapittel 4 omhandlar forvaltningsrevisjon. Her presenterer vi oversikt over identifiserte risikoområder innan dei ulike verksemdsområda. Risikoområder knytt til eigarstyring og selskapa er omtalt i kapittel 5. Risikovurderingane og forslag til prosjekter er basert på

¹ Ikkje alle interkommunale selskap (IKS) er underlagt innleveringsplikt til Brønnøysundregisteret. Det førekjem også at slike selskap ikkje leverer årsregnskap til Brønnøysundregisteret. I

desse tilfella har ikkje revisjonen tilgang på nøkkeltal. Slike manglande data vil bli opplyst om der det er relevant.

ein overordna gjennomgang av heradet sine tenestoområde og selskapa heradet har eigarskap i.

I vedlegg 1 presenterer vi ei utvida risikoanalyse av selskap med rekneskapstal. Vedlegg 2 viser ei oversikt over stiftingar, samarbeid og foreiningar. I vedlegg 3 beskriver vi rekneskapsanalysen.

Risikovurderingane knytt til forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll dannar grunnlag for forslag til forvaltningsrevisjonsprosjekt og eigarskapskontrollar. Forslagene er presentert i kapittel 6.

Forslagene til prosjekter er ikkje presentert i prioritert rekkefølge. Prioritering og val av prosjekter skal kontrollutvalet gjere. Kontrollutvalet står også fritt til å leggje til og/eller ta vekk prosjekter frå lista som her er presentert.


2 Organisering og nøkkeltal

2.1 Organisering

Kvam herad er organisert som ein *to-nivåmodellkommune*. Leiinga består av rådmann og sju kommunalavdelingar med tilhøyrande tenesteområde.

- *Oppvekst*
- *Helse og omsorg*
- *Teknisk og informasjon*
- *Plan og byggesak*
- *Samfunn, næring og kultur*
- *Økonomi*
- *HR*

Figur 1: Organisasjonskart



2.2 Finansielle nøkkeltal

Netto driftsresultat er ein hovudindikator for økonomisk balanse i kommunesektoren, jf. berekningsutvalet for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU). Netto driftsresultat viser kor mykje som kan disponerast til avsetningar og investeringar etter at driftsutgifter, renter og avdrag er betalt. TBU tilrår at netto driftsresultat for kommunane er over tid på 1,75 % av driftsinntektene.

Netto driftsresultat i Kvam herad var i 2022 på 88,6 mnok. Dette er 7 % av driftsinntektene, altså over det anbefalte nivået frå TBU.

For 2023 er det budsjettert med eit netto driftsresultat på 11,8 mnok, og for 2024 er det budsjettert med eit negativt netto driftsresultat på 61,8 mnok. Kvam herad har hatt eit finansielt måltal for netto driftsresultat på minst 1 % av driftsinntektene, altså under det anbefalte nivået frå TBU. I budsjett for 2024 og økonomiplan for 2024-2027 går det fram at det er

budsjettert til -6,9 % for 2024 og at gjennomsnittet for økonomiplanen ligg på -6,7 %. I økonomiplanen blir det peika på lågare kraftinntekter, høgare rentekostnader, høg prisvekst og auke i tilskot til andre og store satsingar på oppvekst og helse, som forklaringar.

Av årsmeldinga for 2022 går det fram at Kvam herad har eit **disposisjonsfond** på 21,1 % av brutto driftsinntekter. Dette er høgare enn Riksrevisjonens anbefalte nivå for disposisjonsfondet storleik (5 %).

Kvam herad hadde i 2022 ei lånegjeld på 103 % av driftsinntektene. Riksrevisjonens anbefalte nivå når det gjeld lånegjeld, er på 75 % av driftsinntektene.

Tabellen under viser **tildelingar til dei ulike tenesteområda** i Kvam herad 2022-2027. Merk at tal frå 2022 er rekneskapstal, medan dei andre tala er frå budsjett og økonomiplan i perioden.

Figur 2: Løyvingar til ulike tenestekområda (beløp i 1000 kr)

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Opph. budsjett 2023	Rev. budsjett 2023	Øk.plan 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027
Manglende oppsett	0	0	0	0	0	0	0
Finans og fellespostar	-26 205	7 430	-55 616	-19 842	-4 160	-396	-3 645
Styring og kontrollverksemd	4 252	5 823	6 772	7 874	7 856	7 462	7 877
Administrasjon	48 357	53 182	56 164	54 767	51 741	51 702	52 023
Barnehagar	97 218	100 238	116 738	115 613	116 415	116 099	117 038
Grunnskuleopplæring	167 677	190 041	191 820	212 540	206 704	202 522	204 293
Kommunehelse	46 591	40 987	50 513	48 174	46 499	46 536	46 890
Pleie og omsorg	257 630	237 880	295 856	290 641	281 312	280 467	283 529
Sosialteneste	31 450	35 595	42 220	42 399	42 279	42 311	42 450
Barnevern	24 338	26 064	26 984	26 563	26 368	26 404	26 564
Vatn og avlaup, avfall og renovasjon	-8 075	-13 875	-13 874	-15 228	-14 938	-15 234	-15 532
Plan og byggesak	6 359	8 006	9 690	9 477	8 714	8 370	8 499
Samfunn og utvikling	3 627	10 852	3 827	3 754	3 786	3 795	3 814
Kultur	28 256	30 531	36 262	20 915	29 810	29 545	29 771
Kulturbygg	0	4	1	4	6	6	6
Kyrkja	6 395	6 113	8 058	6 376	6 376	6 376	6 376
Samferdsel	17 569	15 252	17 336	18 063	17 406	17 415	17 460
Bustad	1 477	1 524	1 306	-563	211	-159	-75
Kommunal næringsforvaltning og konsesjonskraft	96 308	106 237	52 027	28 767	23 426	23 409	23 197
Brann- og ulykkesvern	13 211	11 870	14 803	16 560	16 383	15 460	15 565
Tenester utanfor ordinært kommunalt ansvarsområde	1 296	823	12 556	5 780	1 778	1 489	1 492
Sum løyvingar drift, netto	817 733	874 577	873 444	872 634	867 974	863 578	867 592

Som det går fram av figuren over er det pleie og omsorg som utgjør den største delen av driftsbudsjettet i perioden 2022-2027. Frå opphavsleg budsjett frå 2023 til revidert budsjett i 2024 har helse og omsorg fått auka si tildeling med om lag 24 %. For 2024 utgjør tildeling til pleie og omsorg ifølgje figuren 33 % av total sum løyvingar. Grunnskuleopplæring barnehagar er dei to nest høgaste utgiftspostane og utgjør høvesvis 25 % og 13 %.

2.3 Befolkningsutvikling

Befolkningsutviklinga i heradet er relevant å omtale av fleire årsaker. For det første er innbyggjartilskot ein del av inntektssystemet til kommunane. Vidare må dei kommunale tenestene bli tilpassa demografiske forhold og endringar.

Innbyggjartilskotet er i utgangspunktet fordelt med eit likt beløp per innbyggjar (talet på innbyggjarar per 1. juli) til alle kommunane. Deretter skjer det ei omfordeling på bakgrunn av fleire faktorar. For 2024 er innbyggjartilskotet før omfordeling 29 832 kroner per innbyggjar.

Det går fram av årsmeldinga for 2022 at Kvam herad hadde ein vekst på 34 personar ved utgangen av 2022. Av årsmeldinga går det vidare fram at det både var

netto innflytting og fødselsoverskot i Kvam herad i 2022. Etter ein negativ folketilstilvekst i perioden 2013-2016 har det i Kvam herad vore ein positiv trend sidan 2017.

Alderssamansetninga i heradet vil ifølgje framskrivingar for 2032 føre til ein stadig større del med eldre personar. I tillegg opplyser heradet om at det internt i Kvam herad dei siste 20 åra har vore ei sentralisering der Norheimsund og Øystese opplever vekst i folketal, medan Ålvik, Strandebarm og Tørvikbygd har ein reduksjon i talet på innbyggjarar. Desse endringane i den interne demografien i Kvam herad er også reflektert i elevtal ved skulane i dei ulike bygdene.

Kvam herad hadde 8 531 innbyggjarar ved utgangen av 2022. Av KOSTRA tal går det fram at talet på innbyggjarar ved utgangen av 2023 var 8 496.

2.4 FN sine berekraftsmål som rammeverk

FN sine berekraftsmål er verda sin felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, nedkjempe ulikskap og stoppe klimaendringane innan 2030. Berekraftig utvikling handlar om å ta vare på behov til menneskje som lever i dag, utan å øydelegge for i kva grad det er mogleg for framtidige generasjonar å få dekkja sine behov.

Det går fram av Kvam herad sin planstrategi for 2020-2023 at er viktig at FN sine berekraftsmål blir ein del av grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga. Berekraftsmåla vil difor bli nytta i risiko og vesentlegvurderingane.

2.5 Heradet sine eigarskap

Kvam herad har eit heileigd selskap, eigarinteresser i to interkommunale selskap saman med andre kommunar og/eller fylkeskommunar, og eigardel i 11 selskap med innslag av private eller statlege aktørar på eigarsida. Heradet sine eigarskap er samanfatta i tabellen under.

Tabell 1: Oversikt over heradet sine eigarskap i selskap

Selskap	Bransje	Selskapsform	Eierdel
Kvam Energi AS (konsern)	Produksjon og forvaltning av elektrisitet frå vasskraft	AS	100 %
Hardanger AKS AS	Varig tilrettelagt arbeid og produksjon av emballasje	AS	49,8 %
Hardangerrådet IKS	Offentleg administrasjon knytt IKS til næringsverksemd og arbeidsmarknad		34 %
Visit Hardangerfjord AS	Turistverksemd og destinasjonsselskap	AS	6,89 %
Vann Vest AS	Vatn- og avlaupsverksemd	AS	4,34 %
Hardanger og Voss næringshage AS	Organisasjon for å fremja regional næringsutvikling	AS	4,19 %
Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS	Drift av arkiver	IKS	3,63 %
Eviny AS	Produksjon og distribusjon av energi	AS	0,99 %
BIR AS	Renovasjon og avfallshandsaming	AS	0,33 %
Kommunekraft AS	Handel med elektrisitet	AS	0,313
E134 Haukelivegen AS	Interesseorganisasjon for å fremja Hordalandsdiagonalen	AS	0,2 %
LL Det norske teatret	Utøvande kunstnarar og underhaldningsverksemd innan scenekunst	AS	> 0 %
Biblioteksentralen SA	Engroshandel med bøker, aviser og blader	SA	0,002 %
Tørvikbygd vasslag SA	Uttak frå kjelde, reinsing og distribusjon av vatn	SA	-
Vikøy vasslag SA	Uttak frå kjelde, reinsing og distribusjon av vatn	SA	-

Kommunale føretak og vertskommunesamarbeid er omfatta av ordinær forvaltningsrevisjon, og er derfor behandla i ROV-vurderingane knytt til dette. Stiftingar

og foreiningar er ikkje omfatta av regelverket om eigarskapskontroll eller forvaltningsrevisjon av selskap, og er derfor ikkje omtalt i ROV-vurderinga.

3 Gjennomførte og planlagde forvaltningsrevisjonar, eigarskapskontrollar og statlege tilsyn

3.1 Tidlegare gjennomførte forvaltningsrevisjonar av den kommunale verksemda

- Forvaltningsrevisjon av vedlikehald av offentlege bygg (2023/2024)
- Forvaltningsrevisjon av personalpolitikk med fokus på tilsetningsprosedyrar og vikarbruk (2022/2023)
- Rullering av plan for forvaltningsrevisjon (2022)
- Forvaltningsrevisjon av kvalitet, kompetanse og sjukefråvær i barnehagane (2021)
- Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll 2020-2024 (2020)
- Forvaltningsrevisjon av arbeidet med å sikre eit trygt og godt skulemiljø og bruk av IKT i grunnskulane (2019)
- Forvaltningsrevisjon av arbeidet med internkontroll (2018)
- Forvaltningsrevisjon av tilskotsforvaltning (2017)

3.2 Tidlegare gjennomførte forvaltningsrevisjonar i selskap

- Hardanger AKS (inkludert eigarskapskontroll) (2016)
- Hardangerrådet IKS (2016)
- Hardangerbrua AS (2014)

3.3 Tidlegare gjennomførte eigarskapskontrollar

- Eigarskapsforvaltning (2009/2010)

3.4 Tilsyn

Statsforvaltar og annan tilsynsmynde har gjennomført fleire tilsyn med Kvam herad dei siste fire åra. Sidan 2020 har det blitt gjennomført følgjande tilsyn:

- Tilsyn med økonomisk stønad til barnefamiljar (2020)
- Tilsyn med drikkevatt (2023 og 2020)
- Tilsyn med tvungen helsehjelp til personar utan samtykkekompetanse (2021)
- Tilsyn med særskild språkopplæring (2021)
- Tilsyn med kommunal beredskap og helseberedskap (2023)
- Tilsyn med skulemiljø og internkontroll (2023)

Det er nyleg gjennomført tilsyn med økonomisk rådgjeving tilsyn og trygt og godt barnehagemiljø. Vidare er det planlagt tilsyn med saksbehandlingstid for sakkyndig vurdering og tilsyn med heradet si forsøplingsmynde.



4 Forvaltningsrevisjon – oversikt over identifiserte risikoområder i forvaltninga

På bakgrunn av innsamla og analysert informasjon, vil vi i dette kapittelet samanfatte og vurdere risiko for svikt, feil og manglar i målinnfriing, regeletterleving, vedtaksoppfølging, effektivitet og internkontroll som er identifisert innan dei respektive verksemdsområda for Kvam herad som er gjennomgått.

Overskriftene i kapittel 4.1-4.7 følger den administrative organiseringa i Kvam herad, unnateke HR og økonomi som blir omtala under overskrifta 4.1 Sektorovergripande funksjonar.

Risikonivå er i tabellane farga med raud som representerer høg risiko eller gult som representerer middels risiko:

Fargesymbol	Skildring av risiko
	Høg risiko og/eller vesentlege område På områder som er merket med raudt meiner Deloitte på bakgrunn av framlagte data og analyse, at det kan vere høg risiko for svikt, feil og manglar i målinnfriing, regeletterleving, vedtaksoppfølging, effektivitet og internkontroll, og/eller at det har store konsekvensar for heradet dersom identifiserte risikoar skulle inntreffe.
	Middels risiko og/eller vesentlege område På områder som er merket med gult meiner Deloitte på bakgrunn av framlagte data og analyse, at det kan vere middels risiko for svikt, feil og manglar i målinnfriing, regeletterleving, vedtaksoppfølging, effektivitet og internkontroll, og/eller at det har middels store konsekvensar for heradet dersom identifiserte risikoar skulle inntreffe.

I tabellane under vil vi under kvar sektor omtale utvalde område og tema. Dette er område og tema som blir framheva i dei data som revisjonen har analysert. Det betyr at område der det ikkje eksplisitt er identifisert risiko ikkje er omtala.

Det blir kommentert dersom det er planlagt tilsyn eller gjennomført forvaltningsrevisjonar eller tilsyn dei siste åra innanfor dei områda og temaa som er omtala.

Under kvart område identifiserer vi dei hovudtema analysen viser at det er knytt risiko til. Dette vil vere naturlege moment som takast med i ein eventuell forvaltningsrevisjon.

Det er viktig å understreke at risikovurderingane er skjønsmessige, og at vurderingane er baserte på føreliggande informasjon. Kontrollutvalet kan vurdere risikoen knytt til dei ulike områda som forskjellig frå det som er føreslått her. Det er kontrollutvalet som til slutt skal vurdere og prioritere dei ulike områda, og avgjere rekkefølga for forvaltningsrevisjonsprosjekt i dei planane som blir lagt fram for heradsstyret.

Vi vil ta atterhald om at ikkje all informasjon som kjem fram er verifisert av leiinga i heradet.

4.1 Sektorovergripande funksjonar

I tillegg til sektorovergripande funksjonar som HR, har heradet ei eining for økonomi som består av rekneskap og personal, ei IT-avdeling og ei avdeling for avtale og analyse.

Tabell 2: Identifiserte risikoområde knytt til sektorovergripande funksjonar

Revisjonstema og identifiserte risikoar	Risiko- og vesentlegvurdering
Internkontroll	
Det ble gjennomført ein forvaltningsrevisjon av internkontroll i Kvam herad i 2018. Kvalitetssystemet Compilo blir nytta i heradet, mellom anna for å utarbeide rutinar og prosedyrar og for å melde frå om avvik. Systemet skal også nyttast for å gjennomføre risikovurderingar, men det blir rapportert av fleire at risikomodulen er utfordrande å bruke i praksis og at det blir etterlyst enklare reiskap. I undersøkinga blir det også opplyst om at fleire einingar ikkje har gjennomført overordna risiko- og sårbarheitsanalyse for sine tenester. I undersøkinga blir det peika på utfordringar med å melde frå om avvik, særleg knytt til helse, miljø og tryggleik (HMT). Det blir vidare vist til utfordringar med å etablere ein god avvikskultur innan fleire tenester og at det er ei risiko for manglande opplæring på området. Fleire leiarar har også peika på manglande kompetanse i HMT-arbeid. Samtidig blir det påpeika at det i heradet er ei auke i talet på avvik, men at desse ofte omhandlar bemanningsutfordringar. Det blir òg peika på at heradet opplever ei auke i avvik som blir meldt som er krevjande å følgje opp, særleg knytt til vald og trugslar. Fleire peikar også på manglande handtering og oppfølging av avvik.	• Risiko for at avvik ikkje blir meldt • Manglande risikovurderingar i tenestene • Risiko for manglande oversikt over vesentlege risikoar innan ulike tenestekområde • Risiko for manglande oppfølging av meldte avvik • Risiko for manglande kunnskap om HMT-arbeid i tenestene
Saksførebuing og vedtaksoppfølging	
I spørjeundersøkinga til folkevalde svarar dei fleste enten <i>ja</i> eller <i>delvis</i> på spørsmål om dei meiner det er systematiske manglar knytt til oppfølging av politiske vedtak. Samtidig svarar dei fleste <i>delvis</i> på om dei opplever at det er systematiske manglar knytt til saksførebuing. Vidare blir det peika på at det ved fleire høve blir lagt inn verbalpunkt i budsjett som følgje av at vedtak ikkje har blitt følgt opp. Det er også enkelte som opplever at det generelt tar lang tid for administrasjonen å følgje opp politiske vedtak. Fleire peiker også på manglande rapportering og viser mellom anna til mangelfulle og utdelege innstillingar i enkeltsaker, at sentral informasjon ikkje blir lagt ved skriftleg, men orientert om munnleg, og at folkevalde generelt har eit for dårleg avgjerdsgrunnlag i viktige politiske saker. Enkelte peikar også på at administrasjonen ved fleire høve ikkje overheld fastsette fristar. Kvam herad har kjøpt verksemdstyringsverktøyet Framsikt som mellom anna skal gi betre oversikt over status for politiske vedtak og som skal forenkle rapportering frå administrasjonen til dei folkevalde. Systemet	• Risiko for manglande kvalitet i saksførebuinga • Risiko for at politiske vedtak ikkje blir iverksett og tilfredsstillande følgt opp • Risiko knytt til samhandling mellom politisk og administrativt nivå

har blitt nytta dei siste åra, men enkelte opplever systemet som utfordrande å navigere i, og at måten administrasjonen nyttar systemet ikkje gir tilstrekkeleg og naudsynt oversikt for over oppfølging av politiske vedtak.

Berekraft, klima og miljø

I undersøkinga blir det peika på at heradet er utsett for høg risiko knytt til klimaendringar og at heradet dei siste åra har vore råka av klimarelaterte hendingar som har skapt fare for liv og helse, samt utfordringar knytt til å levere lovpålagde tenester.

Kvam herad har etablert eit klimabudsjett («Energi- og klimaplan 2021-2024») med mål for 2030 å redusere direkte klimagassutslepp med 55 % i høve referansenivå frå 1990. I budsjett for 2024 går det fram at dagens reduksjon i klimagassutslepp ikkje er tilstrekkeleg for å nå måla.

Utsleppstal frå Miljødirektoratet sitt klimarekneskap frå perioden 2009-2021 viser at Kvam herad har eit stabilt klimagassutslepp. For heradet som organisasjon er den høgaste utsleppskategorien knytt til kommunale bygg.

Det går vidare fram av økonomiplan for 2024-2027 at Kvam herad skal utforme ein «grøn innkjøpsstrategi» i 2024 som både tar omsyn til direkte og indirekte utslepp i anskaffingar.

- Risiko knytt til grønne innkjøp
- Klimarisiko
- Risiko for manglande måloppnåing
- Risiko for lite treffsikre tiltak
- Risiko for manglande etterleving av FNs berekraftsmål, mellom anna nr. 3 god helse og livskvalitet, nr. 6 rent vann og gode sanitærforhold, nr 13 stoppe klimaendringane, nr. 14 livet i havet og nr. 15 livet på land.

Kunstig intelligens

Bruk av kunstig intelligens er aukar i samfunnet, noko som gir effektivitetsgevinstar og potensielle risikoar for kommunane. Mellom anna kan kunstig intelligens bidra til å automatisere oppgåver, gi betre beslutningsgrunnlag gjennom analyse av data, og gi betre innbyggjarservice gjennom å handsame henvendingar raskare og med høg presisjon.

Risikoar er knytt til mellom anna manglande etisk og juridisk regulering knytt til bruk (t.d. personvern og informasjonstryggleik) og god opplæring av dei tilsette slik at ein sikrar forsvarleg bruk.

- Risiko knytt til opplæring av tilsette i forsvarleg og sikker bruk av kunstig intelligens
- Risiko for ivaretaking av personvern ved bruk av kunstig intelligens
- Risiko knytt til effektiv bruk av kunstig intelligens til å sikre kvalitet i arbeidsprosessar

Styring av investeringsprosjekt

Av årsmelding frå 2022 går det fram at Kvam herad har ei omfattande prosjektportefølje knytt til investeringar innan fleire ulike tenesteområde. Særleg stor er prosjektlista på vatn og avløp (VA) og bygg.

I intervju blir det framheva at det særskilt er risiko knytt til mindre investeringsprosjekt kor det mellom anna blir vist til at ein i fleire høve opplever manglande kontroll.

Investeringsprosjekta i heradet er i hovudsak lånefinansiert. Av tal frå KOSTRA går det fram at brutto investeringsutgifter i prosent av brutto driftsinntekter for 2022 var 18,9 % samanlikna med 12,5 % kommunegruppa. For 2023 er talet 11,2 % mot 12,4 % i kommunegruppa.

- Ikkje tilstrekkeleg styring av investeringsprosjekt
- Auke i utgifter for kommunen
- Vurderingar av risiko og vesentlege område

I risiko og vesentlegvurdering frå 2022 er det også peika på at heradet sine investeringsprosjekt nesten alltid blir dyrare enn estimert.

Økonomistyring



I risiko og vesentlegvurderinga frå 2022 blir det framheva at heradet har innført ein ny budsjettmodell og etablert innsparingskrav for einingane. Det blir vist til at det kunne ha vore interessant å gjennomføre ein forvaltningsrevisjon av budsjettmodellen etter nokre år.

I intervju i denne undersøkinga blir det peika på at ein opplever å ha gode system for økonomistyring. Likevel blir det peika på at budsjett, prognoser og faktisk resultat har avvik kvart år og at avvika stort sett er lik frå år til år. Det blir derfor stilt spørsmål ved om budsjettet som blir lagt fram kvart år er realistisk.

Kvam herad har også ein ibuande risiko som kraftkommune. Det blir årleg budsjettert med inntekter frå kraftsal og heradsstyret har vedtatt «Strategi for sal av kraft» for å oppnå stabile kraftinntekter over tid.

- Risiko for driftsunderskot

Bemanning og sjukefråvær



Gjennomgåande i undersøkinga blir det peika på utfordringar med å sikre naudsynt bemanning og tilstrekkeleg kompetanse innan fleire tenester. Mellom anna blir det i årsmelding frå 2022 framheva utfordringar med å rekruttere og behalde arbeidskraft innan helse og omsorg og oppvekst.

Sjukefråværsstatistikk per 30.09.2023 ligg på 8,9 % for heile heradet. Det er rapportert om store variasjonar i fråværsprosent og i intervju blir det peika på at enkelte einingar innan helse og omsorg har hatt eit fråvær opp mot 20 %.

Det går vidare fram av budsjett for 2024 og økonomiplan 2024-2027 at heradsstyret har løyvd 3 mnok over to år til eit prosjekt med mål om å auka grunnbemanning i helse og omsorg. Prosjektet har så langt vore avgrensa til Øysteseheimen og Tolomarka omsorg. Ved desse arbeidsstadane har ein kartlagt dagens bemanningssituasjon og er no i gang med å utarbeide nye bemanningsplanar og vurdera alternative arbeidstidsordningar.

I skulen blir det peika på at det har vore vanskeleg å skaffa kvalifiserte lærarvikarar og at det ved fleire høve har vore henta inn vikarar som manglar formelle kvalifikasjonar for å undervisa. Det blir også vist til at det å rekruttera kvalifisert personell særleg er ein utfordring i ytre delar av heradet. I årsmelding frå 2022 går det fram at det over den siste tida har vore ein aukande belastning på tilsette i skulane i Kvam herad. Dette skuldast mellom anna eit høgt sjukefråvær og utfordringar med å få nok kvalifiserte vikarar. Heradet peikar også på at det er størst sårbarheit ved dei minste skulane når det gjeld bemanning og eit avgrensa handlingsrom til å løyse desse utfordringane. Vidare blir det i årsmeldinga framheva at det har vore manglande kontinuitet i skuleleiarstillingar og manglande kapasitet til å følgje opp skulane frå skuleeigarnivå.

Det blei i 2022/2023 gjennomført ein forvaltningsrevisjon av personalpolitikk med fokus på tilsetningsprosedyrar og vikarbruk innan skulesektoren. Funn og lærdom frå dette prosjektet blir også nytta innan andre tenesteområde i heradet.

- Risiko for manglande personell
- Risiko for dårlege tenester innan fleire tenesteområde
- Risiko for regelbrot

Anskaffingar og kontraktoppfølging



I intervju blir det vist til at arbeidet med innkjøp er eit risikoområde i Kvam herad. Mellom anna blir det peika på at det over lengre tid vore utfordrande å tilsette ein ressurs med ansvar for innkjøp og oppfølging av inngåtte kontraktar. Det blir vist til at det særskilt er knytt risiko til innkjøp som blir gjort utanfor avtalar kommunen har gjennom innkjøpssamarbeidet med Bergen kommune og i tilfelle der heradet sjølv gjennomfører anbudsprosessen. Det blir peikt på at kontraktoppfølginga på eigne inngåtte avtalar er tilfeldig og at det blir prioritert å inngå nye avtaler heller enn å følgje opp dei som allereie er inngått. Manglande oppfølging av kontraktar kan føre til at heradet indirekte medverka til uansvarlege arbeidsforhold og risikoar knytt til sosial berekraft.

- Risiko for regelbrot
- Risiko for budsjettoverskriding
- Risiko for manglande kontraktoppfølging
- Risiko for manglande måloppnåing av FN sitt berekraftsmål nr 8. om anstendig arbeid og økonomisk vekst

Regelverket for offentlege anskaffingar er komplekst og stiller strenge krav til innkjøparar. Det er slik ein ibuande regulatorisk risiko på området. Frå 1. januar 2024 ble det også innført skjerpa krav om å vekta klima- og miljøomsyn i offentlege anskaffingar. Dette blir også i intervju framheva som ei utfordring og eit risikoområde.

I intervju blir det vidare peika på at det er ein betydeleg risiko for at heradet i små prosjekt ikkje fangar opp tilfelle kor det kan førekomme økonomisk misleghald.

Det blir også vist til at Kvam herad manglar ein tydeleg strategi og malverk for anskaffingar og kontraktoppfølging.

Kommunal beredskap



Statsforvaltar opna i 2023 eit tilsyn med kommunal beredskap og helseberedskap i Kvam herad. Av konklusjonen går det fram at Kvam herad ikkje har revidert heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse frå 2015. Vidare blir det vist til at Kvam herad manglar ein plan for helsemessig og sosial beredskap og ein risiko- og sårbarheitsanalyse som dekker alle relevante tema innan dette område.

- Risiko knytt til handtering av alvorlege hendingar
- Risiko knytt til liv og helse

I kontrollutvalet har rådmannen i 2024 orientert om status for lukking av dei avvika statsforvaltar har påpeika. Det blir opplyst om at det framleis står att noko arbeid før forbetringsarbeidet er ferdig gjennomført.

4.2 Oppvekst

Oppveksteininga består av barnevern, PPT, helsestasjon, familiesenter, barnehagar og skular.

Tabell 3: Identifiserte risikoområde knytt til oppvekst

Revisjonstema og identifiserte risikoar

Risiko- og vesentlegvurdering

Tilpassa opplæring og spesialundervisning



I rullering av plan for forvaltningsrevisjon i 2022 blir det vist til at heradet har gjort eit omfattande arbeid knytt til særskilt sårbare born og unge. Både i spørjeundersøkinga til folkevalde og leiarar i administrasjonen er det likevel fleire som peikar på dette som eit risikoområde som det bør rettast merksemd mot dei komande åra.

Tal frå KOSTRA viser ei auke i elevar som får spesialundervisning det siste året, frå 10,4 % i 2022 til 11,4 % i 2023. Dette er noko høgare enn tilsvarande kommunar i kommunegruppa (KOSTRA-gruppe 5) kor talet på elevar som får spesialundervisning har vore høvesvis 9,5 % i 2022 og 9,7 % i 2023.

I intervju blir det også peika på at heradet ikkje etterlever frist for sakkyndig vurdering og at det i heradet er utfordrande å følgje opp vedtak om spesialundervisning i praksis, mellom anna som følgjer av bemanningssituasjonen i skulen. Auka i talet på elevar med spesialundervisning legg også eit press på kapasitet i PPT, noko som medfører ei auka risiko for at det førebyggjande systemarbeidet ikkje blir tilstrekkeleg prioritert. Dette er det også vist til i årsmelding for 2022 kor det går fram at det er framleis eit stort trykk på tilvisingar til PPT, tross eit fokus på å vidareutvikla system for førebyggjande arbeid, støttesystem og ordinær undervisning.

Frå 1. august 2024 trer ny opplæringslov i kraft med omfattande endringar knytt til spesialundervisning.

- Risiko for regelbrot
- Risiko for manglande oppfølging av elevar med særskilde behov
- Risiko for utilstrekkeleg tilrettelegging av undervisninga
- Risiko for manglande måloppnåing av FN sine berekraftsmål nr. 3 om god helse og livskvalitet og nr. 4 om god utdanning

Samhandling mellom tenester retta mot barn og unge



Det blir av fleire peika på at Kvam herad har utfordringar med å få på plass ei god samhandling mellom ulike tenester. Særleg blir det vist til ein risiko for manglande samarbeid mellom oppvekst og helsetenester.

Ein konkret risiko som blir framheva av fleire er at det tar for lang tid før utfordringar i barnehage og skule blir fanga opp og meldt frå om til andre tenester. Dette gjeld òg meldeplikt til barnevern og ei oppleving av at om meldeplikta hadde vore overhalde kunne fleire alvorlege hendingar og utfordringar vore løyst tidlegare. I årsmelding for 2022 går det også fram at barneverntenesta ikkje har fått gjennomført alle samarbeidsmøte slik som ønska på grunn av kapasitetsutfordringar.

Gjennomgåande i undersøkinga blir det også peika på ei auke i utfordringar knytt til rus og psykisk helse blant barn og unge og at det er ein risiko for at det systematiske familiearbeidet og tenester til sårbare familiar ikkje er tilstrekkeleg forankra på tvers av tenestene.

Det blir i årsmelding for 2022 vist til at det etter omorganisering i 2018, der familierettleiarane i barnevernet blei organisert i familiesenteret, har arbeid med tidleg og heilskapleg kommunal innsats på området ført til utfordringar knytt til tilgjenge, utviklingsarbeid og felles innsats i komplekse enkeltsaker. Samtidig blir det vist til at det har vore utfordrande å rette merksemd på tverrfagleg samarbeid på systemnivå grunna kapasitetsutfordringar.

Vidare blir det vist til at heradet har arbeidd med å etablere eit systematisk samarbeid mellom oppvekst og helse og omsorg og at det er stor vilje til å få til eit fungerande samspel på tvers av tenestene. Både i intervju og i budsjett for 2024 går det fram at det sidan 2020 er arbeidd godt med å implementere BTI-modellen (betre tverrfagleg innsats) i Kvam herad og at det er sett av ressursar for tilsetjing av ein koordinator

- Risiko for brot på regelverket
- Risiko for at ein ikkje fangar opp barn og unge med behov for oppfølging
- Risiko for manglande samordning og samarbeid mellom ulike tenester og aktørar om forebyggjande tiltak og tenester til barn og familiar.

som mellom anna skal arbeide for å koordinere implementeringsarbeidet utover 2024.

Trygt og godt skulemiljø for elevar og tilsette



Det blir peika av fleire på at arbeidet med trygt og godt skulemiljø i Kvam herad er eit risikoområde. I intervju blir det uttrykt at det dei siste åra har vore gjort eit omfattande arbeid med å utvikle betre system, men at det framleis er manglande etterleving og ikkje tilstrekkeleg praksis på område. I årsmeldinga for 2022 blir det også peika på at det i heradet har vore komplekse saker knytt til trygt og godt skulemiljø.

Det er som nemnd tidlegare i denne risiko og vesentlegvurderinga også gjennomført tilsyn med Øystese skule knytt til trygt og godt skulemiljø (2023) kor det blei avdekket fleire manglar ved varslings-, undersøkingss-, og tiltaksplikta. Administrasjonen orienterte hausten 2023 kontrollutvalet mellom anna om generelle rutinar i Kvam herad når det gjeld oppfølging av trygt og godt skulemiljø, på bakgrunn av tilsynet frå statsforvaltar.

Tal frå elevundersøkinga peiker også i retning av ei auke blant elevar som opplever mobbing, særleg på 10. trinn. For skuleåret 2023-2024 er det over ein av fem elevar i 10. trinn Kvam herad (21,6 %) som svarar at dei opplever mobbing på skulen. Gjennomsnitt i landet var på 10,9 %. Det er også fleire som peikar på eit aukande problem med vald og trugslar i skulen både mot elevar og tilsette.

Frå 1. august 2024 trer ny opplæringslov i kraft med endringar knytt til regelverket om trygt og godt skulemiljø.

- Risiko for at barn og unge opplever å ikkje ha eit trygt og godt skulemiljø
- Risiko for regelbrot
- Risiko knytt til læring og forbetningsarbeid
- Risiko for manglande måloppnåing av FN sine berekraftsmål nr. 3 om god helse og livskvalitet og nr. 4 om god utdanning

Barnevern



Det blir av fleire peika på at det er eit press på barneverntenesta i Kvam herad. Mellom anna blir det framheva at det over tid har vore for mange saker fordelt på kvar enkelt saksbehandlar, noko som gjer tenesta sårbar ved til dømes sjukefråvær og som kan auke risiko for feil og manglar. Av årsmelding frå 2022 går det fram at det har vore stor slitasje over tid på dei tilsette i tenesta, men at alle stillingsheimlar ved utgangen av året blir dekket.

Av KOSTRA tal går det fram at stillingar med fagutdanning per 1 000 barn 0-17 år ligg på 5,4 i 2023 mot 4,5 i 2022. Dette er likevel under snittet for kommunar i KOSTRA-gruppe 5 som ligg på 6,0 i 2023.

Tal frå Bufdir viser ei auke i fristbrot i undersøkingssaker i Kvam herad dei siste åra. Andre halvår 2023 er det rapportert om fristbrot i 38,1 % av alle undersøkingssaker, mot 5,4 % i resten av fylket.

Det går vidare fram av årsmelding frå 2022 at det har vore ein svak nedgang i tal meldingar til barnevernet. Fleire peikar likevel på at behovet er stort og at dette kan vere eit symptom på manglande samhandling mellom tenester til barn og unge og for høg terskel for å melde frå om bekymring til barnevernet. I intervju blir det også peika på at oppretting av familiesenteret kan ha ført til at innsatsen til barnevernet har vore dreidd for mykje i retning det førebyggjande arbeidet.

- Risiko for uforsvarlege tenester og regelbrot
- Risiko for alvorlege konsekvensar for enkeltindivid og familiar
- Risiko for manglande måloppnåing knytt til FN sitt berekraftsmål nr. 3 om god helse og livskvalitet.

Det blir også peika på risiko for at barneverntenesta ikkje tilstrekkeleg grad følgjer opp vedtak frå statsforvaltar kor foreldre får medhald i si sak.

Trygt og godt barnehagemiljø (psykososialt barnehagemiljø)



Det blir opplyst at heradet som barnehagemynde har ført tilsyn på trygt og godt barnehagemiljø som følge av egne risikovurderingar. Alle utanom ein barnehage fekk avvik på området.

Det blir vist til at trygt og godt barnehagemiljø er eit tema som det blir arbeidd mykje med på systemnivå, men at det samtidig er eit område der det er utfordringar knytt til etterleving av rutinar og manglar knytt til praksis. Risikoane blir forsterka av eit høgt sjukefråvær i barnehagane.

- Risiko for uforsvarlege tenester og regelbrot
- Risiko for manglande læring og utvikling
- Risiko for manglande måloppnåing knytt til FN sitt berekraftsmål nr. 3 om god helse og livskvalitet.

Helsestasjon- og skulehelsetenesta



I årsmelding frå 2022 går det fram at det er eit stort press på tenesta og det kjem stadig fleire oppgåver som skal løysast. Tenesta opplever at det er fleire unge som treng helsehjelp på bakgrunn av dårleg psykisk helse og utanforskap. Vidare blir det framheva at mottak av flyktningar i heradet har ført til at ein av helsesjukepleiarane har blitt flytta over til helsestasjon for flyktningar, noko som har redusert skulehelsetenestetilbodet til elevane i Kvam herad. Det blir også rapportert om avvik knytt til tenestekvalitet på området.

I årsmeldinga for 2022, i spørjeundersøkinga og i intervju blir det peika på rekrutteringsutfordringar i tenesta. Mangel på kvalifisert personell kan bidra til auka risikoen for at tenesta ikkje får utført alle lovpålagde oppgåver og vidare at dei ikkje når måla som er sett for tenesta.

- Risiko for uforsvarlege tenester og regelbrot
- Risiko for at ein ikkje fangar opp barn og unge med behov for oppfølging
- Risiko for manglande måloppnåing knytt til FN sitt berekraftsmål nr. 3 om god helse og livskvalitet.

4.3 Helse og omsorg

Eining for helse og omsorg består av pleie og omsorgstenester (tenester til heimebuande, heildøgns omsorg og teneste til menneske med utviklingshemming), helsetenester (ergo- og fysioterapiteneste, rus og psykisk helse, legeteneste og Kvam legevakt), og NAV Kvam (sosialteneste og flyktningteneste).

Tabell 4: Identifiserte risikoområde knytt til helse og omsorg

Revisjonstema og identifiserte risikoar

Risiko- og vesentlegvurdering

Vedtakspraksis i forvaltningseininga



I fleire intervju blir det peika på risiko knytt til forvaltninga og vegen inn i helsetenestene i heradet. Mellom anna blir det framheva at det er risiko for manglande dialog mellom forvaltningseininga som fattar vedtak og dei som gir helsetenester til pasientar (t.d. tilsette i heimesjukepleie).

- Risiko for brot på regelverk
- Risiko for mangelfulle vedtak for innbyggjarar
- Risiko for manglande oppfølging av vedtak
- Risiko for mangelfull samhandling mellom bestillar og utførar

Vidare blir det peika på behov for ein gjennomgang av system og rutinar knytt til det å fatte gode og presise vedtak.

Det blir også vist til risiko for manglande oppfølging av vedtak for å sikre at vedtaket er i tråd med pasienten sine behov dersom sjukdomsbilete blir endra. Vidare blir det vist til at det er behov for ein gjennomgang av rutinar for skriving av vedtak

Pleie og omsorg



I intervju blir det peika på at det har vore økonomiske avvik innan pleie og omsorg over tid. Det blir også vist til ei oppfatning av at det i heradet er eit behov for større dreining av ressursar frå institusjonstenesta til heimeteneste for å løyse framtidas utfordringar. Det blir av enkelte framheva at det innan pleie og omsorgstenestene har vore styringsutfordringar knytt til for lave budsjetttrammer og ei utfordring med å tilpasse organisering og drift til eit landskap som stadig er i endring. I følge Kvam herad sin planstrategi for 2020-2023 blir det vist til at fram mot 2044 vil dei yngre aldersgruppene utgjere ein mindre del av befolkninga, medan delen eldre vil auka. I følge demenskartet.no viser prognosane at det også vil vere ei betydeleg auke i personar med demens, frå 2,78 % i 2020 til 5,36 % i 2050.

Videre blir det peika på at det i heradet er utfordrande å levere dei timane tenestemottakarar har vedtak om i heimetenesta. Det blir også vist til tidstjuvar i tenesta, noko som kan medføre konsekvens for tenestetilbodet og kvalitet i tenestene. Det blir også peika på manglande rutinar, at oppfølginga blir personavhengig og at tenesta er sårbar ved skifte av tilsette. Sjølv om fleire opplever at pleie og omsorgstenestene i Kvam herad er gode blir det også peika på ei utfordring med å blant anna tilpasse heimetenesta til uføre yngre.

Av KOSTRA tal går det fram at heradet i 2023 har 0,52 årsverk per brukar av omsorgstenester samanlikna med 0,56 for kommunegruppa. I årsmelding for 2022 blir det elles rapportert om at talet på brukarar og tal på vedtakstimar har vore stabilt i heimetenesta samanlikna med tidlegare år.

Det har i Kvam herad vore gjennomført ei større omorganisering av pleie og omsorgstenesta, mellom anna med mål om at fleire tenestemottakarar skal klare seg sjølve og bli buande heime lenger. I tidlegare risiko og vesentlegvurdering frå 2022 er det blitt peikt på at det ville vore interessant å sjå nærare på organiseringa i ein forvaltningsrevisjon etter nokre år.

- Risiko for at brukarar ikkje får tenesta dei har vedtak på
- Risiko for manglande rutinar og sårbare tenester
- Risiko for dårleg kvalitet i tenestene
- Risiko for manglande måloppnåing av FN sitt berekraftsmål nr. 3 om god helse og livskvalitet

Psykisk helse og rustenester



Det blir i årsmelding for 2022 peika på eit stort press på psykisk helse og rustenestene i heradet og ei auke i unge som opplever dårleg psykisk helse, utanforskap og som treng psykisk helsehjelp. Samtidig går det fram av årsmeldinga at tenesta ser ein auke i tilvisingar, særleg for ukrainske flyktningar.

Videre blir det peika på at det generelt tar for lang tid før utfordringar blir fanga opp og at det ikkje i tilstrekkeleg grad blir arbeidd førebyggjande i heradet. Ei utfordring som fleire også peiker på er knytt til samhandling

- Risiko for at tilbod om tenester til personar med psykisk helse og rusutfordringar ikkje er tilstrekkeleg
- Risiko for manglande førebyggjande tiltak
- Risiko for manglande samhandling
- Risiko for manglande måloppnåing av FN sitt berekraftsmål nr. 3 om god helse og livskvalitet

mellom ulike kommunale tenester, særleg i grenseoppgangen mellom rus og psykisk helse og oppvekst.

Det blir vidare vist til eit manglande behandlingstilbod, særleg for vaksne med rus og psykisk helseutfordringar. Det blir også vist til ei risiko for at tenestene ikkje yter likeverdige tenester og at enkelte tenestemottakarar får betre helsehjelp enn andre og at vedtak som blir fatta ikkje blir godt nok evaluert.

Tal frå KOSTRA viser at årsverk av psykiatriske sjukepleiarar (per 10 000 innbyggjarar) ligg på 2,9 for 2022 mot snittet i kommunegruppa på 6,8. Samtidig er tal på psykologar i den kommunale helse- og omsorgstenesta (per 10 000 innbyggjarar) 2,3 i 2022 samanlikna med 0,9 i kommunegruppa.

Flyktningtenester og integrering



I årsmelding for 2022 går det fram at Kvam herad har busett eit historisk høgt tal flyktningar, noko som har ført til auka arbeidspress på dei tilsette, særleg i flyktningtenesta og sosialtenesta.

Tal frå IMDi viser at det blei busett 74 flyktningar i Kvam herad i 2022, mot oppmoda busetting av 95 (vedtak om 95). For 2023 var talet på busette flyktningar 48 mot ei oppmoding på 90 (vedtak om 45). Det blir også i undersøkinga peika på utfordringar med å sikre bustader til flyktningar og vist til eit press på leigemarknaden i heradet og mangel på kommunale bustader.

Det blir vidare trekt fram utfordringar med å gi introduksjonsprogram for flyktningar på fulltid med 37,5 timer og at er tilbod om norskundervisning for få dagar i veka i Kvam herad. Fleire peiker også på at introduksjonsprogrammet ikkje er i tilstrekkeleg grad rusta til å handtera auka behov som følger av mottak av ukrainske flyktningar.

Vidare blir et vist til at det er vanskeleg å få deltakarar i introduksjonsprogrammet raskt nok ut i språkpraksis.

Kvam herad har etablert ein strategiplan for integrering for 2021-2025. Det blir likevel peika på utfordringar med å følgje opp målsettingar i planen.

- Risiko for at strategi ikkje blir følgt og målsettingar ikkje blir innfridd.
- Risiko for utilstrekkeleg introduksjonsprogram
- Risiko for mangelfull bustadplanlegging
- Risiko for manglande måloppnåing av FN sine berekraftsmål nr 3 om god helse og livskvalitet, nr. 4 om god utdanning, nr. 8 om anstendig arbeid og økonomisk vekst og nr. 10 om mindre ulikskap

Sosiale tenester i NAV



I undersøkinga blir det peika på at dei sosiale tenestene i heradet ikkje i tilstrekkeleg grad sikrar eit klart og tydeleg språk i kommunikasjonen med brukarane. Vidare blir det reist spørsmål ved om tenesta sitt ansvar for å gi opplysning, råd og rettleiing til innbyggjarane blir godt nok utført.

I årsmeldinga for 2022 går det fram at sosialtenesta har eit samla mindreforbruk på 2,4 mnok som skuldast lågare utbetalingar til økonomisk sosialhjelp, kvalifiserings- og introduksjonsordninga. I budsjett for 2024 og økonomiplan 2024-2027 går det fram at tenesta den høge busettinga av flyktningar i 2022 og 2023 auka presset på tenesta og særleg retta mot overgang frå sosialstønad til arbeid. Situasjonen framover er også usikker. Det blir også peika på risiko for at heradet ikkje når mål, følgjer opp vedtak eller etterlever regelverk knytt til arbeidsretta oppfølging av vaksne med sosialhjelp som hovudinntekt.

- Risiko for regelbrot
- Risiko for manglande oppfølging av brukarar
- Risiko for manglande måloppnåing av FN sine berekraftsmål nr 3 om god helse og livskvalitet, nr. 4 om god utdanning, nr. 8 om anstendig arbeid og økonomisk vekst og nr. 10 om mindre ulikskap

Tal frå KOSTRA viser at det er ei auke i talet på sosialhjelpstilfelle på 2,1 til 2,8 % frå 2022 til 2023. Gjennomsnittet for kommunegruppa desse to åra er på 2,4 i 2022 og 3,0 i 2023. Vidare er gjennomsnittleg stønadstid for sosialhjelpstilfelle 5 månader i heradet samanlikna med eit gjennomsnitt på 4,3 månader i kommunegruppa for 2023.

Talet på mottakarar med sosialhjelp som hovudinntektskjelde er 37,6 % i Kvam herad samanlikna med 36,1 % i kommunegruppa.

Miljøretta helsevern



Det blir i intervju peika på at miljøretta helsevern er eit stort og utfordrande område i Kvam herad, og det er ein risiko for at ein ikkje får utført arbeidet godt nok, inkludert gjennomføring av planlagde tilsyn.

I årsmelding frå 2022 blir det opplyst om at det har vore arbeidd lite med miljøretta helsevern i 2022, at nokre saker som er meldt inn er løyst, men at det ikkje har vore utført planlagde tilsyn på området. Det blir også vist til eit ynskje og behov for ein samarbeidsavtale med kompetansemiljø innan miljøretta helsevern med nabokommunar, men at det ikkje har vore konkret framdrift på område i 2022.

Eit tidlegare tilsyn av heradet sitt arbeid med tilsyn med miljøretta helsevern i barnehagar og skular i 2019 påpeika svikt i heradet si styring av arbeidet med tilsyn på området med risiko for helse og trivsel til barn i barnehagar og skuleelevar. Tilsynsmyndigheita har vurdert at tiltaka som heradet sette i verk etter tilsynet var tilstrekkelege.

- Risiko for regelbrot
- Risiko for manglande systematisk tilsynsverksemd
- Risiko for manglande måloppnåing av FN sitt berekraftsmål nr. 3 om god helse og livskvalitet

Tenester til personar med nedsett funksjonsevne



Det blir framheva av fleire at dei opplever tenester til menneske med utviklingshemming som mangelfull og at pårørande i liten grad blir følgt opp av heradet. I budsjett for 2024 og økonomiplan 2024-2027 blir det vist til at det i heradet er vanskeleg å få nok avlastingsheimar for unge brukarar og at det er eit auka behov for brukarstyrt personleg assistent (BPA) og støttekontakt for menneske med nedsett funksjonsevne.

Det blir også stilt spørsmål ved om kvalitet i tenesta er tilfredsstillande i forsterka bufelleskap. Mellom anna blir det vist til utfordringar med å sikre tilstrekkeleg bemanning og kompetanse i forsterka bufelleskap, og at lokasjonane som blir nytta ikkje er eigna til å gi gode tenester for desse brukarane.

Det blir vidare peikt på at heradet har potensiale for betring når det gjeld samhandling i tenestene for denne brukargruppa.

Av tal frå Helsedirektoratet går det fram at det i 2021 og 2022 var høvesvis 12,7 % og 14,5 % av personar med psykisk utviklingshemming som har vedtak om dagaktivitetstilbod samanlikna med 33,4 % i 2021 og 2022 på landsbasis.

I Kvam herad sin habiliteringsplan (2020-2025) går det fram at heradet ikkje har ei total oversikt over brukarar med habiliteringsbehov. Det går vidare fram av årsmelding frå 2022 at det har vore ei auke i søknadar til avlastinga og at det grunna stort aldersspenn er utfordrande å planleggja og organisera gode tilbod.

- Risiko for regelbrot
- Risiko for manglande tilgang på bustadar
- Risiko for manglande samhandling
- Risiko for manglande dagaktivitetstilbod
- Risiko for manglande oppfølging av pårørande
- Risiko for utilstrekkeleg kvalitet i tenestene
- Risiko for manglande måloppnåing av FN sitt berekraftsmål nr. 3 om god helse og livskvalitet

Legetilbod



I årsmelding frå 2022 blir det vist til at Kvam herad i mange år har hatt eit stabilt fastlegekorps, men at heradet no opplever utfordringar med å rekruttera nye fastlegar til ledige heimlar. Det blir mellom anna vist til at heradet ikkje har greidd å rekruttera ny lege til ledig heimel ved Helsebanken legekantor. Utfordringane med å få dekkja behovet har ført til auka ressursbruk på innleige av fastlegevikarar.

- Risiko for manglande tilgjenge av fastlegar
- Risiko for manglande måloppnåing av FN sitt berekraftsmål nr. 3 om god helse og livskvalitet

Tal frå KOSTRA viser at det i 2020 og 2021 ikkje var pasientar på liste utan lege, men at dette bildet endra seg til høvesvis 8,5 % i 2022 og 6,8 % i 2023.

4.4 Plan og byggesak

Under eining for plan og byggesak ligg plan, byggesak, oppmåling og geodata og kommunegeolog.

Tabell 5: Identifiserte risikoområder knytt til plan og byggesak

Revisjonstema og identifiserte risikoar

Risiko- og vesentlegvurdering

Overordna planarbeid



I intervju blir det peika på utfordringar med planarbeidet i heradet, mellom anna at planar er for omfattande og manglar realisme. Samtidig blir det vist til at heradet har fleire utdaterte planar og manglande kopling mellom gjeldande planar og grunnlaget inn i budsjettarbeidet. Det blir også uttrykt bekymring for at temaplanar ikkje blir nytta aktivt som eit styringsverktøy, men i stor grad blir lagt til side etter dei er blitt vedtekne. Temaplanar blir det også uttrykt bekymring for at ikkje blir nytta aktivt som eit reiskap, men i stor grad blir lagt til side etter dei er blitt vedtekne.

- Risiko for manglande planar innan ulike tenestekområde
- Risiko for at planar ikkje blir nytta aktivt som styringsverktøy

Det blir også framheva av fleire at planarbeidet ofte tek for lang tid og at grunna at fleire vesentlege forhold endrar seg i langvarige planprosessar er planane nesten utdaterte når dei er ferdigstilt.

Plan- og byggesakshandsaming



I årsmelding frå 2022 går det fram at byggesaker i stor grad blir handsama i tråd med sakshandsamingsfristar i plan- og bygningslova, men at det er nokre avvik på enkelte byggesaker.

- Risiko for regelbrot
- Risiko for manglande kvalitet i tenesta

Tal rapportert frå heradet til KOSTRA viser at heradet si gjennomsnittlege sakshandsamingstid for byggesøknadar med 12 veker frist i 2023 var på 28 dagar (4 veker). I 2021 og 2022 var gjennomsnittleg sakshandsamingstid på høvesvis 66 og 60 dagar, altså under 12 veker. Gjennomsnittleg sakshandsamingstid i byggesaker med 3 veker frist var i 2023 på 12 dagar.

Det blir i undersøkinga stilt spørsmål ved kva som er årsaka til at Kvam herad har mange dispensasjonssaker og enkelte uttrykker bekymring for

om dispensasjonar frå arealplan blir tilstrekkeleg følgt opp med tilsyn i etterkant. KOSTRA-tal viser 17,7 % av innvilga byggesøknadar i heradet i 2023 medførte vedtak om dispensasjon frå plan. Gjennomsnittet for samanliknbare kommunar i kommunegruppa same året var på 18,1 % av innvilga byggesøknadar.

Tilsyn og ulovlegheitsoppfølging



Det er fleire som i undersøkinga peiker på at Kvam herad ikkje gjennomfører lovpålagde tilsyn etter plan- og bygningslova. Det blir mellom anna peika på at heradet ikkje har naudsynt kompetanse og kapasitet til å gjennomføre slike tilsyn. Vidare blir det også stilt spørsmål ved om heradet i tilstrekkeleg grad gjennomfører ulovlegheitsoppfølging og om pålegg om utbetring blir følgt opp i praksis.

- Risiko for regelbrot
- Risiko for manglande oversikt over og utbetring av ulovlege tiltak
- Risiko for manglande kompetanse og kapasitet

KOSTRA-tal for 2023 viser at heradet gjennomførte tilsyn med totalt 8 byggesaker i 2023 og 1 ulovlegheitsoppfølging ved ikkje omsøkt byggeverksemd. Samanliknbare kommunar hadde same året i snitt 266 byggesaker med tilsyn og 35 ulovlegheitsoppfølgingar ved ikkje omsøkt byggeverksemd.

4.5 Samfunn, næring og kultur

Under eining for samfunn, næring og kultur, ligg bibliotek, næring, landbruk, kultur og kino, kulturskule og folkehelse.

Tabell 6: Identifiserte risikoområde knytt til samfunn, næring og kultur

Revisjonstema og identifiserte risikoar

Risiko- og vesentlegvurdering

Kultur



Ifølgje KOSTRA-tal er netto driftsutgifter til kultursektoren i prosent av heradet si totale netto driftsutgifter på 3,8 % i 2022 og 3,9 % i 2023. Dette er relativt likt som gjennomsnittet for kommunegruppa (4,0 % i 2022 og 4,1 % i 2023).

I spørjeundersøkinga blir det framheva at det i heradet manglar gode fritidstilbod og møteplassar for barn og unge. I budsjett for 2024 og økonomiplan 2024-2027 går det fram at kulturskulen har 470 elevplassar og 96 elevar på venteliste. Det blir også peika på utfordringar knytt til samarbeid og eit behov for auka ressursar for å leggja gode planar for samarbeid som sikrar god kvalitet og kontinuitet i kulturskuletilbodet.

I årsmeldinga frå 2022 blir det opplyst om at Kvam herad har deltatt på eit pilotprosjekt saman med Bufdir om ordninga med fritidskort. I intervju blir det peika på at dette i stor grad har vore ein suksess.

Det går fram av intervju at heradet gir mange tilskot til frivillige organisasjonar og lag. Vidare blir det vist til at, sjølv og heradet opplever å ha gode og system og rutinar for å følgje opp tilskot, er det fleire døme på manglande dokumentasjon for tilskot til kulturinitiativ.

- Risiko for manglande tilbod til barn og unge
- Risiko knytt til forvaltning og oppfølging av tilskotsmidlar

4.6 Teknisk og informasjon

Teknisk og informasjon består av fellessekretariat, brann og redning, kommunalteknikk (renovasjon, VA, kommunale vegar og parkanlegg) og bygg og eigedom (forvaltning, drift og vedlikehald). Tekniske tenester og informasjon har også ansvar for informasjonstryggleik og arkivtenester.

Tabell 7: Identifiserte risikoområder knytt til teknisk og informasjon

Revisjonstema og identifiserte risikoar	Risiko- og vesentlegvurdering
Vatn og avløp (VAV)	
Det blir i undersøkinga vist til at heradet har eit stort etterslep når det gjeld fornying av vatn og avløpsrør, men at det dei siste åra har vore gjennomført fleire store prosjekt på område. I budsjett for 2024 og økonomiplan for 2024-2027 blir det peika på manglande personell til å gjennomføre og følgje opp kontroll av private avløpsanlegg og at det manglar ein plan for det systematiske arbeidet på dette område. Vidare blir det peika på risiko for at heradet ikkje klarer å gjennomføre nok prosjekt på VAV knytt til vedtekne politiske planar, som mellom anna skuldast omfang og manglande personell med kjennskap til kommunal infrastruktur. Når det gjeld overvatn blir det peika på at det i fleire område i heradet blir gjennomført saneringsprosjekt, men at det ofte er ei utfordring å få avklart om overvatn er eit kommunalt eller privat ansvar i det enkelte tilfelle. Nye krav frå EU i høve nytt avløpsdirektiv gjeldande frå 2027 kan medføre auka kostnader for heradet og ein risiko for omfattande investeringsbehov.	• Risiko for etterslep • Risiko for dårleg vasskvalitet • Risiko for manglande systematisk kontroll av private avløpsanlegg • Risiko for manglande vedtaksoppfølging • Risiko knytt til måloppnåing av FN sine berekraftsmål nr. 3 om god helse og livskvalitet og nr. 6 om reint vatn og gode sanitærforhald
Informasjonstryggleik og personvern	
Det blir i undersøkinga peika på informasjonstryggleik og personvern som risikoområde. Det blir mellom anna stilt spørsmål om system og rutinar er på området er gode nok, og i intervju blir det vist til personvernsvik innan barneverntenesta der opplysningar blei sendt til feil mottakar. I risiko og vesentlegvurdering frå 2022 blir det peika på at heradet har utarbeidd ein strategi for informasjonstryggleik, men at det blir stilt spørsmål ved om målsettinga blir nådd og om strategien er tilstrekkeleg kjent og tatt i bruk.	• Risiko for regelbrot • Risiko for datainnbrot og tap av verdiar • Risiko for at personopplysningar kjem på avvege
Brann og redning	

Det blir peika på at det i 2022 har vore arbeidd med ei risiko- og sårbarheitsanalyse innan brann og redning og at funn tydar på fleire forbettringspunkt.

I budsjett for 2024 og økonomiplan 2024-2027 går det fram at det framleis skjer store endringar på området og at det mellom anna blir arbeidd med å oppdatere risiko-, førebyggjande-, og beredskapsanalyse og, sørge for at innsatsstyrken er kompetent, utrusta og får gjennomført tilstrekkeleg øvingar. Det blir også arbeidd med å følgje opp gjeldande brannordning og gjennomføre førebyggjande brannvern.

I intervju blir det vist til at brannsikring av kommunale bustader er ei utfordring i heradet og at det har vore tilløp til brann ved fleire høve.

- Risiko for manglande handtering av alvorlege hendingar

4.7 Kommunale føretak

Kommunale føretak er omfatta av ordinær forvaltningsrevisjon. Kvam herad eig det kommunale føretaket Kvammabadet KF.

Tabell 8: Identifiserte risikoområder knytt til kommunale føretak

Kommunale føretak	Risiko- og vesentlegvurdering
Kvammabadet KF Kvammabadet KF er eit selskap som står for drift av badeanlegg til skule og ålmenta. Seksjonen til Kvammabadet KF utgjer saman med tilstøytane seksjonar eigd av Hardangerbadet Eigedom AS og Almeland Eigedom AS, opplevingssenteret Hardangerbadet. Når bassenganlegget ikkje er nytta til kommunale føremål, kan Kvammabadet KF leige ut anlegget til kommersiell drift. I årsmelding for 2022 går det fram at årsrekneskapen til Kvammabadet KF blei gjort opp med eit underskot på kr. 1 000 000 i 2021. I undersøkinga blir det peikt på at Kvammabadet KF har gått med underskot dei påfølgjande åra. I årsmeldinga for 2022 blir det peikt på at samarbeids- og driftsavtalen med Hardangerbadet AS og Hardangerbadet stadfestar i pkt. 6.3 i avtalen at dersom KF sin del av billettinntektene ikkje dekker KF sine kostnader til drift, forvaltning og vedlikehald av KF-seksjonen det aktuelle året, skal Hardangerbadet kvart år dekke det resterande etter påkrav frå Kvammabadet KF. I undersøkinga blir det derimot trekt fram at det er ei klar forventning frå eigarane av Hardangerbadet om at heradet skal dekke opp for underskot slik at årsrekneskapen til Kvammabadet KF skal gå i null. Kvammabadet KF har også eit viktig samfunnsansvar i arbeidet med å initiere fysisk aktivitet blant innbyggjarane og førebygge utanforskap gjennom aktivitet.	 • Risiko knytt til system og rutinar for økonomistyring • Risiko for manglande etterleving av samarbeids- og driftsavtale • Risiko knytt til system og rutinar for eigarskapsforvaltning • Risiko knytt til rapportering frå selskap

5 Risiko i heradet si eigarstyring og selskap

5.1 Innleiing

Basert på innsamla og analysert informasjon vil vi i dette kapittelet samanfatta og vurdere risiko knytt til heradet sin **eigarstyring** og i heradet sine **selskap**.

For å undersøka heradet sin **eigarstyring** blir det gjennomført **eigarskapskontroll**. Fokus er på heradet si forvaltning av eigarskapet (eitt eller fleire). Typiske risikoområde som blir undersøkt og vurdert i ein eigarskapskontroll inkluderer system og rutinar for oppfølging av eigarskap, rutinar for val av styremedlemmar, opplæring av styremedlemmar og rapportering til heradsstyret. Selskap som er omfatta av eigarskapskontroll er AS, IKS, kommunalt oppgåvefelleskap (KO) og samvirkeforetak (SA).

Dersom det er behov for å gjere nærare undersøking av sjølve selskapet kan det også gjennomførast **forvaltningsrevisjon** av selskapet. Då vil ein kunne gjennomføre forvaltningsrevisjon av selskapet si drift og tenester, til dømes om selskapet driv i samsvar med lover og reglar og på ein økonomisk forsvarleg måte. Det er også mogleg å kombinere eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon i selskap i ei og same undersøking. Figuren under gir ein illustrasjon av dei to formene for kontroll.

Figur 3 Eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon i selskap



I 5.2 blir det gitt ei oversikt over alle selskap heradet har eigarinteresser i. Vidare vil vi i 5.3 beskriva konkrete risikoområde knytt til heradet si eigarstyring og i heradet sine selskap, basert på innhenta data og oversikta over alle selskap i 5.2. Vurderinga av konkrete risikoområde i 5.3 er basert på påvist risiko gjennom intervju eller andre data, samt tema knytt til eigarstyringa, eller selskap, som enno ikkje er undersøkt i Kvam herad. I tillegg er det andre element av risiko og vesentlegheit som er teke med i vurderinga, mellom anna knytt til storleik på eigarandel, økonomi og føremål med selskapet. Desse elementa går fram av dei tre kolonnane lengst til høgre i tabellen i 5.2 og kan oppsummerast slik:

- Heileigde selskap**, eller selskap der Kvam herad har ein vesentleg eigardel
- Økonomisk risikoscore** – score basert på vurdering av tal for siste års inntening, soliditet, likviditet og effektivitet
- Økonomisk verdiskaping** - selskap som forvaltar vesentlege økonomiske verdier og/eller som kan gi økonomisk gevinst (utbyttmoglegheit) eller har tapspotensiale for heradet

- **Tenestetilbod til utsette brukargrupper** – til dømes VTA-bedrifter (varig tilrettelagt arbeid) og arbeidstreningsverksemder som tilbyr arbeidsplass til ei sårbar gruppe
- **Utviklingsarbeid** - selskap som driv med utviklingsarbeid for å bidra til å nå viktige kommunale målsetjingar, til dømes knytt til
 - bustadtilbod
 - helse
 - ansvarleg forbruk og produksjon
 - klima og/eller berekraft
 - infrastruktur
 - næringsliv
 - innovasjon
- **Samfunnskritiske tenester** - selskap som tilbyr samfunnskritiske tenester direkte til innbyggjarane, til dømes innan vatn, renovasjon og avløp (VAR), energi eller brann og redning

I alle heradet sine eigarskap, enten delen er stor eller liten, ligg det ein potensiell omdømmerisiko dersom selskapet ikkje driv i samsvar med lover og reglar. Det same gjeld dersom heradet sitt eigarskap ikkje blir ivareteke i samsvar med anerkjente prinsipp for god eigarstyring.

Det er viktig å understreke at risikovurderingane er skjønsmessige, og vurderingane er basert på tilgjengeleg informasjon. Kontrollutvalet kan vurdera risiko knytt til dei ulike områda som forskjellig frå det som er foreslått her. Det er difor kontrollutvalet som til slutt skal vurdere og prioritere dei ulike områda, og avgjere rekkefølge for forvaltningsrevisjonsprosjekt og eigarskapskontrollar i dei planane som blir lagt fram for heradsstyret.

Det må takast atterhald om at ikkje all informasjon som kjem fram er verifisert av leiinga i heradet eller i selskapa det gjeld.

5.2 Oversikt over heradet sine eigarskap

Kvam herad har eitt heileigd selskap, eigarinteresser i fire selskap saman med andre kommunar og/eller fylkeskommunar, og eigarinteresser i fem selskap der det også er private og/eller statlege eigarar. Heileigde og deleigde selskap saman med andre kommunar kjem inn under kommunelova §§ 23-6 og 24-10. Desse selskapa har Kvam herad full innsynsrett i og kan gjennomføre forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av.

Selskap heradet eig saman med andre ikkje-kommunale aktørar kjem ikkje inn under innsynsretten etter kommunelova §§ 23-6 og 24-10. Dette er ofte aksjeselskap med innslag av private eller statlege eigardelar eller samvirkeforetak. Det kan gjennomførast eigarskapskontroll av slike selskap (sidan dette handlar om heradet sin forvaltning), men for å gjera forvaltningsrevisjon som krev innsyn i selskapet må dette skje ved at styret i selskapet samtykkjer til innsyn.

Tabellen under gir ei oversikt over selskapa heradet har eigarskap i, med informasjon om bransjen selskapet er ein del av, selskapet sitt føremål og heradet sine mål med eigarskapet, heradet sin eigardel, vurdert økonomisk risikoscore og aktuelle nøkkelpunkt som seier noko om ibuande risiko og vesentlegheit. Talgrunnlaget for risikoscoren, samt utfyllande informasjon om selskapa ligg i eigne tabellar i vedlegg 1.

Tabell 9 Oversikt over selskapa heradet eig eller har eigardelar i

Selskap	Bransje	Føremål/mål med eigarskap ²	Eigar-del	Økonomisk risikoscore ³	Annan aktuell risiko
Kvam Energi AS	Energiforsyning	Forvaltar store økonomiske verdier i tillegg til generell samfunnsnytte, arbeidsplassar og beredskap lokalt.	100 %	3,91	• Heileigd selskap • Samfunnskritiske tenester • Økonomisk verdiskaping
Hardanger AKS AS	Arbeidsinkludering	Hardanger AKS er ei kompetanseverksemd der arbeidsinkludering og opplæring er den primære målsettinga. Verksemda skal bidra til å auke opplevinga av eigen livskvalitet for alle tilsette og skape eit inkluderande miljø for læring og kvalifisering gjennom målretta- og metodisk rettleiing, deltaking og opplæring innan produksjon av varer og tenester. Verksemda skal styrke den enkelte sin moglegheit i det ordinære arbeidslivet, og skape varige arbeidsplassar for dei som ikkje kan gjera seg nytte av ordinære arbeidstilbod.	48,1 %	3,75	• Tenestetilbod til utsette brukargrupper
Hardangerrådet IKS	Politisk samarbeid	Hovudoppgåva er å styrkja regionen gjennom større grad av forpliktande samarbeid. Samarbeidet skal leggja til grunn deltaking frå likeverdige partar og skal vera eit supplement og ei støtte til kommunane si eiga verksemd.	34 %	3,60	• Utviklingsarbeid
Visit Hardangerfjord AS	Turisme	Selskapet samordnar reiselivsmarknadsføring i Hardangerregionen og gjennomfører tiltak som kan bidra til å styrke reiselivsnæringa i regionen.	6,89 %	2,42	• Utviklingsarbeid
Vann Vest AS	Vatn og avlaup	Kompetansesenter for vass- og avlaupstenester, med tenester og produkt som driftsassistanse eller driftsansvar, kvalitetssikring, analyseverksemd, opplæring, erfaringsutveksling og informasjonsverksemd.	4,34 %	3,10	• Samfunnskritiske tenester
Hardanger og Voss Næringshage AS	Næringsutvikling	Fremja næringsutvikling og vekst i regionen.	4,19 %	3,86	• Utviklingsarbeid

² Ein del selskap har lange føremål. For desse gir tabellen ei kort versjon, medan føremål slik det kjem fram i eigarskapsmeldinga er å finne i tabellane med meir informasjon om selskapet i vedlegg 1.

³ Skala frå 1-5, der 1 er lågaste mogelege poengsum og 5 er høgaste mogelege poengsum.

Interkommunalt arkiv i Hordaland ISK	Arkivtenester	Samarbeid med andre kommunar for å sikra at verdifullt arkivmateriale i deltakarkommunane blir tatt vare på og sikra som informasjonskjelder for samtid og ettertid, og gjort tilgjengeleg for offentleg verksemd, forskning og andre administrative og kulturelle formål, jf. arkivlova § 6	3,63 %	NA	• Samfunnskritiske tenester
Eviny AS	Energiproduksjon	Produksjon, overføring, distribusjon og omsetting av energi samt annan verksemd knytt til desse områda.	0,9 %	4,22	• Samfunnskritiske tenester • Økonomisk verdiskaping
BIR AS	Renovasjons-selskap	Kvam heradsstyre vedtok i sept. 2003 at Kvam skulle gå inn som medlem i BIR (sak 032/04), HST- 095/03. Hovudføremålet er politisk då BIR AS utfører heradet si lovpålagte innsamling, transport og handsaming av hushaldnings- og næringsavfall, samt produksjons-, nærings- og spesialavfall.	0,33 %	3,49	• Samfunnskritiske tenester
Kommunekraft AS	Handel med elektrisitet	Formidle aksjeeigarane si disponible kraft, som konsesjonskraft, og drive anna verksemd knytt til slik formidling.	0,313	-	• Økonomisk verdiskaping
E134 Haukelivegen AS	Infrastruktur	Arbeider for å fremja Hordalandsdiagonalen, og få ei løysing som gjev stort mogleg nytte for Kvam.	0,02 %	3,84	• Utviklingsarbeid
Biblioteksentralen SA	Bibliotektenester	Er eit serviceorgan for offentlege bibliotek. Biblioteksentralen har til oppgåve å vere hovudleverandør av produkt og tenester til bibliotek og liknande institusjonar.	0,002 %	-	• Tenester til innbyggjarar
LL Det norske Teateret	Kunst og kultur	Å fremja nynorsk.	-	-	• Utviklingsarbeid
Tørvikbygd vasslag SA	Distribusjon av vatn	Leveranse av vatn til kommunale institusjonar i Tørvikbygd	-	-	• Samfunnskritiske tenester
Vikøy vasslag SA	Distribusjon av vatn	Leveranse av vatn til kommunale funksjonar i Vikøy	-	-	• Samfunnskritiske tenester

5.3 Oversikt over identifiserte risikoområde knytt til heradet sine eigarskap og i selskapa

I Kvam herad er det rådmannen som har ansvaret for den løypande administrative oppfølginga av heradet sitt eigarskap. Heradsstyret vedtek heradet sin eigarpolitikk gjennom at dei mellom anna handsamar eigarmelding, vedtar eigarstrategiar og utpeiker styremedlemmar.. Formannsskapet innstiller til heradsstyret i saker som handlar om heradet som eigar og gjennomfører eigarmøte med selskap og føretak. Heradet har ei eigarmelding for 2020-2023, vedtatt av heradsstyret i 2020, samt ein eigarstrategi 2023-2024, vedteke av heradsstyret 09.12.2022.

Under presenterer vi vurderingane der det er risiko for at heradet ikkje utøver tilstrekkeleg kontroll med selskapa i samsvar med etablerte normer for god eigarstyring og selskapsleiing, både overordna sett og for enkelte selskap der heradet har eigarinteresser. I tillegg blir det kommentert om det er identifisert risiko knytt til einskilde selskap.

Tabell 10: Identifiserte risikoområde i kommunens eigarskapsforvaltning og i heradet sine selskap

Område/selskap og identifiserte risiko	Risiko- og vesentlighetsvurdering
Overordna eigarskapsforvaltning i Kvam herad (eigarskapskontroll) Kvam herad skal i samsvar med kommunelova § 26-1 utarbeide ei eigarskapsmelding. Heradet si eigarmelding blei utarbeidd i 2020, og her kjem det fram informasjon om Kvam sine eigarskap i aksjeselskap, interkommunale selskap, stiftingar og andre organisasjonar. Undersøkinga viser at svak eigarstyring er eit av risikoområda i kommunen. I ein overordna eigarskapskontroll av heradet si eigarskapsforvaltning kan det vere aktuelt å sjå på fleire område: • Prosedyrar og rutinar for utarbeiding av eigarskapsmelding og eigarstrategi • Prosedyrar og rutinar for val av styremedlemmer i selskap heradet har eigarinteresse i • Etikk, habilitet og antikorrupsjon • Kommunikasjon og dialog mellom kommunen som eigar og selskapa • Rapportering om kommunens eigarskap til folkevalde organ • Prosedyrar og rutinar for utbetaling av utbytte • Samfunnsansvar, klima og berekraft	 • Risiko for manglande system og rutinar for utarbeiding av eigarstrategiar • Risiko for manglande system og rutinar for oppfølging av eigarskap • Risiko for manglande system og rutinar for rapportering til folkevalde organ
Hardanger AKS (Eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon) Hardanger AKS er ei kompetanseverksemd som leverer viktige tenester til brukarar med behov for tilrettelagt arbeid. Det blei gjennomført ein forvaltningsrevisjon av selskapet i 2016. Av revisjonen blei det avdekka fleire avvik, mellom anna at Kvam herad ikkje hadde hatt ei tydeleg og formell eigaroppfølging av selskapet. Vidare blei det avdekka ein rekke manglar nytt til internkontroll i selskapet. I intervju blir det påpeikt at det hadde vore nyttig med ei oppfølging av revisjonen ettersom avvika som var avdekka var alvorlege.	 • Risiko for manglande system og rutinar for eigarskapsforvaltning • Risiko for manglande rapportering frå selskap • Risiko for manglande oppfølging av mål og krav • Risiko for manglande system og rutinar for val av styre • Internkontroll i selskapet

I undersøkinga blir det understrekt at Kvam har tatt tak i utfordringane knytt til Hardangar AKS, og at heradet har jamlege eigarmøte med selskapet.

Kvam Energi AS (eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon)



Kvam energi driv med energiforsyning og energiøkonomisering. Dette betyr at selskapet produserer energi, kjøper og sel energi, eig og driv overføringsanlegg og syter for ei rasjonell og sikker energiforsyning.

Det er ikkje framheva særskilte risikoar knytt til selskapet i undersøkinga, men selskapet driv samfunnskritisk infrastruktur og er heileigd av kommunen. Det blir likevel stilt spørsmål ved om korleis heradet følgjer opp sitt eigarskap på bakgrunn av manglande oppfølging av egne rutinar i selskapet.

- Risiko for manglande system og rutinar for eigarskapsforvaltning
- Risiko for manglande rapportering frå selskap
- Risiko for manglande oppfølging av mål og krav
- Risiko for manglande system og rutinar for val av styre
- Internkontroll i selskapet

Selskapet har også eit viktig samfunnsansvar i arbeidet mot eit meir klimavenleg og berekraftig samfunn.



6 Forslag til forvaltningsrevisjonsprosjekt og eigarskapskontrollar

På bakgrunn av dei analysar og risikovurderingar som er gjennomførte, er det identifisert fleire område som etter Deloitte si vurdering kan representere høg risiko, og kor kontrollutvalet bør vurdere å gjennomføre forvaltningsrevisjonsprosjekt i Kvam herad.

Forslaget dannar grunnlag for prioriteringa som kontrollutvalet skal gjere. Kontrollutvalet står fritt til å leggje til og endre på prosjekta som er skissert under. Prosjekta under er delt mellom dei som er vurdert med høg risiko (raude) og dei som er vurdert med middels risiko (gule). Det er ikkje gjort noko prioritering innbyrdes mellom desse.

6.1 Oversikt over prosjekt med høg risiko (raude)

Tabell 11: Prosjekter med høg risiko (raude)

Prosjekt	Aktuelle revisjonstema
Internkontroll	- Risikovurderingar i tenestene - Praksis knytt til melding av avvik og oppfølging av avvik - Kompetanse om HMT-arbeid
Saksførebuing og vedtaksoppfølging	- Kvalitet i saksførebuinga - Iverksetting og oppfølging av politiske vedtak - Samhandling mellom politisk og administrativt nivå
Anskaffingar og kontraktsoppfølging	System, rutinar og praksis knytt til anskaffingar og kontraktsoppfølging
Tilpassa opplæring og spesialundervisning	- Vedtak om og gjennomføring av spesialundervisning - Arbeid med tilpassa opplæring og tidleg innsats
